# Vestnes kommune


Foto: Bente Hagen Daum

# Årsmelding 2015


Foto: Christian Nakken

# INNHALD:


| | | | |
|---|---|---|---|
| Side | 4 | | Innleiing ved administrasjonssjefen |
| Side | 5 | | Organisasjonskart |
| Side | 6 | Kap 1 | Vestnes kommune som arbeidsgjevar |
| Side | 13 | Kap 2 | Sentraladministrasjonen og servicekontoret |
| Side | 19 | | Oversikt politiske møte 2015 |
| Side | 20 | Kap 3 | Barnehagane |
| Side | 27 | Kap 4 | Grunnskulen |
| Side | 35 | Kap 5 | Barne- og ungdomstenestene |
| Side | 43 | Kap 6 | Vaksenopplæring og flyktningteneste |
| Side | 47 | Kap 7 | Kultur og fritid |
| Side | 57 | Kap 8 | Helse, omsorg og velferd |
| Side | 67 | Kap 9 | Bu- og habiliteringstenestene |
| Side | 77 | Kap 10 | Tekniske tenester |
| Side | 83 | Kap 11 | Eigedomsdrift |
| Side | 87 | Kap 12 | Økonomi og rekneskap |
| Side | 103 | Kap 13 | Oversikt over prosjekt |

# INNLEIING VED ADMINISTRASJONSSJEFEN

Bileta på framsida viser den største og stoltaste hendinga i 2015:

*Ferdigstilling av Tresfjordbrua!*

Hendinga vart feira med mange ulike arrangement over heile kommunen.

Politisk vart nok 2015 prega av kommuneval og kommunereform.
Nytt kommunestyre vart konstituert 15.oktober 2015. Geir Inge Lien (SP) vart attvald som ordførar. Randi Bergundhaugen (H) vart vald som varaordførar.

Lesaren av denne årsmeldinga vil få eit innblikk i kor omfattande den kommunale organisasjonen er og kor mangearta oppgåvene er. Kommunen gir tenester til innbyggarane over eit breitt spenn frå svangerskap til livets siste dagar. Leiarar, tilsette og tillitsvalde syner stort fagleg engasjement, og organisasjonen blir i stor grad utfordra i utprøving av nye arbeidsmåtar. Dette går igjen i alle sektorar og einingar. Oversikt over prosjekt er å finne i siste kapittel i årsmeldinga.

Den økonomiske situasjonen i 2015 vart både på administrativt og politisk nivå prega av den vanskelege budsjettsituasjonen som oppstod då det seinhaustes 2014 vart klart at Vestnes kommune fekk trekk i rammeoverføringane for 2015 grunna redusert arbeidsgjevaravgift. Den reduserte avgifta skulle berre kome det private næringslivet til gode. Dette gjorde at kommunestyret måtte legge det meste av overskot frå 2014 inn i driftsbudsjettet for 2015. Samla kan ein seie at driftsbudsjettet vart så stramt at det knapt var heilt realistisk.

Hausten 2015 vart det i tillegg klart at kommunen ville få tap på finansforvaltninga av kapitalfondet. Samla sett vart dette ein krevjande situasjon.

Ein stor dugnadsinnsats i heile organisasjonen gjorde at vi greidde å unngå å dra med eit underskot vidare inn i drifta i 2016. Samarbeidet mellom kommunestyre, administrasjon og tillitsvalde har vore framifrå i ein vanskeleg situasjon..

Av faglege og administrative utfordringar vil administrasjonssjefen i år peike på behovet for at tenestene framfor alt har brukarfokus, og at tilsette og leiarar greier å samarbeide på tvers av organisatoriske skiljelinjer. Leiarar og tilsette må i endå større grad arbeide nettverksorientert og horisontalt/på tvers i tillegg til vertikalt. Særleg gjeld dette overfor innbyggarar med samansette behov. Kor vidt vi lukkast med dette vil avgjere kor gode tenestene våre blir i åra framover. Administrasjonssjefen vil ha fokus på dette også dei komande åra.

Vestnes, april 2016

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

# VESTNES KOMMUNE - ORGANISERING



# KAP 1 VESTNES KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR

Dette kapitlet omhandlar alle fagområda for Vestnes kommune som arbeidsgjevar.

## 1.1 IA avtalen

Vestnes kommune har vore IA bedrift sidan 2003. Å vere IA-bedrift inneber at kommunen kan nytte seg av dei ordningane som ligg i avtalen, men også at kommunen har klare plikter.

Mål for 2015: Reduksjon av sjukefråveret frå 9,9 % i 2014 til 9 % i 2015.
Fråveret i 2015 var 9,7 %. Sjølv om vi ikkje nådde målet så vart fråveret redusert for kvar termin i 2015.

Samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv bygger på IA-avtalen for 2014 – 2018 og har som overordna mål å betre arbeidsmiljøet, styrke jobb-nærværet, førebygge og redusere sjukefråvær, samt hindre utstøyting og fråfall i arbeidslivet.

Vestnes kommune vil i 2015 og 2016 velje å ha fokus på delmål 1 i mål- og handlingsplanen som er å redusere sjukefråværet. Både på det administrative og politiske nivået har det vore fokus på tiltak som kan redusere fråværet.

## 1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

Den nye **Samarbeidsavtalen,** om eit meir inkluderande arbeidsliv **for perioden 2014-2018,** inneber forenklingar i regelverket for oppfølging av sjukmeldte. Det tidlegare sanksjons-regimet er fjerna slik at arbeidsgjevarane kan bruke meir av tida på oppfølging på arbeidsplassen.

Dei tre delmåla i IA-avtalen er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne
3. Avgangsalder.

I mål- og handlingsplan for 2015 – 2016 skal det prioriterast å fokusere på delmål 1) sjukefråvær.

Systematisk oppfølging av sjukemeldte kan føre til at sjukefråværet går ned på sikt. Ved langvarig høgt sjukefråvær må ein sjå nærare på både strukturelle og kulturelle faktorar i organisasjonen og ha ei tilnærming som er prega av løysingsorientering.

**Sjukefråværet i 2015 er framleis høgt, men med ein liten nedgang frå 9,9 % til 9,7 %. Sjølv om målet om nedgang i sjukefråværet ikkje er nådd, har fleire einingar hatt ei positiv utvikling.**

# Sjukefråvær 2015

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan ha høg fråværsprosent med t.d. èin tilsett i langtidsfråvær).

| Fråversprosent 2010 | Fråversprosent 2011 | Fråversprosent 2012 | Fråversprosent 2013 | Fråversprosent 2014 | Fråversprosent 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| 9,5 | 9,9 | 8,6 | 9,8 | 9,9 | 9,7 |

| Totalt for kommunen | Barns sjukdom | Eigenmeldt sjukefråvær | Legemeldt sjukefråvær | Sjukefråvær Heile 2015: 9,7% | Sjukefråvær heile 2014: 9,9 % |
|---|---|---|---|---|---|
| Eining for eigedomsdrift | 0,1 | 0,7 | 1,1 | 1,9 | 2,2 |
| Tekniske tenester | 0,1 | 0,4 | 2,0 | 2,5 | 5,1 |
| BUT | 0,3 | 0,9 | 5,4 | 6,6 | 4,1 |
| Heimetenestene | 0,1 | 1 | 8,9 | 10 | 12,5 |
| Sjukeh/Trygdeh/sent.kj | 0,2 | 1,1 | 10 | 11,3 | 13,1 |
| Hellandtunet | 0,1 | 1 | 9,1 | 10,2 | 16 |
| Bu- og habilitering | 0,1 | 1,2 | 12,8 | 14,1 | 12,5 |
| Kulturskule/bibl/frivillig | 0,1 | 0,2 | 6,1 | 6,4 | 8,1 |
| Helland skule/SFO | 0,2 | 0,8 | 6,3 | 7,3 | 6,2 |
| Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage Skorgen barnehage | 0,2 | 1 | 9,1 | 10,3 | 11 |
| Tomrefjord skule/SFO | 0,2 | 1 | 5,7 | 6,9 | 7 |
| Fiksdal Oppvekstsenter | 0 | 1 | 8,3 | 9,3 | 5,1 |
| Helland barnehage | 0,4 | 1,5 | 10 | 11,9 | 13,7 |
| Tomrefjord barnehage & Gardstunet barnehage | 0,6 | 2,4 | 6,2 | 9,2 | 10 |
| Legesenter, servicekontor, NAV kommune | 0,2 | 1,1 | 2,9 | 4,2 | 9,1 |
| Sentraladm. | 0,1 | 1,1 | 4,5 | 5,7 | 5,2 |

## 1.3 Pensjon

| Pensjonstype | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Alderspensjon | 17 | 11 | 8 | 8 | 10 | 16 | 18 |
| AFP | 6 | 7 | 2 | 11 | 10 | 13 | 10 |
| Uføre-/attføringspensjon KLP | 20 | 21 | 38 | 21 | 19 | 36 | 32 |

Talet på tilsette som tek ut alderspensjon og AFP har auka i 2015 og begge dei to føregåande åra.

Av dei som tok ut AFP, var det 7 som tok ut heil AFP. Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er omtrent på same nivå som i 2014. Av dei 32 som søkte fekk 17 delvis uførepensjon.

## 1.4 Verneteneste

Vestnes kommune er delt inn i 29 verneområde med eitt verneombod for kvar verneområde. Til å leie verneomboda er det vald eit hovudverneombod. Hovudverneombodet (HVO) har frikjøp av tid og har kontortid 12.00-16.00 èin dag pr veke. HVO har kontor i 3.etasje på rådhuset. HVO har to møte i året med sine verneombod. HVO deltek i AMU og gjennomgår alle innmeldte merknader i samband med vernerundar før dei går til vidare handsaming i ande fora. Alle verneomboda får opplæring. HVO er Kirsti Synnøve Skjegstad.

## 1.5 Tillitsvalde

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar. Av desse har 4 organisasjonar personar med frikjøp av tid. Det er faste månadlege møte mellom administrasjonssjefen og organisasjonane. Møta vert haldne første torsdag kvar månad.

## 1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

Frå 2015 fekk kommunen STAMINA som ny BHT leverandør. STAMINA er både landsdekkjande og lokal aktør.

I 2015 hadde BHT fylgjande oppdrag;

- **Systematisk HMS**
  Planleggingsmøte med ulike avdelingar/ Periodiske oppdragsrapportar / deltaking risikovurdering ved bueining Kariplassen/ Info om nytt i AML/ Deltaking AMU-møte/ Møte i samband med Vo-kurs/ Info til driftsleiarar.
- **Sjukefravær**
  «Møteplassen» deltaking.
- **Arbeidshelse**

Røykdykkartester/ Legekontroll røykdykkarar/ Legekontroll driftseining /Vaksiner arbeidstakarar/Rapportar

- **Ergonomi**
  Arbeidsplassvurderingar / Oppfølging av sjukmeldte/ Innlegg på personalmøte /Funksjonsvurdering /Rapportarbeid
- **Psykososialt miljø**
  Kartlegging og oppfølging av konfliktsak på arbeidsplass
- **Fysisk/ kjemisk miljø**
  Muggsoppoppdrag
- **Kurs/undervisning**
  Førstehjelp Helland og Skorgen barnehagar

## 1.7 Varsling/konflikthandtering

Kommunen har utarbeidd rutine for varsling og konflikthandtering. Rutinane er slått opp på alle arbeidsplassar. Kommunen har ikkje hatt varslingssaker i 2015.

## 1.8 Avvik/ skademeldingar

I 2015 er det meldt inn 41 skade-/tilløp til skadar på personell. Ein liten auke frå året før. Av desse var 9 til legebehandling og skadane medførte totalt 14 dagars fråvær. Meldingane blir behandla i AMU. Elektroniske avviksmeldingar: 9 stk .

Hausten 2015 har blitt brukt til gradvis implementering av RiskManager, avviksmodulen.

## 1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter kommunelova § 48 skal kommunen i årsmeldinga "*redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.*"

**Tal på tilsette i Vestnes kommune**
Tal på kvinnelege og mannlege tilsette er omlag uendra frå 2014 til 2015. Det gledelege er at fleire kvinner no har heil stilling, samanlikna med 2014.

| Kjønn | Årsverk 2013 | Årsverk 2014 | Årsverk 2015 |
|---|---|---|---|
| Kvinner | 467 | 486 | 486 |
| Menn | 108 | 108 | 106 |
| Sum | 575 | 594 | 592 |

**Deltid**
Totalt er det tilsett 460 personar i deltidsstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2014 til 2015 har det vore eit auka tal på kvinner i fulltidsstillingar.

**Stillingsprosent**

| | Menn | | | Kvinner | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2013** | **2014** | **2015** | **2013** | **2014** | **2015** |
| **Fulltid** | 82 | 74 | 75 | 211 | 233 | 237 |
| **Deltid** | 49 | 57 | 50 | 412 | 421 | 410 |
| **Totalt** | 131 | 131 | 125 | 623 | 654 | 647 |

**Likestilling**
Kvinner utgjer 83,7 % av dei tilsette. Vel 2,5 % av dei har leiande stilling. Menn utgjer 16,2 % av dei tilsette. Her har 4,8 % leiande stilling.

| Kjønnsbalanse | | | Sum kvinner og menn |
|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | |
| **Totalt** | 125 | 647 | 772 |
| **Leiarnivå** | 6 | 16 | 22 |

## 1.10 Betryggande kontroll og høg etisk standard

Etter kommunelova §48 skal årsmeldinga omtale følgjande forhold:
*5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten…... Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å* ***sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten****.*

Vestnes kommune sine "**Etiske retningslinjer**" vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Kommunen har eigne interne retningslinjer for "***Handtering av inhabilitet i administrasjonen***".

Ein høg etisk standard er målet i all tenesteyting. Det vert mellom anna arbeidd med dette på følgjande måtar:

**I skulane og barnehagane**
Det er utarbeidd system for gjennomgang av teie- og opplysningsplikt og for ivaretaking av personvern og korrekt handtering av informasjon. Dette er også tema på personal- og leiarmøte.

- Det er utvikla system for medverknad, t.d. medarbeidar-, føresette- og barne-/elevsamtalar.
- Det er oppretta refleksjonsgrupper.  Desse gruppene arbeider etter ein bestemt metode og kan nyttast til ulike problemstillingar, også etisk refleksjon.

**I teknisk sektor**
Leiar oppgir følgjande som fokusområde for kontroll og høg etisk standard:

- At vi som tilsette har stor kontaktflate med innbyggarane/brukarane og difor må vere bevisste på å fremje positiv omtale av kommunen og kvarandre.

- At vi i vårt arbeid er bevisste på at også "svake partar" får sin rett på linje med andre, når vi rådgjev og utøver vårt mynde.
- At vi brukar anskaffelseslova, forskrifter og rammeavtalar ved innkjøp og investeringar.
- At vi forvaltar samfunnet sine fellesmidlar og må ha høg etisk standard på arbeidet vårt.
- At det kan vere delte meiningar om politiske vedtak og rammer/prioriteringar, men at kommunestyrevedtak skal følgjast opp lojalt så godt som råd er.
- At våre haldningar og vår måte å opptre på er viktige faktorar for å skape tillit – både i innbyggjarane sitt forhold til kommunen og oss tilsette i mellom.

**I eining for eigedomsdrift**
Det er fokus på at
- Ved innkjøp skal vi bruke rammeavtalar og innkjøpsavtalar der det føreligg. I andre tilfelle skal anskaffingar av varer og tenester vere i samsvar med lov om offentlige anskaffelser med tilhøyrande forskrift.
- Ein har praksis for å diskutere eller konsultere ein kollega eller leiar i saker eller på område der den einskilde har "stor" mynde til å avgjere noko, eller i tilfelle der det er ope for skjønnsmessige vurderingar.
- Ein skal følgje saksbehandlingsreglane i aktuelle lover.

**Barne- og ungdomstenestene**
Barne- og ungdomstenestene har 3 til dels kryssande lovverk å halde seg til. Alle lovverka inneber streng teieplikt. Dei tilsette tek dette på stort alvor, og dette inneber drøftingar og refleksjonar av prinsipiell og etisk karakter. Tenesta har stort fokus på forsvarlegheitskravet og har fått rettleiing frå Fylkesmannen i desse avklaringane.

**Pleie- og omsorg**
I pleie- og omsorg er det etablert ulike sekvensar der etiske dilemma vert drøfta. Dette i personalmøte eller ved oppsette faste temasekvensar utanom . Frå før har nokre einingar teke i bruk **"Etikkhandboka"** utgitt av Kommuneforlaget. Her ligg det også "refleksjonskort" med etiske problemstillingar.

I tillegg har Vestnes kommune utarbeidd eigne refleksjonskort, og desse er tekne i bruk. Kommunens eigne refleksjonskort er utarbeidd for refleksjonar kring sjukefråvær/nærvær og arbeidsmiljøet på arbeidsplassen. Fleire einingar rapporterer om at dei vil ta i bruk refleksjonskorta på ein meir systematisk måte enn før.

## 1.11 Rekruttering og kompetanse

Kommunen har gjennom opplæringskontoret delteke i yrkesmesse, og vi legg opp til å ha ei meir aktiv rolle inn mot rekruttering i 2015, der kommunen sjølv deltek.

I tabellen nedanfor er det teke med kompetansegjevande opplæring i 2015 for tilsette i Vestnes kommune.

| Kompetansegjevande opplæring- vidare og etterutdanning | Antall tilsette |
|---|---|
| Logopedutdanning 4 år | 1 |
| Desentralisert barnehagelærarutdanning | 2 |
| Matematikk 1 | 3 |
| Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta | 2 |
| Rehabilitering | 1 |

| | |
|---|---|
| Miljøarbeid og tverrprofesjonalitet | 1 |
| Miljøterapi/demensomsorg | 1 |
| Trygg legemiddelhandtering | 2 |
| Sjukepleiarutdanning | 3 |
| Helsefagarbeidar - lærling | 3 |
| Helsefagarbeidarutdanning – 8 ferdig 2015, 19 under utdanning | 27 |
| SOR-kurs – meistring og mangfald | 85 |
| Opplæring helse- og omsorgstenestelova | 55 |
| Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning | 3 |
| Barne- og ungdomsarbeidar lærling | 2 |
| Barne- og ungdomsarbeidar - privatist | 2 |

## 1.12 Medarbeidarundersøking

Det blir gjennomført medarbeidarundersøking annakvart år. Neste blir i 2016.

# KAP 2 SENTRALADMINISTRASJON OG SERVICEKONTOR




**Vestnes rådhus**

## 2.1 Oversikt over sektoren

**Servicekontoret:**
Postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord og kundemottak, eigedomsskattekontor, bustøttekontor.

**Sentraladministrasjonen:**
Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg). Stilling som folkehelsekoordinator vart teken bort.

Vestnes kommune har inngått avtale med Molde kommune om rekneskapstenester og skatteoppkrevjing. Vestnes kommune har inngått samarbeid med kommunane Rauma, Aukra, Midsund og Molde på IKT-området. Molde kommune er vertskommune for samarbeidet. Nesset, Eide og Fræna vurderer å slutte seg til dette samarbeidet.

## Tal på tilsette

| | Tal Årsverk 2014 | Tal Årsverk 2015 | Ev. merknader |
|---|---|---|---|
| Sentraladministrasjonen | 12,2 | 12,4 | |
| Servicekontor | 7,2 | 6,86 | |

## 2.2 Resultatmål

**Sentraladministrasjonen**

| Målområde | Styringsindikatorar | Status 2015 | Mål 2016 |
|---|---|---|---|
| **Teknologi/IKT** | • Min Vakt/min timeplan – bruk av programmet i fleire einingar<br>• Andel tilsette som har tilgang til bruk av RiskManager avvikssystem<br>• Andel bruk av RiskManager HMS | PO+skule<br>30<br>0 | barnehage<br>100<br>100 |
| **Brukarar/elevar/ pasientar –** | Ingen brukarundersøkingar på området | | |
| | Andel dagsverk med sjukefråver servicektr/sentr.adm:<br>• Eigenmeldt<br>• Legemeldt<br>**Andre forhold i organisasjonen 2015:**<br>• Antal brannøvingar rådhuset<br>• Antal regulerbare kontorpultar (HMS) rådhus<br>• Antal saksbehandlarkurs<br>• Andel avklarte sjukepengerestansar mot NAV | **1,1**<br>**4,5**<br>1<br>4<br>0<br>100 | **0,5**<br>**2,0**<br>1<br>1<br>2<br>100 |
| **Økonomi** | • økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) | -1,4 | 100 |

**Servicekontoret**

| Målområde | Styringsindikatorar | Mål 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/ IKT** | Utarbeide rutinebeskrivelsar for arbeidsoppgåver/system<br><br>Avlevering personsensitivt arkiv til IKA (Vergemålsarkiv, MORS, klientarkiv barnevern og PPT)<br><br>Visma Enterprise – KommFakt -<br><br>ROR IKT – bestillarutval også lokalt<br><br>Tilskot tilpasning (Husbanken)<br>Tilskott etablering (Husbanken) | Utarbeide 10 stk. rutine-beskrivingar<br><br>Gjennomføre avleveringar av personsensitivt arkiv<br><br>Sette av tid til internopplæring<br><br>Opprette lokalt bestillarutval<br><br>Tildele pott<br>Tildele pott | I arbeid<br><br>Avlevert personsensitivt arkiv-klientarkiv PPT / helsekort (8 hyllemeter)<br><br>Ikkje brukt nok tid til dette.<br><br>Ikkje gjennomført | Ta i bruk dok.modul i RiskManager<br><br>Avlevere vergemålsarkiv, klientarkiv, barnevern, MORS<br><br>Opprette lokal digitaliserings-gruppe |
| **Brukarar/ innbyggar “opplevd kvalitet”** | Kvalitet på nett<br>Med ny nettside i 2015<br>(Målt med antal stjerner der 6 er best) | Oppstart arbeid med ny portal<br>ROR IKT | Arbeidsgruppe er nedsett i ROR-ikt | Arbeide vidare med prosjektet – lage kravspek |
| **Sak- arkiv system** | Nytt sak- arkivsystem med noark 5 kjerne for å tilfredsstille krav til lagring og digital kommunikasjon med innbyggarane.<br>Gjeld alle ROR-ikt kommunane | | | Lage kravspek |
| **Teneste<br><br>“objektiv kvalitet”** | Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist:<br>• Bostøtte<br>• Startlån<br>• Tilskott til etablering/tilpassing<br>• Drosjelappar<br>• Infolandsaker<br>• Skjenkesaker | <br><br>100<br>100<br><br>100<br>100<br>100 | <br><br>100<br>100<br><br>100<br>100<br>100 | <br><br>100<br>100<br>100<br>100<br>100<br>100 |

## 2.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

**Sentraladministrasjonen**
Staben er stabil.

Andre utviklingstrekk generelt
- Sentralisering av elektroniske funksjonar
- Ønske om større fagmiljø og interkommunale løysingar
- Snittalder på tilsette er 55 år . Ein må rekne med nyrekruttering framover
- Få tilsette på kvart fagområde gjer ein sårbar ved sjukdom /fråvær
- Stort kompetansekrav på fag og system
- Utfordringar med rekruttering til leiarstillingar

**Servicekontoret**
Endringar i forvaltningslova og e-forvaltningsforskrifta inneber at digital kommunikasjon skal vere hovudregel for kommunikasjon med innbyggjarane. Det vert etablert eit felles register over innbyggjarane sin digitale kontaktinformasjon og reservasjonsstatus. Frå 2016 er det obligatorisk for alle statlege verksemder og kommunar å bruke dette registeret.

For å nå måla med dette og halde seg oppdatert, må vi få på plass nytt sak- arkivsystem, ny portalløysing og ta i bruk fleire modular i økonomisystemet vårt. Dette krev mykje arbeid og blir samkøyrd gjennom bestillarutvalet i ROR-IKT. Det er krevjande å få nok tid til å sette seg inn i nye krav og standardar. Oppdragsbeskriving for nytt sak- arkivsystem er utarbeidd.

## 2.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

**Sentraladministrasjonen – løn og personal**

- Ajour med rapportering til andre offentlege instansar, KLP, SPK.
- Ajour med registrering av sjukmelding og løpande krav om refusjon oversendt til NAV.
- Har totalt hatt 81 tilsetjingssaker i 2015. Ferievikararinntaket i pleie og omsorg tek mykje tid spesielt i perioden mars til mai.
- “Møteplassen”. Oppfølgingsarbeid ved sjukefråvær.
- Etablert Erfaringsarena for IA-arbeid der leiarnivået, verneteneste og tillitsvaldapparat er representert.
- Utarbeidd oppfølgingsregime i samband med helserelaterte problem som kan resultere i sjukefråvær.
- Gjennomført kurs for leiarar, tillitsvalde og verneombod “arbeid og psykisk helse”.
- Starta bruken av Risk Manager (avvikssystem).


Foto: Karin Pedersen


Foto: Karin Pedersen

**Temamøte/inspirasjonsdag på Myra Kulturbygg med foredrag av Ørn Terje Foss**

**Servicekontoret**

- I 2015 har vi journalført og kvalitetssikra ca 21 500 dokument/filer.
- Rettleia og kursa saksbehandlarar i bruk av sak-/arkivsystem og dokumenthandtering.
- Verjemålsreforma: I 2015 har vi fullført rydding av arkivet og klargjort for avlevering til IKA.
- Har ikkje hatt kapasitet til å halde heimsida oppdatert – Prioritering: nyhende.
- Eigedomsskattekontoret: Det kom ikkje inn noko klage på eigedomsskatten i 2015. Ein brukte ein del tid på nye/endra skatteobjekt som vart ferdigstilt i 2015. Sakkunnig nemnd hadde berre eitt møte.
- ÅRIM – brukt tid på datagrunnlaget i fagsystemet for kommunale eigedomsavgifter. Vi mottek datafiler over gebyrlinjene for renovasjon og slamtømming frå ÅRIM. Desse blir fakturerte saman med gebyrlinjene for kloakk, feie- og tilsynsgebyr og eigedomsskatt. Brukt tid på kvalitetsheving av data med innlegging av faktiske bygningsnummer frå Matrikkel.
- Val: Valgjennomføringa har kravd mykje ressursar av servicekontoret sine tilsette i 2015. Fleire har vore på kursing og opplæring i valprogrammet EVA. Gjennomføringa av valet og oppteljing gjekk fint utan problem eller avvik.




**Førehandsstemming på Vestnes Brygge**

**Andre forvaltningsoppgåver**

- Rask behandling av alle søknader om sals- og skjenkeløyve – 26 salsløyve.
- Gjennomføring av etablerarprøve og kunnskapsprøve – 5 stk etablerarprøver
- Behandla 62 førespørslar frå Infoland (meglaropplysningar), alle vart levert innafor tidsfristane. Om lag antal som i 2014.
- I 2015 var det i gjennomsnitt 102 mottakarar av bustøtte.
- Startlån 2015: 10 startlån er innvilga til bustadkjøp og total utbetaling er kr 4,2 mill.
  4 saker har status som aktive førehandsgodkjenningar og 1 sak er vedtatt, men ikkje

utbetalt. Dette utgjer kr 2.350.000. 8 saker har fått avslag, i 3 saker er det av ulike årsakar ikkje gjort vedtak. Tildelingsutvalet har hatt 11 møter i 2015.

- Tilskott til etablering: 1 tilskott er betalt ut, 5 er vedtatt, men ikkje utbetalt
- Tilskott til tilpassing: 1 tilskott er vedtatt, men ikkje utbetalt
- 181 personar får "drosjelappar"/transportteneste for funksjonshemma (25 nye i 2015)
- 16 innvilga ledsagerbevis
- 47 vedtak om parkeringsløyve for forflytningshemma
- Fakturering av kommunale eigedomsavgifter har gått som planlagt, 14 037 fakturaer er utsendt for kommunale eigedomsavgifter og eigedomsskatt.

## 2.5 Rekneskap 2015

| | Rekneskap | Rekneskap 2015 | | | Budsjett | Avvik 2015 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftseining | 2014 | Utgifter | Inntekter | Netto | 2015 | i kroner | og i % |
| Politisk styring, næringsutv. | 5 297 | 7 244 | 934 | 6 310 | 5 429 | 881 | 16,2 |
| Sentraladministrasjonen | 10 343 | 11 246 | 1 170 | 10 076 | 9 940 | 136 | 1,4 |
| Servicekontor | 3 133 | 4 347 | 1 370 | 2 977 | 3 270 | -293 | -9,0 |
| Fellesutgifter | 10 500 | 8 414 | 3 234 | 5 180 | 10 518 | -5 338 | -50,8 |
| | 29 273 | 31 251 | 6 708 | 24 543 | 29 157 | -4 614 | -15,8 |

Kommentar

Årsak til stort mindreforbruk er at frå 2015 har vi lagt om rekneskapsføringa av pensjons-utgifter. Avvik mellom det som er utgiftsført, og fordelt på driftseingane gjennom året, og sluttavrekninga på pensjon vert ført mot fellesutgifter.

I 2015 vart det eit stort positivt avvik med ei tilbakeføring på 6,1 mill. kr. Det vart ikkje budsjettert og korrigert for dette. Det var reelt eit meirforbruk på knapt 1,5 mill. kr på desse sektorane.

## 2.6 Oversikt over politiske møte 2015

| **Utval** | **Tal på møte/saker i 2015** |
|---|---|
| Kommunestyre | 12*/ 117 saker |
| Formannskap | 12/ 123 saker |
| Planutval | 10/ 98 saker |
| Helse- og omsorgsutval | 2/ 8 saker |
| Valstyre | 4/ 17 saker |
| Administrasjonsutval | 2 møter/ 18 saker |
| Råd for funksjonshemma | 2/ 7 saker |
| Eldreråd | 4/12 saker |
| Ungdomsråd | 5**/28 saker |
| Næringsfondsutval | 3 / 31 saker |
| Sakkunnig nemnd | 1/ 3 saker |
| Arbeidsmiljøutvalet | 4/21 saker |
| Sentrumsnemnd | 7*** |
| Kontrollutvalet | 5/39 saker |
| Ad hoc Eigedom | 3*** |
| Ad Hoc omsorgsplan 2020 | 2*** |

* Inklusive 2 informasjonsmøte om kommunereforma
** Inklusive arrangementet "Yrkesmesse 2015"
*** Antal saker blir ikkje telt på same måten som i andre utval.

I antal saker er godkjenning av innkalling og godkjenning av protokoll medtekne då dei ligg i same nummerserie som andre saker som er til behandling.

Nytt kommunestyre vart konstituert 15.desember 2015, og Geir Inge Lien (SP) var attvald som ordførar med Randi Bergundhaugen (H) som varaordførar.

Det vart gjennomført vellukka opplæring for folkevalde gjennom eit to-dagars opplegg ved Blåtind i Stordal. KS sitt folkevaldprogram vart gjennomgått av prosessvegleiar Roald Huseth.

# KAP 3 BARNEHAGANE

## 3.1 Oversikt over sektoren

| Kommunale barnehagar | Tal på plassar | Årsverk | Tal tilsette | Godkj. plassar | Barn over 3 år | Barn under 3 år | Heiltids plassar (omrekna) | Kostnad Pr. plass |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skorgen barnehage | 24 | 5,10 | 9 | 36 | 16 | 4 | 23,9 | 123.589 |
| Fiksdal barnehage | 24 | 4,85 | 6 | 24 | 14 | 5 | 17,2 | 149.680 |
| Tomrefjord barnehage | 36 | 7,29 | 10 | 36 | 16 | 10 | 26 | 138.337 |
| Gardstunet barnehage | 42 | 9 | 10 | 42 | 18 | 15 | 32,2 | 123.976 |
| Helland barnehage | 132 | 24 | 26 | 132 | 79 | 27 | 102,5 | 118.427 |
| Tresfjord barnehage | 30 | 5,30 | 7 | 36 | 15 | 8 | 19 | 143.150 |
| **Totalt kommunale bh** | **288** | **55,54** | **68** | **306** | **158** | **69** | **220,8** | **126.705** |
| **Private barnehagar** | | | | | | | | |
| Vike Montessoribarnehage | 36 | 6,10 | 7 | 42 | 17 | 8 | 25,5 | 141.989 |
| Tryggheim barnehage | 48 | 9 | 15 | 48 | 31 | 9 | 38 | 127.258 |
| **Totalt private bh** | **84** | **15,1** | **22** | **90** | **48** | **17** | **63,5** | **133.170** |

Tal frå årsmelding pr. 15.12.2015.
Tilskot til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnadar på kr. 9500.- pr. plass.



Foto: Randi Bredeli


Foto: Randi Bredeli


Foto: Randi Bredeli

## 3.2 Resultatmål 2015 for barnehagane

| Målområde | Styringsindikatorar | MÅL 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/IKT** | Bruke nettbrett i arbeidet med språkstimulering og tidleg innsats | Innkjøp og opplæring nettbrett Tomrefjord, Gardstunet og Skorgen | Nettbrett innkjøpt Tomrefjord, Gardstunet og Skorgen. Intern opplæring Tomrefjord og Gardstunet. | Felles erfarings-deling i bruk av nettbrett. |
| **Brukarar –**<br><br>**Brukar-undersøking**<br><br>**"opplevd kvalitet"** | **Opplevd kavlitet - brukarundersøking (foreldre).** | Nasjonalt nivå | | Nasjonalt nivå |
| | **Totalresultat :** | 5,1 | 4,9 | |
| | **Enkeltindikatorar: Skala 1-6, der 6 er best.** | | | |
| | • I kva grad foreldra opplever at personalet syner omsorg for deira barn | 5,4 | 5,2 | |
| | • I kva grad foreldra opplever at barna deira har godt venskap med andre barn | 5,2 | 5,0 | |
| | • I kva grad foreldra er fornøgde med samarbeidet mellom barnehagen og heimen | 5,0 | 4,8 | |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | **Objektivt målt kvalitet** | | | |
| | • Andel barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp | 5,0 % | *3,7 % | 4 % |
| | • Andel årsverk pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar | 20 % | 10,5 % | 10 % |
| | • Andel ansatte med førskulelærar/barnehagelærarutdanning i kommunale og private barnehagar | 30 % | 31,7 % | 36 % (landsgj.sn) |
| **Organisasjon** | **Andel (%) dagsverk med sjukefråver:** | | | |
| | **Helland barnehage** | | | |
| | • Eigenmeldt | 1,5 | 1,6 | 1,5 |
| | • Legemeldt | 11,0 | 10,0 | 10,0 |
| | **Tomrefjord barnehage -** Eigenmeldt og legemeldt | Under k-snitt | Under k-snitt | Under k-snitt |
| | **Gardstunet barnehage -** Eigenmeldt og legemeldt | Under k-snitt | Over k-snitt | Under k-snitt |
| | **Fiksdal oppvekstsenter -** Eigenmeldt og legemeldt | Under k-snitt | Over k-snitt | Under k-snitt |
| | **Tresfjord oppvekstsenter -**Eigenmeldt og legemeldt | Under k-snitt | Over k-snitt | Under k-snitt |
| | **Skorgen barnehage-** Eigenmeldt og legemeldt | Under k-snitt | Over k-snitt | Under k-snitt |
| | For små einingar til å oppgi prosent | | | |
| **Økonomi** | **Omfang av overtid (i tusen kr)** | | | |
| | • Helland barnehage | 80 | 51 | 60 |
| | • Tomrefjord barnehage | 20 | 25 | 20 |
| | • Gardstunet barnehage | 25 | 17 | 20 |
| | • Fiksdal oppvekstsenter, barnehage | 20 | 27 | 20 |
| | • Tresfjord oppvekstsenter, barnehage | 20 | 29 | 20 |
| | • Skorgen barnehage | 20 | 14 | 20 |
| | • Totalt | 185 | 163 | 160 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)**<br>• Helland barnehage<br>• Tomrefjord barnehage<br>• Gardstunet barnehage<br>• Fiksdal oppvekstsenter, barnehage<br>• Tresfjord oppvekstsenter, barnehage<br>• Skorgen barnehage | 100<br>100<br>100<br>100<br>100<br>100 | 99,8<br>113,2<br>101,5<br>94,9<br>107,8<br>93,7 | 100<br>100<br>100<br>100<br>100<br>100 |

*Andel vedtak om spesialpedagogisk hjelp pr. 31.12.2015 gjeld både private og kommunale barnehagar. Dette pga. at det er interessant i høve overgang til skule, og at spesialpedagogisk hjelp er eit kommunalt ansvar.

## 3.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Det blir stadig fleire to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. Vi må vere bevisste i høve kva tilbod vi gir til barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar.
- Pr 15.12.2015 blei det innrapportert 34 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane og 3 i dei private barnehagane. Vestnes kommune mottok 120 000 kr i tilskot til tiltak for å betre språkforståinga for desse barna i 2015.
- Gjennomsnittsalderen på barna i barnehagane blir lavare.
- Det at det er vedtatt eitt ekstra barn pr. avdeling utan å auke personalressursen. Dette fører til auka press på personalet og mindre vaksenkontakt pr. barn.
- Meir endringar i barnegruppene iløpet av barnehageåret både pga til- og fråflytting og inntak ved nyttår. Medfører større grad av tilvenning gjennom heile barnehageåret.
- Barnehagane søkte om 5 årsverk knytt til barn med nedsatt funksjonsevne, jf.barnehagelova sin § 13. Desse midlane er i stor grad knytt til medisinske diagnosar og språkutfordringar. Sektoren fekk 3 årsverk som blei fordelt ut til barnehagane.
- Sjølv om vi i dei kommunale barnehagane har rekruttert inn barnehagelærarar under utdanning til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning, må det søkjast dispensasjon frå utdanningskravet for desse heilt til dei er ferdig utdanna. I dei kommunale barnehagane er det innvilga dispensasjonar i til saman 2 årsverk som pedagogisk leiar, i dei private barnehagane 1,4 årsverk. Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.
- Nesten alle som tidlegare heitte assistentar i barnehage har no fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar.
- Spesielt i dei små einingane er det mange som jobbar frivillig deltid. Det kan til tider føre til at det er vanskeleg å få den ønska flyten i arbeidet. Dette gjeld både pedagogar, fagarbeidarar og assistentar.
- Høgt sjukefråver pregar fortsatt barnehagesektoren, spesielt med vekt på langtidsfråvær, men det er og stor variasjon mellom einigane.
- Vestnes kommune tilbyr jule- og påsketilbod ved Helland barnehage for alle dei kommunale barnehagane. Alle kommunale barnehagar sommarstengt i 4 veker.
- Barnehagesektoren har godt samarbeid med andre sektorar som skulane, helsestasjonen, PPT, barnevern m.m.
- Barnehagane er lærande organisasjonar i stadig utvikling og endring og jobbar langsiktig med å utvikle kvaliteten ved å fordjupe seg i prosjekt over tid.
- Barnehagane har god kontakt med høgskulemiljøet ved å ta imot studentar til øvingsopplæring.

## 3.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

- Tresfjord oppvekstsenter, barnehage flytta til skulebygget 01.01.2015 og vart samlokalisert med resten av oppvekstsenteret.
- Til hovudopptaket 01.03.2015 kom det inn 69 søknader, 54 stk. under 3 år, og 15 stk. over 3 år. Alle som ønska å starte i august 2015 (65 stk.) fekk tilbod om plass.
- Fleire barn fekk opptak ved nyttår ved omgjering av 3 åringane (dei som fyller 3 år mellom 1/1-31/7) til storbarn.
- Vestnes kommune gjennomførte tilsyn i tråd med tilsynsplanen. Det vart gjennomført tilsyn i 4 barnehagar i januar 2015.
- Det er innført nytt ettersyns-system for uteleikeplassane ved dei kommunale barnehagane. Dette er bygd opp rundt dagleg visuelt ettersyn-E1, funksjonsettersyn 2 gongar pr. år- E2. Og hovudettersyn ca 3. kvart år- E3.
- I prosjektet "Den gode barnehage i Vestnes" har vi utarbeidd 4 standardar:

  Barnehagane i Vestnes er gode når:
  1. vi legg vekt på tidleg innsats
  2. det er godt foreldresamarbeid
  3. både barn og vaksne har eit godt psykososialt miljø
  4. barnehagen er ein stad for leik, læring, danning og omsorg.

  Vi har våren 2015 avslutta felles arbeid med 1. standarden, og hausten 2015 starta opp med standard 2.
- Det er etablert refleksjonsgrupper i alle barnehagar.
- Det er i samband med satsinga på tidleg innsats oppretta ny møtearena mellom barnehagane og PPT med vekt på systemarbeid og rettleiing.
- Vi har rekruttert internt til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning. Tre personar som arbeider i dei kommunale barnehagane er i gang med utdanning. I tillegg har vi gitt støtte til litteratur til to barnehagelærarstudentar som ikkje har stillingar i barnehagesektoren.
- Ein driftsleiar og to pedagogiske leiarar er i gang med vidareutdanning innan IKT.
- Vi har 1 lærling i kommunale barnehagar og 5 stk som er i gang med fagbrev som praksiskandidatar.
- Ein person har tatt fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- To personar har tatt kompass-utdanning. Kompetanseheving for assistentar og fagarbeidarar. 15 studiepoeng.
- Skorgen barnehage fekk 50 000.- kroner i kompetansemidlar frå Fylkesmannen til eit prosjekt i samarbeid med helsestasjonen. Dette er eit førebyggande folkehelseprosjekt med vekt på friluftsliv, fysisk aktivitet og sunt kosthald.
- Helland og Gardstunet barnehage har avslutta prosjektet "Klare sjølv" som gjekk ut på å samkøyre ergonomi og pedagogikk.

## 3.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiaren ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider.
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.

- Dei fleste barnehagane køyrer programmet “Mini-Røris” som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.
- Helland og Gardstunet barnehage har gjennomført prosjektet: “Klare sjøl”. Målet med prosjektet er at dei vaksne skal lære å unngå/redusere uheldige belastningar og barna skal få auka oppleving av meistring i kvardagen. Prosjektet samkøyrer ergonomi og pedagogikk.

## 3.6 KOSTRA-TAL PÅ OMRÅDET

| KOSTRA tal<br>- barnehage | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. driftsutg pr innb. i kommunen | 6 529 | 7 605 | 7 695 | 7 019 | 7 415 | 7 350 | 8 280 |
| Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år | 138 298 | 133 386 | 130 549 | 116 858 | 127 757 | 130 112 | 140 907 |
| Brutto dr. utg pr. opphaldstime | 53 | 48 | 47 | 43 | 50 | 50 | 47 |
| Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass | 91,5 | 93,1 | 91,1 | 92,4 | 92,3 | 94,4 | 86,5 |
| Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass | 76,1 | 83,9 | 81,5 | 82,8 | 3,8 | 85,0 | 75,4 |
| Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass | 100,0 | 98,8 | 97,0 | 97,9 | 97,6 | 100,7 | 94,1 |
| Andel barn med meir enn 33 timar pr veke | 93,2 | 96,4 | 96,9 | 93,3 | 94,3 | 98,1 | 96 |
| Andel barn med mindre enn 33 timar pr veke | 6,8 | 3,6 | 3,1 | 6,7 | 5,7 | 1,9 | 4,0 |
| Andel barn i kommunale barnehagar | 77,7 | 48,0 | 49,6 | 54,0 | 44,2 | 42,9 | 33,9 |
| Andel minoritetsspråklege barn | 12,7 | 12,0 | 13,4 | 5,0 | 18,0 | 12,3 | 10,0 |
| Antall barn pr. ansatt | | | | | | | |
| Andel ansatte med barnehagelærarutdanning | 31,7 | 33,1 | 36,4 | 30,9 | 32,0 | 32,8 | 23,3 |
| Andel styrarar og ped pers med førskuleutd | 81,1 | 88,7 | 92,6 | 83,7 | 88,1 | 86,8 | 73,5 |
| Andel menn i barnehagen | 3,8 | 5,3 | 8,3 | 7,9 | .. | 11,2 | 3,3 |
| Andel barn med ekstra ressurs/styrka tilbud | 16,4 | 15,7 | 16,4 | 8,2 | 22,6 | 15,0 | 15,9 |
| Leke- og opphaldsareal pr barn, m2 | 7,5 | 5,8 | 5,7 | 6,6 | 5,0 | 5,4 | 5,1 |

- Ein større andel enn snittet har redusert opphaldstid, sjølv om dette ikkje er så merkbart i no som tidlegare.
- Ein forholdsvis stor andel går i kommunale barnehagar, langt høgre enn gjennomsnitt for landet.
- Andel menn i barnehagane er låg.
- Kostnaden i barnehage ligg noko høgre enn gjennomsnitt, dvs at vi prioriterer meir ressurs på dette området.

## Utvikling 2010 - 2015

| Nokre KOSTRA tal - barnehage | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring i % 10 - 15 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass | 88,9 | 92,8 | 94 | 88,4 | 91,2 | 91,5 | 2,9 |
| Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass | 70,3 | 77,1 | 76,8 | 72,8 | 77,4 | 76,1 | 8,3 |
| Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass | 101,4 | 102,7 | 103,6 | 98,2 | 100 | 100,0 | -1,4 |
| Andel barn med meir enn 33 timar pr veke | 70,5 | 74,0 | 80,7 | 87,0 | 88,7 | 93,2 | 32,2 |
| Andel barn med mindre enn 33 timar pr v. | 29,5 | 26,0 | 19,3 | 13,0 | 11,3 | 6,8 | -76,9 |
| Andel ansatte med førskulelærarutdanning | 23,5 | 22,9 | 19,5 | 25,4 | 26,8 | 31,7 | 34,9 |
| Andel styrarar og ped pers m førskuleutd | 82,1 | 69,4 | 56,1 | 68,2 | 68,4 | 81,1 | -1,2 |

- Siste åra har ein langt større andel av barna heiltidsplass. Det har nok m.a. samanheng med at ein barnehageplass er forholdsvis mykje rimelegare no enn for ein del år tilbake.
- Andel styrarar og ped. personale med barnehagelærarutdanning, som i mange år har vore svært lågt, har bedra seg betydeleg i 2015. Det er ei gledeleg og ynskt utvikling.

| | Antall barn | | | | | Omrekna til heildagsplassar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| 0 - 2 år | 108 | 98 | 108 | 106 | 96 | 88,09 | 85,38 | 98,21 | 96,58 | 88,54 |
| 3 - 6 år | 226 | 233 | 217 | 213 | 205 | 204,67 | 214,51 | 204,55 | 199,97 | 195,64 |
| Sum | 334 | 331 | 325 | 319 | 301 | 292,76 | 299,89 | 302,76 | 296,55 | 284,18 |

- Barnetalet i barnehagane har gått ned siste åra og har nok samanheng med låge fødselskull.
- Grunna at ein større andel har heiltidsplass har likevel ant. heiltidsplassar auka helt fram til 2014, men er redusert siste to år.
- Grunna nedgang i barnetal har ein greidd å tilby barnehageplass til alle som har rett på plass. Det er heller ikkje venteliste.

## 3.7 Økonomisk resultat 2015

| Alle tal i 1000 kr Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tomrefjord barnehage | 3 164 | 4 835 | 1 240 | 3 595 | 3 175 | 420 | 13,2 |
| Tresfjord barnehage | 2 259 | 3 692 | 975 | 2 717 | 2 520 | 197 | 7,8 |
| Helland barnehage | 11 782 | 17 437 | 5 303 | 12 134 | 12 164 | -30 | -0,2 |
| Fiksdal barnehage | 2 762 | 3 401 | 834 | 2 567 | 2 706 | -139 | -5,1 |
| Gardstunet barnehage | 3 966 | 6 111 | 2 114 | 3 997 | 3 939 | 58 | 1,5 |
| Skorgen barnehage | 3 157 | 4 238 | 1 284 | 2 954 | 3 195 | -241 | -7,5 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fellesutgifter** | **3 064** | **4 533** | **885** | **3 648** | **1 764** | **1 884** | **106,8** |
| **Private barnehagar** | **7 958** | **8 572** | **230** | **8 342** | **8 100** | **242** | **3,0** |
| **Sum barnehage** | **38 112** | **52 819** | **12 865** | **39 954** | **37 563** | **2 391** | **6,4** |

- Samla auka barnehageutgiftene i 2015 med 1,8 mill. kr eller 4,8 %. Dette er noko meir enn løns- og prisauke.
- Barnehagesektoren hadde eit meirforbruk på 2,4 mill. kr eller 6,4 %. Dette er mykje.
- Det er fellesutgiftene som har meirforbruk. Spesielt gjeld dette utgifter til ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og spesial pedagogisk hjelp. Desse utgiftene har auka mykje siste åra, truleg var nok dette underbudsjettert.
- I 2015 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for barn dersom familieinntekta var låg. Ordninga hadde verknad frå hausten 2015, og barnehagane fekk redusert inntektene med kr 175.000,- som følgje av dette.

# KAP 4 GRUNNSKULANE OG SFO

## 4.1 SEKTOREN SINE HOVUDOPPGÅVER

Oversikt over grunnskular og SFO i kommunen:

| **Kommunale grunnskular** | **Tal på elevar pr.01.10.2015** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **1.- 4.klasse** | **5.- 7.klasse** | **Ungdomsskule** | **SFO** |
| Fiksdal Oppvekstsenter/SFO | 27 | 26 | ------- | 22 |
| Tomrefjord skule/SFO | 91 | 65 | 73 | 42 |
| Helland skule/SFO | 139 | 101 | 163 | 95 |
| Tresfjord Oppvekstsenter/SFO | 19 | 19 | ------- | 9 |
| **Totalt elevtal kommunale grunnskular** | **276** | **211** | **236** | **168** |

| **Private grunnskular** | **Tal på elevar pr.01.10.2015** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **1.- 4.klasse** | **5.- 7.klasse** | **Ungdomsskule** | **SFO** |
| Vike Friskule/SFO | 37 | 23 | ------- | 31 |

| **Ansvar** | **Tal årsverk *** | **Tal årsverk** | **Tal årsverk** |
|---|---|---|---|
| | Undervisning/adm. | Assistentar | SFO |
| Fiksdal Oppvekstsenter | 6,21 | 1,31 | 1,00 |
| Tomrefjord skule/SFO | 26,20 | 4,39 | 1,47 |
| Helland skule/SFO | 40,91 | 5,58 | 4,70 |
| Tresfjord skule/SFO | 5,65 | 0,68 | 0,44 |
| **Sum** | **78,97** | **11,96** | **7,61** |

## 4.2 Resultatmål grunnskule og SFO 2016

| **Målområde** | **Styringsindikatorar** | **MÅL 2015** | **Resultat 2015** | **MÅL 2016** |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi IKT** | • **Skriftleg vurdering i alle fag på Pedit, elevmappe.** | Skulane tek dette i bruk | Teke i bruk | --------- |
| | • **Felles IKT-plan for elevane i den kommunale grunnskulen i Vestnes.** | Felles IKT-plan i grunn-skulane | IKTplan tatt i bruk | --------- |
| | • **Helland og Tomrefjord skule – innkjøp og opplæring i pedagogisk bruk av interaktive tavler i klasserommet.** | Avklare event. Innkjøp | Ikkje prioritert | Ikkje prioritert |
| | • **Innføring av FEIDE** | Oppstart prosess ROR-IKT | Prosess i gang | Alle skulane tek dette i bruk |
| | • **Kjøp av PC og programvarer** | Årleg innkjøp | Årleg innkjøp | Årleg innkjøp |

| Elevar/ foreldre<br><br>“opplevd kvalitet” | **Opplevd kvalitet – brukarundersøking**<br>Skala 1-5, der 5 er best. | Nasjonalt nivå Resultat | Resultat 2015 | Nasjonalt nivå |
|---|---|---|---|---|
| | **Elevundersøkinga (95,2 % deltaking)**<br>Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg | | | |
| | • Fråvær av mobbing på skulen | 4,8 | 4,7 | |
| | • Score trivsel på skulen | 4,3 | 4,2 | |
| | • Score på fagleg rettleiing | 4,3 | 4,3 | |
| | • Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga | 3,9 | 3,8 | |
| | **Foreldreundersøkinga 2014 – Skule (26,8 % deltaking)** | | | |
| | • I kva grad er føresette nøgd med kommunikasjonen mellom heim og skule | 4,4 | 4,6 | |
| | • I kva grad opplever føresette at barnet deira får nok faglege utfordringar på skulen | 4,3 | 4,6 | |
| | • I kva grad opplever føresette at sitt barn får oppgåver på skulen som han/ho greier å løyse åleine | 4,4 | 4,5 | |
| | • I kva grad opplever føresette å vere informert om kva som kan takast opp på konferansetimen/utv.samtalen om sitt barn | 4,5 | 4,6 | |
| | **Foreldreundersøkinga 2014 – SFO** | | | |
| | • Barnet mitt trivst på SFO | 4,3 | 4,6 | |
| | • Personalet på SFO medverkar til eit godt sosialt miljø for barna | 4,2 | 4,6 | |
| | • Personalet på SFO medverkar til eit fysisk trygt miljø for barna | 4,2 | 4,5 | |
| | • Føresette opplever eit godt samarbeid med personalet på SFO | 4,3 | 4,6 | |
| | • Føresette opplever å få tilstrekkeleg med informasjon om SFO-tilbodet | 4,1 | 4,0 | |
| | • Føresette opplever at tilbodet om leksehjelp i SFO-tida fungerer bra for barnet | 3,4 | 3,0 | |
| | • Måltidet på SFO er sunt | 3,4 | 3,5 | |
| **Teneste**<br><br>**“objektiv kvalitet”** | **Objektiv målt kvalitet - skule** | Nasjonalt nivå resultat | Resultat 2015 | Nasjonalt nivå |
| | • Kartleggingsprøve 2.kl. leseferdigheiter<br>Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa<br>Å lese og forstå | 82,2 | 56,9 | |
| | • Kartleggingsprøve 2.klasse rekneferdigheiter<br>Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa | 80,0 | 86,7 | |
| | Andel elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast. | | | |
| | • Nasjonale prøver, lesing 5.klasse | 75,6 | 78,6 | |
| | • Nasjonale prøver, rekning 5.klasse | 76,3 | 68,5 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Andel elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast. | Nasjonalt nivå resultat | Resultat 2015 | Nasjonalt nivå |
| | • Nasjonale prøver, lesing 8.klasse<br>• Nasjonale prøver, rekning 8.klasse<br>• Spesialundervisning, andel elevar | 70,2<br>70,5<br>7,9 | 54,2<br>56,8<br>7,3 | |
| | • Grunnskulepoeng | 40,8 | 37,6 | |
| | • Standpunktkarakterar<br>- Norsk hovudmål, skriftleg<br>- Norsk sidemål, skriftleg<br>- Engelsk, skriftleg<br>- Matematikk, skriftleg | <br>3,8<br>3,6<br>3,9<br>3,5 | <br>3,2<br>3,3<br>3,7<br>2,8 | |
| **Organisasjon** | **Andel dagsverk med sjukefråver:**<br>Tresfjord Oppvekstsenter:<br>• **Eigenmeldt og legemeldt**<br>Helland skule:<br>• **Eigenmeldt**<br>• **Legemeldt**<br>Tomrefjord skule:<br>• **Eigenmeldt**<br>• **Legemeldt**<br>Fiksdal Oppvekstsenter<br>• **Eigenmeldt og legemeldt** | | Under k-snitt<br><br>0,8<br>6,3<br><br>1,0<br>5,7<br><br>Under k-snitt | Under k-snitt<br><br>Under k-snitt<br>Under k-snitt<br><br>Under k-snitt<br>Under k-snitt<br><br>Under k-snitt |
| **Økonomi** | **Omfang av overtid (i tusen kr)**<br>• Helland skule<br>• Tomrefjord skule<br>• Tresfjord oppvekstsenter<br>• Fiksdal Oppvekstsenter | | <br>5<br>8<br>2<br>1 | <br>-------<br>-------<br>-------<br>------- |
| | **Økonomisk resultat ( i forhold til tildelt budsjett) %**<br>• Helland skule<br>• Tomrefjord skule<br>• Tresfjord Oppvekstsenter<br>• Fiksdal Oppvekstsenter | | <br>99,2<br>108,7<br>103,1<br>98,9 | <br>100<br>100<br>100<br>100 |

## 4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes er utviklingstrekka noko vi må sjå på over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI, Skoleporten, VOKAL, m.m. For 2014 ser status slik ut:

- Andel elevar som har spesialpedagogisk vedtak
  **Historikk: 11,7 % = 2013, 12 %= 2014 og i 2015= 7,3 %**
  Ei positiv endring i 2015, der større andel av elevane i Vestnes kommune sine grunnskular no får mindre spesialundervisning og meir tilpassa opplæring. Vi har oppnådd målet med at fleire elevar går frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.
- Elevundersøkinga viser høg trivsel blant elevane og lite mobbing.
- Foreldreundersøkinga skal gi ei vurdering av elevane sitt læringsmiljø og samarbeidet mellom heim og skule/SFO, der resultatet frå 2014 viser at vi ligg over landsgjennomsnittet. Undersøkinga skal gjennomførast anna kvart år for å følgje same

intervall som brukarundersøkinga elles i kommunen. I 2016 vil det bli gjennomført ei ny foreldreundersøking i skulen/SFO.

- Faglege resultat på nasjonal prøve 5.klasse litt over nasjonalt nivå i lesing og litt under i rekning. 8.klasse under nasjonalt nivå i både lesing og rekning.
  Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning, faggrupper i basisfaga og fornying av læremiddel.
- Standpunktkarakter: små endringar, der vi ligg litt under eller lik gjennomsnittet for landet. Resultatet i matematikk er lågt, eit resultat som og gjer seg gjeldande på nasjonalt nivå.
  Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning, faggrupper i basisfaga og fornying av læremiddel. Dei låge resultata i matematikkfaget over tid gjer at skulane også har involvert FAU i det vidare arbeidet her.
- Lågt sjukefråver

Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover:
- Økonomisk stram ramme
- Oppretthalde/forbetre læringskvaliteten i skulen
- Framandspråklege elevar som treng særskilt norskopplæring, samtidig som ressursane til slik undervisninga blei redusert med i alt kr 750.000,- i 2016 budsjettet.

**Utvikling i elevtal 2008 – 2015**

| | Skuleår | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 08 – 09 | 09 – 10 | 10 – 11 | 11 – 12 | 12 – 13 | 13 – 14 | 14 - 15 | 15 - 16 |
| Fiksdal | 44 | 52 | 49 | 42 | 38 | 49 | 48 | 53 |
| Tomrefjord | 279 | 272 | 268 | 260 | 264 | 241 | 243 | 229 |
| Helland | 381 | 364 | 367 | 368 | 405 | 390 | 398 | 403 |
| Tresfjord | 132 | 119 | 119 | 104 | 48 | 41 | 37 | 38 |
| Sum | 836 | 807 | 803 | 774 | 755 | 721 | 726 | 723 |

- Elevtalet i dei kommunale skulane har gått ned i heile perioden, med til saman 113 elevar eller over 13,5 %.
- Helland skule har elevar frå asylmottaket.
- Størst nedgang i elevtalet er det ved Tomrefjord skule.
- Ei auke i antal grunnskuleelevar grunna arbeidsinnvandring.

## 4.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

Målet har vore å kunne oppretthalde og helst forbetre læringskvaliteten i skulen: Verkemiddel vi har valt å arbeide med for å realisere målet er:

Felles satsingsområde for å styrke **læringskvaliteten** i skulen:
- Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæring.
- STL (skrive seg til lesing). Tekstskaping på datamaskin. Innført i 1.klasse haust 2013 og vidareført til 2.klasse 2014 og 3.klasse 2015.
- SOL, systematisk observasjon av lesing. Vidareføring.
- VOKAL, ein portal for registrering av resultat frå alle kartleggingsprøver, nasjonale prøver og symjing.
- Læringsplattforma Pedit, vurdering undervegs.
- Nasjonal satsing, *ungdomstrinn i utvikling*. Dei fire kommunale skulane deltek i dette utviklingsarbeidet, der skulane i Vestnes har fokus på satsingsområdet klasseleiing/læringsleiing.

- PPT tettare på med rettleiingsarbeidet i skulen.
- Vidareutdanning av undervisningspersonalet. Inneverande år er det to lærarar som tek slik vidareutdanning innan fagfelta kroppsøving 1 og engelsk 1.

Felles satsingsområde for å styrke **det psykososiale miljøet** i skulen:
- Manifest mot mobbing, markering på alle skulane.
- Vestnes har vore **MOT kommune** sidan 2005. Evalueringa viser at skular med MOT over tid reduserer mobbing, trakassering, narkotikamisbruk og alkoholbruk i ung alder.
- **Trivselsprogrammet**. Dette er eit program som er utvikla av firmaet Trivselsleder AS. Elevar i 4. - 10. klasse blir nominert og valde av medelevane til å vere trivselsleiarar. Trivselsleiarane har deltatt på leikekurs, og deretter har dei fått ansvar for å legge til rette for aktivitetar i friminutta.

## 4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Det helsefremmande arbeidet er forankra i skulen sine planar. t.d. aktivitets- og trivselsplanar
- Haldningsskapande klassemiljøprogram: *Det er mitt val*, Trivselsleiarordninga, MOT
- Fagleg kompetanseheving av lærarane
- Samarbeid heim – skule
- Samarbeid med andre instansar som t.d. PPT, barnevern og skulehelsetenesta
- Sjå resultat over tid, arbeide systematisk og langsiktig
- Tema: gi elevane kunnskap og rettleiing på korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse i skulen
- Tema på foreldremøte, rådsorgana og personalmøte
- Sunn mat og uteaktivitet på SFO

## 4.6 KOSTRA-tal på området

| KOSTRA tal - skule, SFO m.m. | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb | 12 141 | 13 295 | 12 703 | 12 796 | 13 086 | 10 820 | 14 476 |
| Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år | 103 032 | 107 103 | 102 960 | 109 810 | 105 425 | 92 799 | 109 724 |
| Nto. Utg SFO pr innbyggar 6 - 9 år | 4 224 | 2 905 | 3 216 | 223 | 1 629 | 3 070 | 3 175 |
| Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år | 3 285 | 2 213 | 2 148 | 3 978 | 1 715 | 1 262 | 3 516 |
| Elevar pr kommunale skule | 181 | 171 | 217 | 140 | 113 | 236 | 153 |
| Gjennomsnittleg gruppestørrelse | 12,3 | 13,0 | 13,5 | 12,7 | 11,7 | 14,7 | 14,1 |
| Andel elevar som får spes undervisn | 7,9 | 8,6 | 7,9 | 7,7 | 10,3 | 8,9 | 6,8 |
| Andel timar spes. underv. av total timar | 18,9 | 18,9 | 17,6 | 17,9 | 18,8 | 17,7 | 11,3 |
| Gj. Snitt grunnskulepoeng | 37,6 | 40,7 | 40,7 | 41,8 | 40,8 | 40,8 | 40,9 |

- Netto utgifter pr. elev er som landsgjennomsnitt, og litt lågare enn fylkesgjennomsnitt.
- I SFO bruker vi meir enn både lands- og fylkessnitt, og betydeleg meir enn nabokommunane.

- Også godt over snittet i utgifter til skuleskyss.
- Det som ein spesielt merkar er lågt snitt på grunnskulepoeng, under landsgjennomsnitt og det nabokommunane har. Sjølv om vi bruker like stor økonomisk ressurs som gjennomsnitt, så er resultatet svakare.

## Utvikling 2010 - 2015

| KOSTRA tal<br>- skule, SFO m.m.<br>- utvikling siste 5 år | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring i % 10 - 15 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb | 11 497 | 11 445 | 11 496 | 11 823 | 11 938 | 12 141 | 5,6 |
| Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år | 90 417 | 92 507 | 95 696 | 102 235 | 103 465 | 103 032 | 14,0 |
| Nto. Utg SFO pr innbyggar 6 - 9 år | 4 765 | 5 020 | 5 319 | 4 305 | 4 765 | 4 224 | -11,4 |
| Elevar pr komm skule | 201 | 194 | 189 | 180 | 182 | 181 | -10,0 |
| Gj snitt gruppest. 1 - 4 årssteg | 13,5 | 14,1 | 12,5 | 12,7 | 12,7 | 12,3 | -8,9 |
| Andel elevar som får spesialunderv. | 9,7 | 11,7 | 11,9 | 11,7 | 11,8 | 7,9 | -18,6 |

- Utgiftene pr. elev har auka med 14,0 %, dette svarer om lag til løns- og prisauke i perioden når vi og tek omsyn til at arbeidsgjevaravgifta er redusert.
- Elevtal pr. skule er redusert. Det har samanheng med reduksjon i det totale elevtalet.
- Gruppestørrelsen er også redusert.
- Det er svært gledeleg å sjå at andel elevar som får spesialundervisning er sterkt redusert i 2015. Meir av undervisninga vert gitt som tilpassa opplæring i staden for spesialundervisning. Dette var eit satsingsområde for Vestnes kommune i 2015.

## Andre nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Elevtal ved dei kommunale skulane pr. 01.10 | 836 | 813 | 803 | 774 | 755 | 721 | 726 | 723 | -13,5 |
| Elevtal ved Vike Friskule pr. 01.10 | 41 | 41 | 40 | 47 | 54 | 49 | 60 | 60 | 46,3 |
| Antal lærarar i dei kommunale skulane | 99 | 94 | 95 | 91 | 82 | 81 | 85 | 85 | -14,1 |
| Årsverk lærarar | 83 | 77,5 | 78,2 | 74,5 | 72,4 | 70,6 | 76,9 | 79 | -4,8 |
| Årsverk skuleassistentar | 10 | 9 | 10,4 | 11,5 | 12,5 | 12,9 | 14 | 12 | 20,0 |
| Tal på kontaktlærarar | 64 | 58 | 49 | 51 | 46 | 50 | 51 | 50 | -21,9 |
| Tal på barn i SFO, kommunale skular | 148 | 144 | 137 | 144 | 159 | 164 | 161 | 168 | 13,5 |
| Årsverk i SFO | 7,3 | 7,1 | 6,3 | 6,8 | 6,9 | 7,4 | 7 | 7,6 | 4,1 |

- Elevtalet har gått ned i perioden. Det var som forventa, grunna lågare fødselstal.
- Nedgangen siste åra er noko mindre enn tidlegare venta, dette grunna elevar frå asylmottak og busette flyktningar.

## 4.7 Økonomiske resultat 2015

| Alle tal i 1000kr<br>Driftseining | Rekneskap<br>2014 | Rekneskap 2015<br>Utgifter | <br>Inntekter | <br>Netto | Budsjett<br>2015 | Avvik 2015<br>i kroner | <br>og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fiksdal skule | 5 678 | 6 518 | 691 | 5 827 | 5 816 | 11 | 0,2 |
| Tomrefjord skule | 22 264 | 27 826 | 4 040 | 23 786 | 21 995 | 1 791 | 8,1 |
| Helland skule | 31 175 | 40 419 | 8 394 | 32 025 | 32 432 | -407 | -1,3 |
| Tresfjord skule | 5 816 | 6 079 | 538 | 5 541 | 5 397 | 144 | 2,7 |
| Fellesutg undervisning | 6 187 | 9 354 | 2 354 | 7 000 | 6 510 | 490 | 7,5 |
| Sum grunnskule | 71 120 | 90 196 | 16 017 | 74 179 | 72 150 | 2 029 | 2,8 |

- Samla hadde grunnskulen eit meirforbruk på vel 2,0 mill. kr, dvs 2,8 %. Dette er mykje.
- Samla auka utgiftene med 1,5 % frå 2014 til 2015. Korrigert for redusert for arbeids-gjevaravgift tilsvarer auken om lag løns- og prisauke siste året, såleis ingen reell auke.
- Det meste av meirforbruket er ved Tomrefjord skule. Skulen har hatt meirforbruk i fleire år. Det er sett i verk tiltak for at skulen skal halde budsjettramma i 2016.
- Fellesutgifter: Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar har meirforbruk.

## Utvikling 2010 - 2015

| Driftseining | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring 2010 - 2015<br>sum | <br>i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fiksdal | 4 579 | 4 534 | 4 852 | 5 450 | 5 678 | 5 827 | 1 248 | 27,3 |
| Tomrefjord | 20 970 | 21 531 | 22 566 | 22 763 | 22 264 | 23 786 | 2 816 | 13,4 |
| Helland | 25 287 | 26 351 | 28 873 | 30 194 | 31 175 | 32 025 | 6 738 | 26,6 |
| Tresfjord | 11 835 | 11 953 | 9 309 | 6 370 | 5 816 | 5 541 | -6 294 | -53,2 |
| Fellesutgifter | 5 206 | 5 291 | 5 492 | 6 963 | 6 187 | 7 000 | 1 794 | 34,5 |
| SUM | 67 877 | 69 660 | 71 092 | 71 740 | 71 120 | 74 179 | 6 302 | 9,3 |

- Samla auke på 6,3 mill. kr i perioden, eller 9,3 %.
- Fellesutgiftene aukar mykje. Det er spesielt skuleskyss og kjøp av undervisningstenester for barn plassert i fosterheim som auka mykje.
- Ser vi Helland og Tresfjord skular ilag så er det berre ein liten auke i perioden. Dette har m.a. samanheng med innsparing ein fekk då ein samla ungdomsskuleelevane ved desse to skulane.

## Elevkostnad

| | Vår 2015 | Haust 2015 | Snitt | Kostnad pr. elev<br>2014 | <br>2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Fiksdal | 48 | 53 | 50,1 | 116 831 | 116 307 |
| Tomrefjord | 243 | 229 | 237,2 | 92 076 | 100 278 |
| Helland | 398 | 403 | 400,1 | 79 265 | 80 042 |
| Tresfjord | 37 | 38 | 37,4 | 147 989 | 148 155 |
| | 726 | 723 | 724,8 | 89 798 | 92 686 |

- Elevkostnaden pr skule (eks. skyss og fellesutgifter) har auka med 3,2 % siste året.
- Det er Tomrefjord skule som har hatt stor auke, ved dei andre skulane er det berre mindre endringar. Elevtalet ved Tomrefjord skule gjekk ned i 2015, spesielt hausthalvår.
- Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgre enn ved Fiksdal skule (grunna ny og stor skule). Korrigert for dette er elevkostnaden ved Tresjord skule vel kr 19.000,- høgre enn ved Fiksdal skule.

## Utvikling 2011 - 2015

| | Kostnad pr. elev | | | | | Endring 11 - 15 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Sum | i % |
| **Fiksdal** | 98 351 | 120 397 | 127 984 | 116 831 | 116 307 | **17 956** | **18,3** |
| **Tomrefjord** | 81 341 | 86 228 | 89 471 | 92 076 | 100 278 | **18 937** | **23,3** |
| **Helland** | 71 730 | 75 307 | 75 722 | 79 265 | 80 042 | **8 312** | **11,6** |
| **Tresfjord** | 105 966 | 115 353 | 141 294 | 147 989 | 148 155 | **42 189** | **39,8** |
| | 81 387 | 85 628 | 87 438 | 89 798 | 92 686 | **11 299** | **13,9** |

- Elevkostnaden har auka med knapt 14 % i denne perioden. Tilsvarer omlag løns- og prisauke, i alle fall ingen stor reell auke.
- Det kan tyde på at vi har greidd å redusere kostnadane i takt med reduksjonen i elevtal.
- Auken varierer mykje frå skule til skule. Helland skule, som den største, aukar minst.

# KAP 5

# BARNE-OG UNGDOMSTENESTENE

## 5.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenesteområde inngår i eininga:

Barneverntenesta, Helsestasjonen, PPT, Omsorgstenester for barn og unge samt Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta som blir omhandla i eige kapittel.

| Ansvar, fordelt sjå nedanfor | Årsverk 2014 | Årsverk 2015 | Evt merknad |
|---|---|---|---|
| **Adm. Leiing** | **1,0** | **1,0** | **Driftsleiar for Barne- og ungdomstenestene; Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta** |
| **Barneverntenesta** | **6,6** | **6,6** | **Inkl. 1,8 statlege stillingar tildelt gjennom Statleg styrking av barnevern** |
| **Helsestasjonen** | **4,9** | **5,1** | **Styrka asyl-helseteneste, 20 % frå 01.12.15, grunna auka tal på bebuarar i Vestnes mottak** |
| **Omsorgstenester for barn** | **2,2** | **1,0** | **Saksbehandlar helse og omsorg 70 % + førebyggande rusarbeid i grunnskulane – MOT 30 % Budsjett/ personale i avl.bustaden ført over til BUHAB** |
| **PP-tenesta** | **4,0 (5,0)** | **4,2 (5,2)** | **100 % psykolog i PPT har permisjon og arbeider i prosjektstilling som kommunepsykolog frå 01.08.2014** |
| **Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder** | **1,5** | **1,5** | **Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvarleg for PPT.** |
| **Logopedteneste til grunnskulen** | **0,5** | **0,5** | **Logoped. Ligg under fagansvarleg for PPT.** |
| **Prosjektstilling** | **1,0** | **1,3** | **Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester Styrka skulehelseteneste i vid.gåande skule 2015-16** |

## 5.2 Resultatmål 2016

| Målområde | Styringsindikatorar | Mål 2015 | Resultat 2015 | Mål 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/IKT** | **Samla driftseining:**<br>Hjelpetenestene har tilgang til fagsystema på skulane, gjeld HSPro, HK Oppvekst og Familia | 100 % | 30 % | 100 % |
| | **Barneverntenesta:**<br>Ha lagt til scannar-funksjon i fagsystemet<br>Ha tilgang til fagsystemet ute i teneste | 100 % | 100 %<br>0 % | <br>100 % |
| | **Helsestasjonen:**<br>Heilelektronisk kommunikasjon mellom 1. og 2. line<br>Skulehelsetenesta har tilgang til Hspro på skulane<br>Alle tilsette bruker outlook | 100 % | 100 %<br>70 %<br>10 % | <br>100 %<br>100 % |
| | **PPT:**<br>Oppdaterte opplysningar i fagsystemet om rett/ ikkje rett til spesialundervisning<br>Synkronisert programvare på førskulenivået | 100 % | 100 % | 100 % |
| | **Omsorgstenester for barn og unge:**<br>All saksbehandling i høve barn skjer i CosDoc<br>Samordning i ei koordinerande eining | 100 % | 100 % | 100 % |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Brukarar – "opplevd kvalitet"**<br><br>**Resultat Brukar undersøkingar** | **Overordna mål Barne- og ungdomstenestene:**<br>Ei dør inn til samordna hjelpetenester, alle med rett til ansvarsgruppe/ IP har koordinator | | | |
| | **Barneverntenesta, skala frå 1 – 6 der 6 er best:** | | | |
| | • I kva grad foreldre føler at dei blir behandla med respekt | 4,7 | 4,4 | 4,7 |
| | • I kva grad foreldre føler at dei får høve til å påverke kva for tiltak dei skal ha | 4,5 | 4,9 | |
| | • I kva grad foreldre synest det er lett å kome i kontakt med barnevernet | 4,6 | 4,0 | 4,6 |
| | • I kva grad dei tilsette følgjer opp det vi har avtalt | | 3,9 (4,8) | 4,8 |
| | • I kva grad hjelpen frå barnevernet gjer det lettare for meg å gi god omsorg | | 3,9 (4,4) | 4,4 |
| | **Helsestasjonen, skala frå 1 – 6 der 6 er best:** | 45 % delt. | | |
| | • Andel foreldre som meiner at dei tilsette er lydhøyre for deira ønskje og behov | 5,1 (5,1) | 5,1 | |
| | • Andel foreldre som meiner at dei tilsette møter dei og barnet med venlegheit og respekt | 5,7 (5,6) | 5,6 | |
| | • Andel foreldre er fornøgde med muligheita til å få kontakt med helsestasjonen | 5,1 (5,4) | 5,4 | |
| | • Andel foreldre som meiner at dei tilsette gir informasjon som er forståeleg og tilstrekkeleg | 5,3 (5,3) | 5,3 | |
| | • Respektfull behandling | | | 5,5 (5,3) |
| | • Brukarmedverknad | | | 4,9 (4,8) |
| | • Pålitelegheit og kompetanse | | | 5,3 (5,2) |
| | **PPT:**<br>Ingen brukarundersøkingar er tilgjengeleg for PPT.<br>Denne kan teljast lokalt: | | | |
| | • Andel av samla teneste som er systemsaker retta mot skular og barnehagar | | | 40 % |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | **Barneverntenesta:** | | | |
| | • Barn med undersøking eller tiltak pr årsverk | 16,4 | 17 | 17 |
| | • Andel undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd (2 av 5 var beslutta utvida undersøkingstid) | 13,0 | 12 | 10 |
| | • Andel barn med tiltak pr 31.12. med utarbeidd tiltaksplan | 100,0 | 84,6 | 100 |
| | • Gjennomføre treffetid på 1 grunnskule | | | 100 |
| | **Helsestasjonen:** | | | |
| | 1. Andel mødre som full-ammar ved 5 månader | 30 % | Ikkje kartlagt i 2015 | 30 % |
| | 2. Andel mødre som ammar delvis når barnet er 5 mnd | 57 % | | |
| | 3. Andel mødre som ammar delvis når barnet er 1 år | 45 % | | 45 % |
| | 4. Andel barn i 3. klasse med overvekt/fedme | 15 % | 10 % | 15 % |
| | 5. «Jordmor heim» som fast teneste frå aug.-15 | | 0 % | 100 % |
| | **PPT:** | | | |
| | • Andel sakkunnige vurderingar knytt til rett til spesialundervisning som konkluderer med at eleven får tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga | 20 % | 11 % | |
| | • Andel henviste saker der sakkunnig vurdering er ferdigstilt innan 3 månader | | 30 % | 60 % |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Organisasjon** | **Andel dagsverk med sjukefråver:** | | | |
| | **Samla sjukefråver 2015** | 4,1 | 6,6 | 6,5 |
| | Andel av personalet som har kjennskap til og erfaring i bruk av refleksjonsmodellen i kombinasjon med LØFT-metodikken | 75 % | 75 % | 100 % |
| | Spisse kompetansen gjennom å tildele fokusområde for kvar tilsett i samsvar med eige fagutviklingsønske | | 50 % | 75 % |
| | Utvikle ein tverrfagleg tiltaksbank for førebyggande arbeid i familiar, - tidleg intervensjon med spesielt fokus på den psyko-sosiale folkehelsa | Oppstart | | 1-2 tverr-fagleg tiltak |
| **Økonomi** | Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) * | 191 | 255 | 191 |
| | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) | 100 | 110 | 100 |

All overtidsbruk gjeld barneverntenesta; - lange/ mange dagar i retten samt arbeid i akuttsaker.

## 5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Barne- og ungdomstenestene yter tverrfagleg konsultasjon til personalet i barnehage og skule i tillegg til samordna tenester til foreldra og familiar. Dei tverrfaglege teama har kompetanse på prioriterte tema og kan vere ein ressurs i implementeringsarbeid.
- Utvida samarbeid på tvers er høgt prioritert som vidareutvikling av dei tverrfaglege teama i Barne- og ungdomstenestene. Det er inngått forpliktande samarbeid mellom NAV, heimetenestene v/ psykiatriske sjukepleiarar, Bu- og habiliteringstenestene og BUP med tanke på faste rutinar for utvida samarbeid på tvers av driftseiningane.
- Utfordringar ved overgang til vaksenlivet er òg tema i samarbeidsgruppa nemnd i punktet ovanfor. Det er store utfordringar i høve overgangen frå barn til vaksen når det gjeld tenester med heimel i Helse- og omsorgstenestelova. Ei koordinerande eining lagt til tenestekontoret vil lette overgangen og kvalitetssikre lik saksbehandling og eit forsvarleg helse- og omsorgstilbod til alle grupper.

**PPT:**

- PPT skal vere tilgjengeleg og bidra til heilskap og samanheng, skal arbeide førebyggande og vere tett på, skal bidra til tidleg innsats i barnehage og skule, og vere ei fagleg kompetent teneste
- PPT har framleis høg tidsbruk på sakkunnige vurderingar, men tidsbruken er no meir knytt til prosesspregа drøftingar med skular og barnehagar undervegs i arbeidet og i samsvar med utviklingsplanen for oppvekstsektoren
- PPT er i tett dialog med skular og barnehagar m.a. for å hjelpe dei med å gi fleire barn forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa og betre tilrettelegging av spesialundervisning til dei som har rett til det. Vere med å sikre tydeleg samanheng mellom tilråding i sakkunnig uttale, vedtak og IOP/ evaluering.

**Helsestasjonen:**

- Andelen framandspråklege blant fødande har gått ned i 2015. Av 64 nyfødde hadde 19 barn foreldre med utanlandsk bakgrunn (ein eller begge). Dette utgjer 30 % av dei

nyfødde (48 % i 2014). Arbeidet med utanlandske familiar er utfordrande både fagleg, språkleg og tidsmessig. Pålagt bruk av tolketeneste krev ekstra tidsressurs til kvar konsultasjon i tillegg til kostnadene.

- Det er ei stor utfordring å makte kravet om tett oppfølging av dei fødande som kjem heim frå sjukehuset etter 2 dagar. Det er viktig for å sikre god ammestart, og det er sett opp som eit av resultatmåla for 2016 at «Jordmor heim» skal vere eit tilbod til alle.
- Helsesøsterressursen er for liten i skulehelsetenesta. Mange elevar og foreldre etterspør tiltak og hjelp, og det vart vedtatt at ressursen skal aukast i 2016 i samsvar med nasjonale føringar med økonomiske ressursar som er lagt inn i rammetilskotet over fleire år. På denne bakgrunn vil ein kunne få ei meir forsvarleg skulehelseteneste i 2016.

**Barneverntenesta:**

- Staten byggjer ned tiltak og tenester innan barnevern. Kommunane blir pålagt å byggje opp tiltaksbank og drifte dette lokalt. Barneverntenesta har sett ned ei gruppe for fokusere på kva tiltak ein kan drifte kommunalt/ved interkommunalt samarbeid (Rauma)
- Aukande omfang av saker med utgangspunkt i vald i nære relasjonar i både norske og utanlandske familiar. Dette er krevjande saker der ein må arbeide tett opp i mot Barnehuset og Politiet.
- Barneverntenesta har over tid arbeidd systematisk med melderutinar til barnehagane, skulane og andre etatar, jfr arbeid med Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.
- Det er store utfordringar med å ikkje vere knytt til barnevernsvakt på kveld og helg.
- Tenesta skal vere meir synleg og tilgjengeleg. Barneverntenesta vil starte med å gjennomføre treffetid på 1 grunnskule, Helland skule, i 2016 som ei prøveordning.

**Omsorgstenester for barn:**

- Ein bør sjå på ei løysing der ein kan samordne ressursane slik at ein sikrar likebehandling i høve saksbehandling og vurderingar uansett kva alder det er på søkjaren/ brukaren.
- Overgangen ved 18 år er ei stadig utfordring. Med ei koordinerande eining via Tenestekontoret vil ein ha større muligheit til å gjere denne overgangen forsvarleg.

## 5.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

- Tettare samarbeid på tvers; m.a. Barne- og ungdomstenestene, aktørane i 3-trinnsmodellen i bolig-sosial handlingsplan, samarbeid med 2. line BUP og DPS
- Fortsatt fokus på Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Gjennomført foreldrerettleiingsprogrammet «Foreldre i Norge» i samarbeid med Vestnes mottak, krisesenter/politi, barnehage og skule. Alle busette flyktningar deltok. Programmet er utvikla av UDI og vart gjennomført med oppmøtetolk som Vestnes mottak dekte utgiftene til.
- Fekk vidareført kommunepsykologprosjektet samt starta opp nytt prosjekt Styrka skulehelseteneste i vidaregåande skule, begge med tilskot frå Helsedirektoratet
- Ekstra innsats innan rusførebygging vart sett inn då ein fekk meldingar om mogleg aktivt rusmiljø under utvikling blant elevar på ungdomstrinnet. Ein fekk inn Frode Tafjord frå Camilla-stiftelsen, og han held gripande foredrag for elevane på begge ungdomsskulane. Foredraget engasjerte elevane sterkt, og bodskapen vart ein vekkjar for mange. I tillegg held F. Tafjord foredrag for foreldregruppa og for tilsette i Vestnes kommune;







**Frå foredraget i Camilla-stiftelsen**

**PPT:**

- Alle elevar, føresette og skulen får tilbakemelding etter utgreiing og høve til drøfting av tiltak før endeleg konklusjon i sakkunnig uttale
- Omlegging av rutinar for tilråding og iverksetting av logopedteneste
- Skulane tar større ansvar for kartlegging og utprøving av tiltak før tilvising til PPT

**Helsestasjonen**:

- Vestnes kommune fekk vidareført tilskot til 100 % kommunepsykolog og vart i tillegg tildelt tilskot til styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule i 2015. Auka helsesøsterressurs vart sett inn frå august 2015. Helsesøster og psykolog har arbeidd tett saman med PPT og skulens ressursteam og oppnådd stor forståing i personalet for at psykisk helsearbeid er viktig både på skulen og internatet.
- Ei helsesøster fekk hospitere ved klinikk for seksuell helse. Dette tilførte Helsestasjonen verdfull kompetanse.
- Fått auka ressursen til asylhelsetenesta med 20 % slik at ein kan makte å gi forsvarlege tenester når Vestnes mottak aukar til 170 + 30 bebuarar.

- Rutinar for flyktninghelsetenesta med oppgåve- og ansvarsdeling mellom helsestasjonen og legesenteret er under utarbeiding.

**Barneverntenesta:**

- Starta opp kommunalt førebyggande tiltak «Kjør for livet» for aldersgruppa 10 – 18 år.
- Starta med kompetanseheving for saksbehandlarane i Førebyggande foreldreintervensjon saman med Rauma kommune. Fylkesmannen dekkjer alle utgifter. Utdanninga blir fullført i 2016.
- Har tilbakeført fleire omsorgsplasserte barn samt gjennomført adopsjon av omsorgsplasserte barn. Talet på barn under kommunal omsorg gjekk derfor ned i 2015.

## 5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Kompetanseheving og utvikling av rutinar innanfor temaet Vald i nære relasjonar/arbeid med Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Bruke refleksjonsmodellen fast i møte med barn, ungdomar og foreldre/familiar
- Førebyggande arbeid i familiar gjennom familierettleiing
- Hjelpe skular og barnehagar med å utvikle eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring
- Oppretta tilbod om aktivitetsgruppe, matkurs og helsesamtalar (med tiltakspermar) i regi av overvektsprosjektet Vestnes-Rauma

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i kvart felles personalmøte
- Medarbeidarsamtalar
- Velferdskomitè med ulike tiltak m.a. hemmeleg venn, bursdagshelsing, velferdsturar

## 5.6 KOSTRA tal på området

| | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Barnevern** | | | | | | | |
| Nto driftsutgifter pr innbyggar | 2 387 | 1 682 | 1 823 | 1362 | 1 247 | 1564 | 2 092 |
| Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år | 11 938 | 7 710 | 8 323 | 6 561 | 5 617 | 7 481 | 9 200 |
| Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet | 138 439 | 100 564 | 110 365 | 80 339 | 80 817 | 113 603 | 132 026 |
| Andel nto driftsutg til saksbehandling | 25,0 | 34,2 | 30,9 | 31,2 | 43,2 | 25,8 | 30,5 |
| Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsv | 17 | 18 | 16 | 20,2 | 17 | 18,8 | 17 |
| Andel barn med barneverntiltak pr innb 0-17 år | 6,4 | 5,1 | 4,8 | 6,6 | 4,0 | 4,0 | 4,6 |
| Andel undersøkelse som fører til tiltak | 44,2 | 44,9 | 42,8 | 68,1 | 41,9 | 30,1 | 34,2 |
| Stillinger m/fagutdanning pr 1000 barn 0-17 | 4,4 | 3,8 | 4,2 | 3,9 | 3,6 | 3,2 | 3,6 |
| Andel undersøkelser m/behandl.tid over 3 mnd | 12,0 | 30,0 | 18,0 | 19,0 | 26,0 | 31,0 | 7,0 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Helsestasjon** | | | | | | | |
| Nto. driftsutg. Helsestasjon- og skulehelset. pr. innb. 0 - 20 år | 2 581 | 2 153 | 2 141 | 2 009 | 1 873 | 2 255 | 1 960 |
| Andel nyfødte med heimebesøk innan 14 dag | 90 | 95 | 89 | 103 | 98 | 86 | 103 |
| Andel fullført 4 - års kontroll | 100 | 97 | 98 | 101 | 90 | 85 | 98 |
| Andel fullført undersøkelse i løpet av 1. klasse | 101 | 96 | 99 | 93 | 103 | 85 | 109 |

- Vestnes kommune har høge kostnader til barnevern, langt over gjennomsnitt, også høgre enn våre nabokommunar. Ei av årsakene er nok at kommunen har omsorgsansvar for mange barn.
- Kostnaden pr. barn i barnevernet er høg.
- Andel barn med barnevernstiltak er også høgre i Vestnes enn gjennomsnittet. Det er nok sterkt medverkande årsak til høg barnevernkostnad.
- Vi bruker under snittet av utgiftene på saksbehandling. Behandlingstid på over 3 månader er forholdsvis låg.
- Også på helsestasjon og i skulehelsetenesta bruker vi noko over gjennomsnitt.

## Utvikling 2010 - 2015

| Nokre KOSTRA tal - Barnevern | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring i % 10 - 15 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto driftsutgifter pr innbyggar | 1 549 | 1 670 | 1 808 | 2 108 | 2 244 | 2387 | 54,1 |
| Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år | 6 925 | 7 653 | 8 480 | 10 110 | 10 941 | 11 938 | 72,4 |
| Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet | 117 163 | 113 760 | 103 293 | 117 160 | 119 484 | 138 439 | 18,2 |
| Andel nto driftsutg til saksbehandling | 30,2 | 28,8 | 33,2 | 33,0 | 31,3 | 25,0 | -17,2 |
| Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsv | 17,2 | 19,2 | 20,0 | 17,2 | 18,5 | 17,0 | -1,2 |
| Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år | 4,8 | 5,1 | 6,4 | 6,8 | 6,9 | 6,4 | 33,3 |
| Andel undersøkelse som fører til tiltak | 56,7 | 66,7 | 67,2 | 60,0 | 55,3 | 44,2 | -22,0 |
| Stillinger m/fagutdanning pr 1000 barn 0-17 | 2,6 | 2,8 | 3,4 | 3,9 | 4,2 | 4,4 | 69,2 |
| Andel undersøkelser m/beh tid over 3 mnd | 46,7 | 27,5 | 25,0 | 20,0 | 13,0 | 12 | -74,3 |

- Netto utgifter til barnevern har auka mykje i perioden.
- Kostnaden pr. barn i barnevern varierer frå år til år, alt etter kva tilbud dei har. Auken var spesiell stor i 2015.
- Andel barn som har barnevernstiltak har auka mykje i perioden.
- Det har vore auke i bemanning innan barnevern, det har og ført til at andelen undersøkingar med behandlingstid på over 3 månadar er kraftig redusert. Dette må vi sjå på som svært positivt.

## 5.7 Økonomisk resultat 2015

| Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| PPT m.m. | 2 830 | 4 437 | 1 842 | 2 595 | 2 540 | 55 | 2,2 |
| Div. prosjekt | 0 | 2 833 | 2 050 | 783 | 524 | 259 | |
| Helsestasjon | 2 683 | 2 933 | 179 | 2 754 | 2 680 | 74 | 2,8 |
| Jordmorteneste | 266 | 410 | 148 | 262 | 277 | -15 | -5,4 |
| Barnevern | 13 907 | 18 853 | 4 324 | 14 529 | 12 127 | 2 402 | 19,8 |
| Tilsyn barnevern | 116 | 168 | 53 | 115 | 0 | 115 | |
| Omsorgstenester barn/ungdom | 2 259 | 2 297 | 372 | 1 925 | 1 817 | 108 | 5,9 |
| Komm tenester Vestnes mottak | 1 479 | 1 444 | 270 | 1 174 | 1 262 | -88 | -7,0 |
| | 23 540 | 33 375 | 9 238 | 24 137 | 21 227 | 2 910 | 13,7 |

- Driftseininga hadde eit meirforbruk på 2,9 mill. kr, eller 13,7 %. Dette er svært mykje.
- Auken i utgifter frå 2014 til 2015 er imidlertid berre knapt kr 600.000,-, eller 2,5 %.
- Det var gitt signal i rekneskapsrapportar gjennom året at eininga ikkje ville klare å holde budsjettet.
- Det er barnevern som har meirforbruk, heile 20 %. Budsjettet var imidlertid 1,8 mill. kr under tilsvarande forbruket i 2014. Budsjettet var nok i utgangspunktet urealistisk.

## Utvikling 2010 - 2015

| Driftseining | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring 2010 - 2015 kroner | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| PPT | 2 470 | 2 755 | 2 577 | 2 820 | 2 830 | 2 595 | 125 | 5,1 |
| Helsestasjon | 2 369 | 2 367 | 2 470 | 2 535 | 2 683 | 2 754 | 385 | 16,3 |
| Jordmorteneste | 196 | 217 | 229 | 264 | 266 | 262 | 66 | 33,7 |
| Barnevern | 9 849 | 10 765 | 10 970 | 13 463 | 13 907 | 14 529 | 4 680 | 47,5 |
| Sosiale tenester barn/ungdom | 2 068 | 2 491 | 3 458 | 2 304 | 2 259 | 1 925 | -143 | -6,9 |

Det er spesielt barnevern som har hatt stor auke i utgiftene. Største auken var i 2013.

### Dei største utgiftene i barnevernet var i 2015 følgjande:

| alle tal i 1000 kroner | 2014 | 2015 |
|---|---|---|
| Løn/godtgjersle fosterheimar | 4 616 | 6 099 |
| Løn faste stillingar i barnevernet | 2 010 | 2 114 |
| Utgifter fosterheimar | 1 985 | 2 675 |
| Kjøp av plassar statlege institusjonar | 1 127 | 1 716 |
| Juridisk bistand/rettssaker | 1 026 | 1 145 |
| Førebyggande tiltak | 755 | 1 097 |
| Refusjon frå stat og kommune | -1 622 | -3 211 |

# KAP 6 VAKSENOPPLÆRINGA OG FLYKTNINGTENESTA

## 6.1 Oversikt over sektoren

Vaksenopplæringa og flyktningtenesta høyrer organisatorisk til driftseininga Barne- og ungdomstenestene.

| Ansvar, fordelt sjå nedanfor | Årsverk 2014 | Årsverk 2015 | Evt merknad |
|---|---|---|---|
| **Felles driftsleiar for Barne- og ungdomstenestene, Vaksenopplæringa, Flyktningtenesta + sekretær for Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta** | **1,6** | **1,6** | |
| **Vaksenopplæringa** | **6,5** | **6,5** | |
| **Flyktningtenesta** | **1,0** | **1,5** | **I tillegg styrka helsestasjon, barnehage og skule** |

## 6.2 Resultatmål 2015

| Målområde | Styringsindikatorar | Mål 2015 | Resultat 2015 | Mål 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/ IKT** | **Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta:**<br>Bli trygg på og implementere fagsystemet Visma voksenopplæring og flyktning i alt arbeid opp i mot deltakarar i norskopplæring og introduksjonsprogram. | | Kjøpt, installert og tatt i bruk | 100 % |
| | Overgang frå dagleg arkiv i ephorte til arkiv i Visma voksenopplæring og flyktning (i samråd med arkivar) | | 20 % | 100 % |
| | **Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta:**<br>Deltakarar med rett og plikt (RP) som er busett i Vestnes er kompetente IKT-brukarar i dagleglivet (m.a. mail, nettbank, min ID, digipost, straumavlesing) | 80 % | 80 % | 90 % |
| | Skulen har nødvendig datautstyr tilgjengeleg | 100 % | 80 % | 100 % |
| **Brukarar - "opplevd kvalitet"** | **For Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta** er ingen brukarundersøkingar tilgjengeleg.<br>Mål: kvar busett flyktning i opplæring/ program skal ha ein kontaktperson/koordinator som har ansvaret for høgast mogleg progresjon og utvikling i integreringsperioden. | | | 100 % |
| **Teneste "objektiv målt kvalitet"** | **Vaksenopplæringa:**<br>• Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive) | 95 % | 83 % | 95 % |
| | • Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgare | 95 % | 10 0% | 95 % |
| | • Innvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap og består ( Ørskog sine kandidatar er ikkje medrekna) | 100 % | 100 % | 100 % |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Flyktningtenesta:** Andel av flyktningane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta | 60 % | 100 % | 60 % |
| **Økonomi** | Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) | | 5 | 0 |
| | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) – Flyktningtenesta *) | | 98,26 | 100 |
| | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) – Vaksenopplæringa | | 100 | 100 |

*) Gjeld totalbudsjettet for Busette flyktningar; helsestasjonsteneste, barnevernteneste, tolketeneste og introduksjonsordninga. (Introduksjonsordninga 98,66%)

## 6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

**Flyktningtenesta:**

- Flyktningarbeid har stort fokus i samfunnet grunna den store tilstrøyminga av flyktningar til Europa. Å lykkast i dette arbeidet har stor verdi lokalt og nasjonalt
- Godt samarbeid og gode rutinar for tenesteyting til flyktningar i m.a. NAV, legesenter, helsestasjonen, eigedomsdrift, må på plass for å kvalitetssikre arbeidet totalt sett
- Godt samarbeid med lag og organisasjonar er viktig for å få på plass gode rutinar for frivillig innsats og etter kvart sjølvstendig deltaking i ulike aktivitetstilbod
- Skaffe mange nok og godt eigna bustader
- Oppnå godt innhald i introduksjonsprogrammet slik at ein styrkjer deira deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Resultatmålet om ein kontaktperson/ koordinator pr busett flyktning er avgjerande for å lykkast i dette arbeidet, samt nytte mentor-ordning ved opplæring i bedrift
- Få mange over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram, sjå fastsette resultatmål ovanfor
- Gi god oppfølging til flyktningar i vidaregåande skule slik at dei kan meistre krava/ læringsmåla t.d. i form av leksehjelp på kveldstid
- Arbeid med kvardagsintegrering

**Vaksenopplæringa:**

- Korleis utvikle best mogleg introduksjonsprogram for kvar enkelt busett flyktning med tanke på kvalitet og progresjon slik at dei når måla sine om arbeid og aktivitet? Det er viktig med ein kontaktperson/koordinator for kvar busett flyktning, og målet er at det skal vere på plass i Vaksenopplæringa før sommarferien 2016.
- Kva er beste organisering når mange ulike behov skal ivaretakast? Arbeidsinnvandrarar, asylsøkjarar med rett til avgrensa timetal (175 timar i 2016), personar med opphald som bur i mottaket og har fått rett/plikt til norsk og samfunnskunnskap, familiegjenforeinte med norsk statsborgar som har same rett/plikt og dei busette flyktningane med rett/plikt til introduksjonsprogram på heiltids- og heilårsbasis. Vaksenopplæringa arbeider kontinuerleg med å gjere dette stadig betre.
- Grunnskule 9./10. klasse, realkompetansevurdering, undervegsvurdering, eksamen
- Gje god rettleiing i høve vidaregåande skule for vaksne
- Systematisk bruk av nettbaserte opplæringsprogram som supplement til tradisjonell undervisning

## 6.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

**Flyktningtenesta:**

- Busett 12 flyktningar i 2015, 10 vedtatt busett i 2015 + 2 frå 2016-kvoten
- Busett 10 familiegjenforeinte; 3 vaksne og 7 barn
- Alle har starta i introduksjonsprogram etter kort tid
- 2 har avslutta program og er over i arbeid/ utdanning
- Fått mange positive tilbakemeldingar frå lokalsamfunnet
- Godt samarbeid med private utleigarar av hus/ leilegheiter
- Godt samarbeid med offentleg og privat arbeidsliv i høve språkpraksis og arbeidspraksis

**Vaksenopplæringa:**

- Organisert grunnskuletilbod til alle flyktningar som har behov for det og er kvalifisert til å starte i grunnskuleløp i Vestnes og Ørskog kommunar
- Gjennomført lokalt prøver i norsk, skriftleg og munnleg, samt samfunnskunnskapsprøver med deltaking frå fleire av nabokommunane
- Gjennomført samfunnsfagskurs med deltaking frå fleire kommunar
- Gjennomført norskkurs for arbeidsinnvandrarar lagt til bedrift
- 4 tok grunnskuleeksamen våren 2015
- Starta med systematisk bruk av nettkurs som supplement til ordinær undervisning/ bruk av lærebøker

## 6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Stort fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/ trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet
- Gitt opplæring med mål at deltakarane skal forstå at god fysisk helse er avgjerande for god psykisk helse
- Opplæring gjennom kurset «Foreldre i Norge»
- Fokus på handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i felles personalmøte i driftseininga
- Medarbeidarsamtalar
- Velferdskomitè med ulike tiltak gjennom året

## 6.6 Økonomisk resultat 2015

| Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Voksenopplæring | 0 | 6 561 | 6 868 | -307 | -235 | -72 | |
| Flyktningtenese | 3 856 | 7 983 | 2 445 | 5 538 | 5 637 | -99 | -1,8 |
| Sum | 3 856 | 14 544 | 9 313 | 5 231 | 5 402 | -171 | -3,2 |

- Vi får statlege tilskott for asylantar som har rett og plikt til norskopplæring. Statlege tilskott og sal av undervisningstenester til private og bedrifter dekkjer heile drifta av vaksenopplæringa i Vestnes kommune.
- Tilskotta for dei busette flyktningane er høgre enn det flyktningtenesta disponerer. Tilskotta vert ført på anna ansvar.
- Vi mottok ca 9,0 mill. kr i integreringstilskott i 2015.
- Utgiftene i 2015 til asylantar og flyktningar var mindre enn det vi fekk i vertskommunetilskott og integreringstilskott. Viser til rapport til kommunestyret om kommunen sitt arbeid med asylantar og busette flyktningar, der er m.a. økonomien omtala meir detaljert.

# KAP 7 KULTUR OG FRITID

## 7.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitlet:
Vestnes Kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, frivilligsentralen og biblioteket.

| Teneste | Tal Årsverk 2014 | Tal Årsverk 2015 | Evt merknader |
|---|---|---|---|
| **Kulturskulen** | 8,23 | 8,23 | Tillegg:<br>0,20 årsverk – kjøp frå Operaen i Kristiansund.<br>0,35 årsverk- engasjement badevakt.<br>0,50 årsverk – prosjektstilling fordelt på ulike lærarar. |
| **Sentraladm.** | 0,6 | 0,6 | Alment kulturarbeid, friluftsliv, "barn og unge" |
| **Frivilligsentral** | 1 | 1 | Tillegg:<br>3 timar pr veke – reinhaldstenester. |
| **Biblioteket** | 1,5 | 1,5 | |

## 7.2 Resultatmål 2015 – Kultur og fritid

| Kultur i sentr.adm (60%) | Heimel | Type sak - resultatmål |
|---|---|---|
| **Kulturtemaplan** | Statlege retningsliner | Gjennomføre ei årleg, tilfredsstillande rullering av temaplan for adm,sjefen med vedtak i kommunestyret i desember. |
| **Spelemiddelordning.<br>Idrett og friluftsliv<br>Statleg sikring av friluftsområde** | Statlege retningsliner<br><br>Årsbudsjett / Øk.plan | Utføre og koordinere ordningane tilfredsstillande. Årleg saksførebuing mot fylke og stat. Kommunepliktig ajourhald av det offentlege idrettsanleggsregisteret i spelemiddelordninga. Forvaltningsplanlegging, samarbeid med off. etatar, frivillige, friluftsråd og idrettsråd |
| **Stadnamnlov, kulturvern, bygdebok, museum, Idrettsanlegg, friluftsliv og folkehelse<br>Tilskotsformidling, prosjektoppfølging<br>Barn, ungdom og førebygging** | Lovforvaltning<br>Planoppfølging<br><br>Årsbudsjett / Øk.plan | Avvikle møte med lag og organisasjonar av ulike slag rundt om i kommunen. Utføre og koordinere ei tilfredsstillande saksførebuing for adm.sjefen, også med tanke på årsbudsjett og økonomiplan. Tilfredsstillande planoppfølging. |
| **Barnerepresentant<br>Koordinator for Vestnes ungdomsråd** | Statlege og lokale retningsliner | Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningsliner |
| **TV-Aksjonen, kommunekomiteen** | TV-Aksjon i oktober | Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/ frivilllige. |
| **Tusenårskomiteen / nyttårsmarkering 31/12, ved Sjøgata/Kataholmen.** | Ordførar/Brannvesen | Tilfredsstillande førebuing/gjennomføring saman med ordførar, brannvesen og frivillige |
| **Kulturpris** | FSK - ordførar | Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring |
| **Næringspris** | FSK - ordførar | Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring |

| Vestnes Kulturskule | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Målområde** | **Styringsindikatorar** | **Mål 2015** | **Resultat 2015** | **MÅL 2016** |
| **Teknologi IKT** | Vurdere nytt bookingsystem Myra kulturbygg. | Gjere Myra kulturbygg meir brukarvennleg for leigetakarar | Ser det som uhensiktsmessig å gjennomføre | Skaffe mobil bankterminal |
| **Brukar-undersøkjing**<br><br>**"opplevd kvalitet"** | Brukarundersøking -skala 1-6, der 6 er best. | | | Å halde oss på same nivå som 2013, eller betre. |
| | Totalscore Kulturskulen (Frå 2013) | 5,5 | 5,2 | |
| | I kva grad meiner føresatte at barnet får undervisning tilpassa sitt nivå. | 5,5 | 5,2 | |
| | I kva grad meiner føresatte at barnet føler tilhørigheit til kulturskulen. | 5,5 | 5,0 | |
| | I kva grad meiner føresatte at samarbeidet kulturskule / heim fungerer godt. | 5,5 | 5,2 | |
| **Objektiv kvalitet/** | Utvide fagtilboda ved kulturskulen. | Vidareføre kunstfaget som kurs. Starte kurs i teater. | Kursa vart avlyst grunna for få påmeldte | Startar nye kurs både i teater og kunst hausten 2016 |
| | Kulturtilbod for eldre. (kulturell spaserstokk) | Vedlikehalde konserttilboda for eldre. | Vi har 3 konsertar i drift. | Vedlikehalde og vidareutvikle konserttilboda for eldre. Utvikle fleire kulturtilbod for eldre på dagtid. |
| | Verkstader for grunnskulen. (kulturelle skulesekk) | Produsere ein ny verkstad. Vedlikehalde eksisterande. | Gjennomført: Vi har 4 verkstader i drift og den 5. er ferdig produsert og klar for sal. | Vedlikehalde og selje 5 verkstader |
| | Ny rammeplan "mangfold og fordypning" | Implementere rammeplanen i kulturskulen. | Arbeidet er i gang | Godkjenning av Rammeplan i kommunestyret |
| | Utarbeide lokale læreplaner | Alle fagtilbod skal ha læreplaner. | Dei fleste fagplanane er ferdigstilt | Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringar |
| | Vidareutvikle UKM som ei mønstring med høg kvalitet og godt omdømme | Fleire deltakarar og større breidde. | Gjennomført. God effekt av UKM verkstad på førehand | Vidareføre UKM verkstad |
| **Organisasjon** | Andel dagsverk med sjukefråver for heile eininga Kultur og Fritid<br>• Eigenmeldt<br>• Legemeldt | Mål: under 5. | 6,4<br><br>0,2<br>6,2 | Mål: under 5. |
| **Økonomi** | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) for heile eininga Kultur og fritid, (med unntak av sentraladmin.) | 100 | 101,51 | 100 |

| Vestnes Folkebibliotek | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Målområde** | **Styringsindikatorar** | **Mål 2015** | **Resultat 2015** | **MÅL 2016** |
| **Brukar-undersøkjing** | Brukarundersøking (6 er beste score) | Høgare svarprosent enn 2013 – målbart resultat | 54 % deltaking Heilheitsvurdering: **5,4** | 5,5 |
| **Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester** | Utlån pr innbyggar | 3,7 | 3,5 | 3,6 |
| | Besøk pr innbyggar | 3,7 | 3,5 | 3,6 |
| **Økonomi** | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett %) | 100 | 99,8 | 100 |

| Vestnes Frivilligsentral | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Målområde** | **Styringsindikatorar** | **Mål 2015** | **Resultat 2015** | **MÅL 2016** |
| **Strategi** | Utarbeide 3-årig strategi for Vestnes Frivilligsentral. | Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016. | Gjennomført | Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016.<br>Utarbeide ny strategi for 2017-2019. |
| **Synleg** | Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen. | Vestnes Frivilligsentral er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media. | Gjennomført | Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media. |
| **Forankring i frivilligheita** | Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheten i Vestnes kommune. | Frivilligsentralen oppsøker frivilligheten aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid. | Gjennomført | Frivilligsentralen oppsøker frivilligheten aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid, og særleg med rettleiing i arbeid med pengesøknader |
| **Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester** | Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetane:<br>1) Full Rulle<br>2) Kulturkafé<br>3) Gåturar<br>4) Seniorsurf<br>5) Språkkafé<br>6) Møteplassen!, for ungdom<br>7) Frivilligdagen – fole kjekt i Vestnes! | Evaluere/endre aktivitetane Kulturkafé og Gåturar. Fortsette med Full Rulle og Seniorsurf som før. Oppstart av Språkkafé for innvandrarar. Oppstart av Ungdomskafé, ein møtestad for ungdom. | 1) Gjennomført, kvar onsdag<br>2) Gjennomført kvar tysdag<br>3) Gjennomført ,16 turar<br>4) Ikkje gjennomført<br>5) Gjennomført, snitt 40 deltakarar, kvar onsdag.  Prosjekt med Multikultureltkor, 6 gonger, samarb Kulturskulen.<br>6) Oppstart av Møteplassen! mars 2015, pga dalande oppmøte vart aktiviteten satt på vent frå hausten<br>7) Gjennomført med 25 org., Kulturskulen og Sentrumsforeininga. | 1) Arbeide for å nå fleire grupper.<br>2) Involvere fleire organisasjonar i gjennomføring.<br>3) Nå breiare ut og auke antal deltakarar.<br>4) Starte opp att Seniorsurf i samarbeid med biblioteket.<br>5) Arbeidsinnvandrar og kvinner deltek i større grad. Busette deltek i arbeidet med gjennomføringa. Sikre ei stabil gruppe frivillige.<br>6)  Gjenoppstart av Møteplassen! hausten 2016 i samarbeid med skulane og Ungdomsrådet.<br>7) Arrangere Frivilligdagen 2016 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Arrangere temakveldar om aktuelle problemstillinngar knytt til frivilligheten i Vestnes. | 2 stk i 2015. | Ikkje gjennomført | 1 stk i 2016. |
| | Frivilligsentralen arrangerer kurs i styre- og økonomiarbeid for lag og organisasjonar. | 1 stk i 2015/2016 | Ikkje gjennomført | 1 stk i 2016 |
| | **Mål for 2015:** Opprette Utstyrssentral | Haust 2015 | Gjennomført, oppretta med i hovudsak vinterutstyr. | Drifte og utvide Utstyrssentralen med meir utstyr for aktivitet på vår, sommar og haust. |
| | Invitere lag og organisasjonar til å opprette turkonkurransen StikkUT!, og koordinere arbeidet. | 2015 | Gjennomført, StikkUT! frå mai 2015 med 10 turmål, gode turskildringar og merking. Stor frivillig innsats. | Koordinere StikkUT! 2016. |
| **Organisasjon** | Det har vore tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 3 styremøter i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen. | | Dagleg leiar har vore i permisjon frå april 2015 til mars 2016. To vikarar har delt stillinga i perioden. | Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar. |
| **Økonomi** | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) | 100 | 81,46 | 100 |

Bilder frå StikkUT-konkurransen









## 7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

**Kultur i sentraladministrasjonen:**

- Arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen er omfattande, men samstundes oversiktleg og resultatretta. For 2015 er ein minst nøgd med ressursmangel knytt til sluttføring av bygdebokarbeidet “Gard og Slekt.”

**Vestnes Kulturskule:**

- Lokala er ikkje tilpassa bruken. Stadige utfordringar med lydforhold, lysforhold, temperatur og fukt i kjellaren, gjer at kvart år er meir og meir krevjande for personalet. Dei trafikkale forholda ved Kulturskulebygget er nervepirrande.

- **Ny rammeplan**
  Den nye rammeplanen “mangfold og fordypning” gir oss ein ny organiseringsmodell, og kategoriserer fagtilboda i tre ulike opplæringsprogram, som skal ivareta aktivitet,

opplæring og fordjuping. Sentrale føringar i Rammeplanen er personalmessig utfordrande ved ressursbruk i høve talentutvikling.

**Vestnes Frivilligsentral:**

- Vestnes Frivilligsentral skal vere ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheten i Vestnes kommune. Frivilligsentralen må gjennom samarbeidsprosjekt og tilbod om rettleiing bli meir aktuell og synleg for frivilligheten i kommunen. Ein må arbeide for eit styrka samarbeid mellom kommunen, sentralen og det frivillige arbeidet elles. Frivilligsentralen ønskjer å styrke rolla si som rettleiar og støttespelar for lag og organisasjonar sitt arbeid med å utvikle prosjekt/aktivitet, og få økonomisk støtte til dette.
- Eventuell kommunesamanslåing vil få konsekvensar for både organiseringa av Frivilligsentralen og truleg for sentralen sine økonomiske rammer. Regjeringa har foreslått å flytte ansvaret for støtte til Frivilligsentralar frå staten til dei nye kommunane. Det vert viktig for sentralen å vise rolla den spelar i lokalsamfunnet når det gjeld å bidra til ein levande frivilligsektor, trivsel og tilknyting i lokalsamfunnet. Frivilligheita er ein sektor som og må bli tatt omsyn til når eventuelt ny kommunestruktur vert forma.

**Vestnes folkebibliotek:**

- *Folkebiblioteklovens § 1: "Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet.*

  *Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt."*
- Biblioteket skal i tilbodet sitt til born og vaksne leggje vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet og eit lavterskeltilbod til innbyggjarar både i og utanfor kommunen.
- Lokala våre er lite eigna til bibliotekdrift etter folkebiblioteklova. Vi har ikkje eige pauserom. I investeringsbudsjettet for 2016 vart det løyvd kr 500 000,- til utbetring av lokala våre. Vi skal i gang med planlegging av dette arbeidet.
- Auka arbeidsmengd som følgje av nye arbeidsoppgåver og høgare aktivitet ved biblioteket (8,5 % auke i utlånet og 23 % auke i besøket over ein tiårsperiode) gjer behovet for auka årsverk stadig større.
- Asylsøkarar og busette flyktningar utgjer ei stadig større gruppe av brukarane våre. Dette er kjærkome, men krev ein del ekstra ressursar, då dei har særlege behov.

## 7.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

**Kultur i sentraladministrasjonen**

- Arbeidet med almen kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen har innfridd oppgåveretta resultatmål i 2015. Sjå tilsvarande resultat mål for 2016. Sektor- tenestene, Kulturskule, Frivilligsentral, Bibliotek, Sentraladministrasjon, har hatt eitt fast, månadleg timesmøte på leiarnivå i 2015. Slik enkel "sektorsamkome" kan gi både inspirasjon og resultat. Til eit av desse møta vart flyktningtenesta invitert med tanke på integrering av 47 stk lokalt busette flyktningar, som også var representert på Frivilligdagen i 2015 i kommunesenteret. Ein er framhaldande nøgd med samarbeid og satsing innan friluftsliv i kommunen. Det var Friluftslivets år i 2015 og lokalt starta vi opp med lokale Stikk UT turar i alle bygdelag. Her samarbeidde Frivilligsentralen v/tidl. folkehelsekoordinator og sentraladministrasjonen med Friluftsrådet vårt. Stikk Ut vart ein suksess. For framhaldande suksess blir viktig å styrke Frivilligsentralen framover, også med tanke på prosjekt- og tilskotshjelp retta mot frivillige organisasjonar i kommunen generelt.

**Kulturskulen**

- Verkstader av god kvalitet ute i grunnskulane både i eigen kommune og i andre kommunar gjennom den kulturelle skulesekken.
- Eigne konsertproduksjonar i regi av den kulturelle spaserstokken
- Vi har arrangert UKM verkstad i forkant av mønstringa. Det trengs kontinuerlig arbeid for å oppretthalde mønstringar med høg kvalitet og godt omdømme.
- Vi har styrka rekrutteringa til skulekorpsa ved oppretting av eit kommunalt aspirantkorps. I tillegg arrangerer vi årlege aspirantseminar. Det har resultert i ein merkbar auke i antalet korpsaspirantar.
- I 2015 har vi starta fordjupingstilbod (talentutvikling) i opplæringa for ekstra motiverte elevar. Dette har m.a. resultert i at 4 elevar ved kulturskulen gjekk til finalen i musikkonkurransen UMM i Oslo.
- Multikulturelt kor på Frivilligsentralen

**Vestnes Frivilligsentral**

Vestnes Frivilligsentral har i hovudsak nådd sine mål for 2015. Vi vil trekke fram nokre ekstra gode resultat:

- Turregistreringa StikkUT! vart oppretta i Vestnes i 2015. Frivilligsentralen har koordinert arbeidet, og organisasjonar og enkeltpersonar har lagt ned ein stor innsats i å lage gode turskildringar og i merking av turløyper. StikkUT! er ein suksess med 5922 registerte turar til dei 10 turmåla i kommunen. Arbeidet vert vidareført.
- I samarbeid med NAV Vestnes fekk ein tildelt midlar til etablering av Utstyrsentral. Tilbodet skal stimulere til auka deltaking i frilufts- og fritidsaktivitetar. I 2015 vart lokale på Frivilligsentralen klargjort og innkjøp vart gjort. Utleige starta i januar 2016 og er populært. Tilbodet er for alle, og alt utlån er gratis. Frivilligsentralen administrerer utleige.
- Hagen ved Frivilligsentralen vart ferdigstilt og offisielt opna 9.mai 2015. Dette takka vere ein formidabel frivillig innsats med om lag 60 dugnadar og 45 frivillige i 2014, i regi av Gamleskulens venner. Hagen er open for alle.
- Frivilligdagen 2015 – fole kjekt i Vestnes, vart arrangert i september. Dette vart gjort i samarbeid med Vestnes kommune, Kulturskulen og Sentrumsforeininga i tillegg til 25 frivillige lag og organisasjonar. Mange besøkte arrangementet.

**Vestnes folkebibliotek**

- Vi hadde ein auke i utlånet på 1,2 % i 2015. Utlånstalet på landsbasis går ned.
- Vi arrangerte foredragspakken ”Snakkbart” ved hjelp av midlar frå Møre og Romsdal fylkesbibliotek. ”Snakkbart” inneheldt fire foredrag der tema var fysisk og psykisk helse, og vi er godt nøgde med gjennomføring og oppslutning.
- Vi arrangerte Brettsprell, postkortkveld (i samarbeid med Vestnes postkortklubb), forfattarbesøk for 8. klasse (i samarbeid med Kulturforum i kommunen).
- Vi hadde forfattarbesøk av Vilde Bjerke (éi forestilling for barn og ei for vaksne) og Oddgeir Bruaset.
- Vi arrangerte intimkonsert med Lars Martin Myhre.

## 7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

**Kultur i sentraladministrasjonen**

- Innan arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen vil ein særleg trekke fram samarbeidet og satsinga innan friluftsliv. Der ein i Friluftslivets år 2015 starta opp med lokale Stikk UT turar i alle bygdelag. Ein vil også vise til Vestnes kommune i 2015 sytte for å få trykt opp 2. opplaget av boka “Til Fjells i Vestnes.”

**Kulturskulen**

- Det er naturleg å trekke fram dei fysiske tilboda som særskilt helsefremmande. For kulturskulen er dette dans og aktivitetar i bassenget.
- Ved å samanlikne opplysningar om deltaking i kulturelle aktiviteter med helse-opplysningar, viser forsking at alle som konsumerer kultur i ei eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt, og er mindre plaga av angst og depresjon, samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Med dette som utgangspunkt må ein kunne sei at all aktivitet som kulturskulen driv med, er helsefremmande.
- Vi har sangstund i fleire eldreinstitusjonar kvar veke.
- Vi sel dirigent-tenester til lokale lag og organisasjonar, som igjen driv viktige helsefremmande aktivitetar (Korps-spelemannslag)

**Vestnes Frivilligsentral**

I samarbeid med NAV Vestnes vart det i 2015 oppretta Utstyrssentral på Frivilligsentralen. Utstyrsentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Frivilligsentralen administrerer utlånet. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Turregistreringa StikkUT! vart også etablert på Vestnes i 2015, og vart svært populær. Desse tiltaka ilag med Frivilligsentralen sine gåturar stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse.

Det er også mykje god folkehelse i ein sterk frivillig sektor. Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosial lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivillighet er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Kultur og frivilligheta har ein verdi i seg sjølv, men er også ein døropnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforskap, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen hadde i 2015 møteplassar for integrering (Språkkafeen), Multikulturelt kor, for ungdom (Møteplassen!), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Kulturkafeen).

**Vestnes folkebibliotek**

Vi er eit Bok til alle-bibliotek, som vil seie at vi rekrutterer leseombod. Dette er frivillige som les mellom anna på Vestnes sjukeheim og Mariebo. Vi har også eiga hylle med bøker som er særskilt tilrettelagt for dei som av ulike grunnar har vanskar med å tileigne seg tekst.

For asylsøkarane, og også fastbuande, er vi ein møteplass og arena for sosialt fellesskap.

## 7.6 KOSTRA-tal på området

| Nokre KOSTRA tal | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kultursektoren, samla** | | | | | | | |
| Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar | 1 555 | 1 713 | 2 001 | 1 900 | 1 569 | 1 845 | 921 |
| **Kulturskule** | | | | | | | |
| Nto. Utg. kulturskule, pr innb | 569 | 384 | 285 | 499 | 324 | 283 | 313 |
| Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år | 4 831 | 3 094 | 2 312 | 4 284 | 2 609 | 2 427 | 2 374 |
| Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år | 37,4 | 20,7 | 14,3 | 21,6 | 15,7 | 19,3 | 15,1 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kultur (pr. innbyggjar)** | | | | | | | |
| - idrettsbygg | 344 | 324 | 440 | 364 | 113 | 556 | 132 |
| - kulturbygg | 197 | 211 | 237 | 321 | 120 | 308 | |
| - idrett m.m. | 37 | 162 | 190 | 124 | 268 | -20 | 58 |
| - aktivitetstilbud, barn og unge | 3 | 71 | 155 | 137 | | 78 | 2 |
| - museer | 34 | 60 | 66 | 18 | | 43 | 88 |
| - andre kulturaktiviteter | 177 | 185 | 250 | 229 | 434 | 76 | 143 |
| **Kyrkje** | | | | | | | |
| Nto utg. kyrkje pr innbyggar | 610 | 646 | 588 | 687 | 654 | 448 | 471 |
| Medl. i Dnk i % av innbyggjarar | 83,3 | 81,4 | 75,7 | 86,0 | 78,6 | 79,1 | 84,2 |
| Døpte i prosent av antall fødte | 114,5 | 78,0 | 64,2 | 96,8 | 81,8 | 60,1 | 80,3 |
| Konfirmerte i % av 15-åringer | 83,1 | 79,4 | 64,6 | 87,4 | 79,1 | 70,9 | 87,3 |
| Gudstenester pr. 1000 innbyggjar | 15,6 | 13,8 | 12,6 | 17,6 | 16,5 | 10,9 | 15,5 |
| Konserter og kult. arr. pr 1000 innb. | 5,0 | 3,0 | 2,6 | 1,7 | 3,9 | 1,8 | 2,3 |
| Kirkeofring pr. medlem | 126 | 89 | 81 | 42 | 80 | 112 | 80 |
| **Bibliotek** | | | | | | | |
| Nto. Driftsutgift pr. innbyggjar | 194 | 241 | 266 | 196 | 302 | 215 | 174 |

- Vestnes bruker mindre på kultur enn fylkes- og landsgjennomsnitt, også mindre enn nabokommunane.
- Det betyr ikkje at kulturaktiviteten er lågare i vår kommune enn elles. Kanskje tvert om, men innbyggjarane dekkjer meir av kostnaden spesielt ved dugnad og eigenbetaling.
- Kulturskulen er prioritert, og det gjev seg utslag at i at ein større andel av barna i kommunen får tilbod i kulturskulen.

## Utvikling 2010 – 2015

| KOSTRA tal - utvikling siste 7 år | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring i % 10 - 15 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar | 1267 | 1403 | 1419 | 1309 | 1590 | 1555 | 22,7 |
| Nto. Utgifter kulturskule, pr. innb | 450 | 466 | 539 | 554 | 652 | 569 | 26,4 |
| Nto. Utgifter bibliotek pr. innbyggar | 154 | 162 | 184 | 170 | 215 | 194 | 26,0 |
| Nto. Utg kyrkje pr. innbyggar | 527 | 489 | 516 | 564 | 502 | 610 | 15,7 |
| Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15år | 3 538 | 3 768 | 4 487 | 4 793 | 5 647 | 4831 | 36,5 |
| Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år | 27,9 | 30,3 | 31,8 | 33,4 | 37,6 | 37,4 | 34,1 |
| **Bibliotek** | | | | | | | |
| Utlån pr. innbyggar | 4 | 4,4 | 4,4 | 3,8 | 3,4 | 3,3 | -17,5 |
| Besøk pr. innbyggar | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,7 | 3,5 | 0,0 |
| Totale utlån | 26 029 | 28 495 | 29 136 | 24 900 | 22 828 | 23147 | -11,1 |
| Totale besøkstal | 22 567 | 22 992 | 21 906 | 21 813 | 24 607 | 23178 | 2,7 |

## 7.7 Økonomisk resultat 2015

| Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kultur | 1 949 | 4 195 | 2 235 | 1 960 | 2 691 | -731 | -27,2 |
| Kulturskulen | 4 760 | 8 307 | 3 567 | 4 740 | 4 547 | 193 | 4,2 |
| Bibliotek | 1292 | 1324 | 47 | 1 277 | 1 279 | -2 | -0,2 |
| Frivillighetssentral | 480 | 1391 | 985 | 406 | 515 | -109 | -21,2 |
| Kyrkjelege føremål | 3 617 | 4421 | 131 | 4 290 | 4 350 | -60 | -1,4 |
| Sum | 12 098 | 19 638 | 6 965 | 12 673 | 13 382 | -709 | -5,3 |

- På kultur er det inntektsført ein del statlege tilskott m.m. som ikkje var budsjettert. Det er årsak til mindreforbruk her. Elles ingen store avvik.

## Utvikling 2010 – 2015

| Driftseining | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring 2 010 - 2015 kroner | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kultur | 2 589 | 2 672 | 2 649 | 1 889 | 1 949 | 1960 | -629 | -24,3 |
| Kulturskulen | 3 869 | 3 575 | 4 281 | 4 244 | 4 760 | 4740 | 871 | 22,5 |
| Bibliotek | 931 | 992 | 1 145 | 1 105 | 1 292 | 1277 | 346 | 37,2 |
| Frivilligsentral | 255 | 336 | 342 | 178 | 480 | 406 | 151 | 59,2 |
| Kyrkjelege føremål | 3 541 | 3 312 | 3 736 | 3 971 | 3 617 | 4290 | 749 | 21,2 |
| | 11 185 | 10 887 | 12 153 | 11 387 | 12 098 | 12 673 | 1 488 | 13,3 |

# KAP 8 HELSE, OMSORG OG VELFERD

## 8.1 Oversikt over sektoren

Kapitlet omhandlar einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

| Teneste | Årsverk 2014 | Årsverk 2015 | Ev. merknad |
|---|---|---|---|
| Heimesjukepleie | **36** | **30,5** | |
| Rehabilitering, fysioterapi, ergoterapi, fotterapi, psyk.helse, praktisk bistand, heimehjelp, støttekont, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm | **11,3** | **16,2** | |
| Tresfjord trygdeheim | **22,5** | **22,5** | **inkl. reinhald (byrå)** |
| Sentralkjøkken | **7,6** | **7,6** | |
| Vestnes sjukeheim | **45,7** | **45,7** | **inkl. driftsleiar og merkantil** |
| Mariebo | **10,2** | **9,6** | **Ny turnus frå 7/9** |
| Oppigarden | **10,3** | **9,7** | **Ny turnus frå 7/9** |
| Ivartun | **14,9** | **14,9** | **Inkl.driftsleiar,merkantil,reinhald** |
| Vestnes legesenter | **7,7** | **7,7** | |
| NAV kommune (øk.sos.hj, rus, psyk, øk.rådgj, prosjekt) | **7,3** | **6,6** | |

## 8.2 Resultatmål 2015 – Helse, omsorg og velferd

| Målområde | Styringsindikatorar | MÅL 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/IKT** | • Innføring av Arbeidslister på CosDoc.<br>• Sj.pl har lært å sende/motta e-meldingar/vidareføring.<br>• Innført elektronisk kurs/opplæring i medikamenthandtering<br>• Oppgradere informasjon om tenestene på kommunens heimeside<br>• Ta i bruk CosDoc-mobil<br>• Gjennomføre nye statlege krav i IPLOS som ;<br>- Legemiddelgjennomgang<br>- Ernæringsstatus / plan<br>Utprøving av diverse velferdsteknologi (som GPS/privat, diverse alarm: dør- ,seng- og fall-alarmar) | X<br>X<br>X | OK<br>OK<br>OK | X<br>X<br>X<br>X<br>X |
| **Brukarar**<br><br>**"opplevd kvalitet"** | **Brukarundersøking (partalsår)-skala 1-6, der 6 er best.**<br>**Vestnes sjukeheim og Hellandtunet (Pårørande)**<br>• Grad av tilfredsheit med legetilsyn utfrå behov<br>• Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon | 4,5<br>4 | 4,7<br>5 | 4,9<br>5 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Heimetenestene: Brukarundersøking**<br>• I kva grad tilsette har kjennskap til kva oppgåver dei skal utføre hos brukar<br>• I kva grad brukar får medisin til rett tid.<br><br>**Legetenesta – brukarundersøkjing – totalresult**<br>• Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt<br>• Andel som er fornøgde med generell tilgjenge<br>• Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge<br><br>**NAV – eiga brukarundersøkjing**<br>• Eg får den hjelp eg treng frå NAV-kontoret (skala frå 1–6, der 6 er best) | 4,5<br>4,5<br><br><br><br><br><br><br><br>5,0 | 5,4<br>5,8<br><br><br><br><br><br><br><br>4,8 | 5,4<br>5,8<br><br><br>90 %<br>90 %<br>90 %<br><br><br>5,0 |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | **Institusjonane:**<br>• Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus:<br>Dekningsgrad institusjon:<br>• Tresfjord trygdeheim<br>• Vestnes sjukeheim<br>• Oppigarden<br>• Ivartun<br>• Mariebo<br><br>**Heimetenestene:**<br>Bruk av direkte "ansikt-til-ansikt-tid"<br>Bruk av Logistikk prosjekt for å forbedre tenesta-<br><br>**Legetenesta:**<br>• Tal på SMS kontakter gj.snitt/dag<br>• Hjerte- og karsykdom (antall/1000)<br>• Røyking kvinner (gravide) i %<br><br>**NAV:**<br>Andel arbeidssøkjarar / personar med nedsatt arbeidsevne med oppfølging siste 3 månadar | <br><br><br>95 %<br>99 %<br>94 %<br>85 %<br>94 %<br><br><br><br><br><br><br>75<br>15<br><br><br><br>70 % | <br><br><br>97<br>98<br>98<br>90<br>89<br><br><br><br><br><br><br>80<br>14,9<br>11<br><br><br>70 % | <br>100<br><br>97<br>99<br>98<br>90<br>94<br><br><br>40 %<br><br><br><br>90<br>14,5<br>10<br><br><br>75 % |
| **Organisasjon** | Andel (%) dagsverk med sjukefråver<br>**Hellandtunet:**<br>Eigenmeldt:<br>Sjukemeldt:<br><br>**Sjukeheim/Trygdeheim/sentralkjøkken:**<br>Eigenmeldt:<br>Sjukemeldt:<br><br>**Heimetenestene:**<br>Eigenmeldt:<br>Sjukemeldt:<br><br>**Legetenesta:**<br>Eigenmeldt:<br>Sjukemeldt:<br><br>**NAV:**<br>Totalt sjukefråver ( kommunalt tilsette ): | <br><br>0,6<br>13,0<br><br><br>0,8<br>12,0<br><br><br>0,6<br>10,0<br><br><br>0,5<br>5,0<br><br><br>6,5 | <br><br>0,9<br>13,1<br><br><br>0,7<br>11,2<br><br><br>0,6<br>10,0<br><br><br>0,5<br>3,2<br><br><br>4,2 | <br><br>0,7<br>11,0<br><br><br>0,6<br>10,0<br><br><br>0,5<br>9,5<br><br><br>0,5<br>3,5<br><br><br>4,2 |
| **Økonomi** | Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)<br>• Heimetenestene<br>• Sjukeheim/trygdeheim<br>• Hellandtunet | <br>400<br>580<br>260 | <br>1 096<br>786<br>238 | <br>600<br>600<br>250 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)<br>• Heimetenestene<br>• Sjukeheim/trygdeheim<br>• Hellandtunet<br>• NAV<br>• Helsetenester | 100 %<br>100 %<br>100 %<br>100 %<br>100 % | 102,4<br>96,2<br>94,7<br>95,5<br>97,9 | 100<br>100<br>100<br>100<br>100 |

## 8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

### Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

**Tenestetilbodet**

- I tråd med nasjonale føringar og kommunen sin visjonar har vi i større grad satsa på korttids plassar inne på institusjon. Dette gir stor utskifting av pasientar.
- Auka tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Vidareutvikle dagtilbod. Skape meiningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Vil også vere del av avlastningstilbod for pårørande.
- Vi ser at vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Ressurskrevjande brukarar.
- Vi opplever også at det er eit aukande behov for oppfølging av yngre brukarar. Pasientgrupper som tidlegare ikkje har vore i vår teneste.
- Ofte har dei som no kjem frå sjukehuset behov for direkte behandling i heimen/eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Utfordringane innan rus/psykisk helse er aukande.
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov/Omsorgsplan 2020
- Korleis skal institusjonsdrifta i kommunen vere i framtida? Store avdelingar kontra mindre bueiningar. Omsorgsplan 2020
- Auke tidsbruken i direkte brukar retta tid. Logostikkbehov i heimetenesta. Utvikle metodikk og verktøy. Interkommunalt prosjekt.
- Auka tenestebehov/utfordringar i høve asylsøkjarar og busette flyktningar

**Norsk helsenett**

- Kommunikasjon mellom legar, institusjon, sjukehus osv skal føregå via elektroniske meldingar. Dette fordrar tid/ressursar til opplæring generelt, og kvalitetsikring spesielt. Det krev også oppbygging av gode og eksakte rutinar og prosedyrar.
- Risikovurdering viser at vi må ha personar på systemovervaking, samt i bakvaktsfunksjon i høve kontinuerleg meldingsoverføring. Dette krev god saksbehandling i botn.
- Sikre god bruk av mobilt journalsystem/nettbrett. Dette vil korte ned innetid for heimetenestene. Gi meir direkte bruker-retta tid.
- Arbeide for å få på plass kommunikasjon mellom dei ulike programvarer innad i kommunen

**Konsekvensar av vidare implementering av samhandlingsreforma**

- Krav til auka IT kompetanse til den einskilde arbeidstakar.
- Fortsatt diskusjon omkring spesialistrehabilitering (HF) og kommunalrehabilitering.
- Innføring av øyeblikkeleg hjelp døgntilbod/interkommunal legevaktsamarbeid.
- Psykiatri/rus – stadig auka krav til kommunane.
- Opplæringsbehov samhandlingsavtale/i regi av ROR nettverksgruppe og HF.

- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

**Kompetanse**
- Strategisk kompetanseplan - viktig å sette standard for kva utdanningar kommunen vil ha, og kva kommunen gir støtte til.
- Kompetansebehov aukar, og dette gir behov for bakvakt då avdelingar manglar spesielt høgskuleutdanna.
- Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, evt team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, og få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil redusere talet på deltidsstillingar

**Rekruttering**
- Eigne rekrutteringstiltak, eks løn, arbeidstidsordningar
- I periodar nytte vikarbyrå for å sikre fagkompetanse og forsvarleg drift. Vestnes kommune har inngått rammeavtale i lag med fleire Sunnmørskommunar, om bruk av vikarbyrå.

**Velferdsteknologi**
- bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser
- bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon
- tryggleiksalarmar og ulike andre ordningar / alarmsystem
- Sjå eigne behov opp mot tekniske moglegheiter og løysingar (prosjektarbeid)

**Sentralkjøkkenet**
Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014). Databasert program. Ikkje på plass. Er teke opp som sak i ROR IKT.

## Vestnes legesenter
- **Interkommunal legevakt**
  Oppstart 1. januar 2015. Legevakta har ikkje motteke formelle tilbakemeldingar om behandlingssvikt som skyldast legevakta sin fysiske lokalisasjon. Inntrykket er at befolkninga synes at bemanna legevakt er positivt. Reisevegen er dei fleste, forståeleg nok, mindre tilfredse med. Tilbakemelding frå ambulansetenesta, er at dei arbeidar meir åleine og har større ansvar. Besøksfrekvensen på legevakta i Ålesund på natt, er ca. 1 innbyggjar frå Vestnes pr. natt. Noko som er det same som før Vestnes kommune vart med i ordninga.

- **Framandspråklege**
  Ved legesenteret merker vi reduksjon i talet på arbeidsinnvandrarar, men auka tal på asylsøkjerar og busette flyktningar. Kommunikasjon er ei utfordring og kvaliteten på tolketenesta har ikkje betra seg det siste året. Arbeid med smittevern er tidkrevjande både for kommuneoverlegen og for laboratorietenesta.

- **Time same dag**
  Tilsette ved legesenteret har inntrykk av at ordninga «time same dag» fortsatt er eit godt tilbod til dei fleste. Legesenteret prøver å vere fleksible ved spesielle behov, som for eksempel eldre kan ha. I periodar med stor pågang kan det vere vanskeleg å tilby alle pasientar time same dag, men pasientar med akutt sjukdom vert prioritert.

- **Tilbod til pasientar med livsstilssjukdommar**
  Etter at stilling for folkehelsekoordinator vart teke bort og fysioterapitenesta vart redusert med 50 %, har frisklivssentralen smuldra bort. Dette betyr at kommunen ikkje har noko tilbod til vaksne med overvekt, diabetes, hjerte-karsjukdommar m.m. Det er ein mangel. I forbindelse med diabetesprosjektet kunne legesenteret tilby samtalar med diabetessjukepleiar. Dette var eir svært godt tilbod som no også er lagt ned.

## NAV- kommune:

- **Økonomisk sosialhjelp:**
  Etter nokre år med auke i utgifter til sosialhjelp har nivået stabilisert seg og utbetalingane i 2015 var lågare enn i 2014 og 2013. For 2015 heldt ein det oppsette budsjettet. Noko av dette skuldast høge refusjonar av sosialhjelp frå NAV- stat i høve personar med etterbetaling av statlege ytingar for periodar der dei og har motteke sosialhjelp.

- **Arbeidsløyse:**
  Vestnes kommune hadde hausten 2015 ei sterk auke i arbeidsløysa. I november 2015 var arbeidsløysa i Vestnes oppe i 5 % og blandt dei høgste i landet på dette tidspunktet. Arbeidsløysa heng nært saman med aktiviteten i særleg verftsindustrien og deira underleverandørar. Grunna ny aktivitet er arbeidsløysa igjen redusert på nyåret 2016 og ligg i dag (mars) under gjennomsnittet både for landet og for fylket.

- **Framandspråklege innbyggjarar:**
  Kommunen har etter kvart fått ein betydeleg andel framandspråklege innbyggarar. Dette både i form av arbeidsinnvandrarar og flyktningar. NAV- kontoret har i 2015 merka auka pågang frå framandspråklege brukarar noko som nok heng saman både med den situasjonen vi har hatt med permitteringar/oppseiingar i industrien og det faktum at kommunen stadig tek imot fleire flyktningar for busetting.

- **Låginntektsfamiliar:**
  Vestnes kommune har diverre ein stor andel born og unge som lever i familiar med låg inntekt. Det vil seie ei inntekt som er under dei definerte «fattigdomsgrensene» i EU. Siste tilgjengelege statistikk syner at 12,1 % av born og unge i Vestnes lever i ein «låginntektsfamilie». Dette er markert høgare enn snitt for både landet og fylket (hhv ca 11 % og 8,5 %). Årsakene til situasjonen i Vestnes veit vi ikkje nok om, og årsakene er nok samansette. For born og unge vil dette i stor grad kunne føre til «utanforskap». Det kan f eks være at ein ikkje kan delta i dei fritidsaktivitetane som andre born og unge deltek i, grunna økonomi. Ser ein til velferdsforskinga elles er det og grunn til å anta at desse familiane generelt har dårlegare levekår enn befolkninga elles. Dette vil kunne handle om dårlegare botilhøve, dårlegare helse både for vaksne og born, og hyppigare kontakt med andre hjelpetenester, t.d barnevernstenesta.

- **Tenester til personar med rusutfordringar/psykiske utfordringar og/eller samansette problem**:
  Det er ei ikkje ubetydeleg gruppe unge vaksne som slit med overgangen til «vaksenlivet». Dette kan handle både om utfordringar knytt til det å skaffe seg eigen bustad, til manglande/liten buevne og/eller utfordringar knytt til rus og psykisk helse. Tilknytinga til arbeid eller utdanning og evne til å stå i dette er og ofte dårleg. Det er ei utfordring for kommunen å møte desse sine behov på ein heilskapleg måte.

## 8.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

### Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Norsk helsenett: I bruk som planlagt. Kontinuerleg opplæring og kvalitetssikring
- Teneste / forvaltningskontor er i funksjon. Saksbehandling. Elektroniske meldingar/ systemarbeid. Opplæring.
- Kompetanseplan er politisk behandla. Kontinuerleg arbeid.
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar og sjukepleiarutdanning.
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeida) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Interne samarbeidsprosjekt mellom folkehelsekoordinator og fysio/ergo/psykiatristillingar om frisklivstilbod i kommunen (t.d. depresjon/meistring, ernæring)
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakerane våre, som fellesturar, basar, sommarfest, juletrefest og ulike underhaldningstilbod.
- Brukarundersøking gjennomført for fysioterapitenesta, med bra resultat.
- Teke i bruk E-læring – Legemiddelhandtering (ulike kurs for assistentar, helsefagpersonell og høgskuleutdanna)
- Teke del i Læringsnettverk i høve velferdsteknologi (prosessarbeid / behovsfokus)

### Vestnes Legesenter

- **Kommunepsykolog**
  Fastlegane har eit godt samarbeid med kommunepsykologen, som er eit prosjekt i regi av BUT. Det er etter legane si meining viktig at denne stillinga ved slutten av prosjektet vert gjort om til ei fast stilling.

- **Elektronisk kommunikasjon**
  Elektronisk kommunikasjon med samarbeidspartnarar vert stadig utvida. Legesenteret kommuniserer no elektronisk også med helsetenesta i andre kommunar som Rauma og Molde. Nyleg er det også oppretta linje med NAV. Det styrkar heilt klart kvaliteten på samarbeidet og helsetenesta, samtidig som personvernet for den einskilde pasient vert ivareteke.

### NAV- kommune:

- **Økonomisk sosialhjelp:**
  Som vist i forrige punkt har sosialhjelpsutgiftane gått ned i 2015. Sjølv om desse naturleg vil variere noko frå år til år, tenkjer vi at fokus på å gjere brukarane sjølvhjulpne har medvirka til det gode resultatet. Likeeins fokus på å krevje refusjon frå NAV-stat der dette er mogleg. Etter at rekneskapsfunksjonen vart flytta til Molde har det vore krevjande for sosialtenesta å sikre at utbetalingane kom fram til brukarar og/eller leverandørar i rett tid. NAV Vestnes tok difor, som Molde kommune, i 2015 i bruk IKT- løysing som sikrar at vi kan overføre direkte til bank utan å gå via rekneskapsavdelinga. Dette har medført betre kontroll for oss og prosessane tek mykje mindre tid frå vedtak til utbetaling. Det har og medført ei betydeleg forenkling for rekneskapstenesta, men medfører noko meirarbeid for oss.

- **Markedsarbeid:**
  NAV Vestnes har og i 2015 hatt stort fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Diverre har noko av denne kontakten i 2015 og dreia seg om nedbemanningar. Kontakten med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet.

- **Barnefattigdomsprosjekt:**
  Vi viser til det som er sagt i førre punkt vedkomande andel barn og unge i låginntekstfamiliar. NAV Vestnes starta i 2014 eit prosjekt med spesielt fokus på desse familiane. Dette arbeidet har vore vidareført i 2015. Som del av dette prosjektet bidrog NAV Vestnes i 2015 til at det vart etablert ein utstyrssentral i samarbeid med Frivilligsentralen

- **Busette flyktningar:**
  NAV Vestnes inngikk i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktningtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Imidlertid har dei busette flyktningane hatt større behov for sosiale tenester og under introduksjonsprogrammet enn det vi hadde sett føre oss. Dette utfordrar ressurssituasjonen i kontoret noko

- **Økonomi- og gjeldsrågjeving:**
  Frå 2015 har NAV Vestnes hatt eigen stillingsandel knytt til økonomi- og gjeldsrådgjeving. Dette har auka både kapasitet og kvalitet i dette arbeidet. Likeeins har ein gjennom dette fått auka kunnskap og kvalitet kring dette fagfeltet bland rettleiarane elles i kontoret.

- **Prosjekt «3 trinnsmodellen»**
  NAV Vestnes har prosjektleiinga for eit kommunalt prosjekt som har til hensikt å prøve ut ulike tenestemodellar for brukarar i målgruppa som er nemnd i førre punkt med samansette behov og utfordringar, t.d. knytt til rus/psykiatri/buevne. Utprøvinga er knytt til «Bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune» frå 2010. Her er det beskreve korleis ein ser føre seg å yte tenester til brukarar på tre ulike trinn. Prosjektet er finansiert med midlar frå Fylkesmannen og vil bli vidareført i 2016.

## 8.5 Tiltak for fremme folkehelsa

### Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meiningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag.
- Fokus på ernæring og aktivitet.
- Risikovurderingar.
- Opplysning/ informasjon via frivillige lag og organisasjonar / brukarorganisasjonar.
- Frisklivstilbod / delaktør i ulike kurs og anna tiltak.

### Vestnes legesenter

Personalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmande tiltak. Gjennom:

- å informere om helsefremjande tiltak retta mot den enkelte. T.d. kosthald og fysisk aktivitet.
- vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse.
- å gi råd om gode helsetiltak via informasjonsskjerm og brosjyrar på venterommet.

## 8.6 KOSTRA-tal på området

| KOSTRA | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sosialtenesta** | | | | | | | |
| Nto driftsutgifter pr innbyggjar | 1 206 | | 1 953 | 1 388 | 1 317 | 1 864 | 1 228 |
| Nto driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år | 1 994 | | 3 222 | 2 403 | 2 265 | 3 067 | 2 060 |
| Nto utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggar 20 - 66 år | 666 | | 1 613 | 784 | 845 | 1 003 | 1 058 |
| Andel sosialhjelp mottakere i forh. til innb. | 1,9 | | 2,5 | 2,0 | | 2,1 | 2,2 |
| Gj. snitt utbet. pr månad | 4613 | | | 5707 | | 6503 | 5859 |
| **Kommunehelse** | | | | | | | |
| Nto driftsutg pr innbyggjar | 2 330 | 2 368 | 2 384 | 2 690 | 2 906 | 2 349 | 2 094 |
| Lege årsverk pr 10 000 innbyggarar | 12,5 | 11,2 | 10,5 | 11,7 | 11,0 | 11,0 | 11,2 |
| Fysioterapi årsv. Pr 10 000 innb | 6,8 | 8,1 | 9,0 | 5,3 | 7,6 | 9,7 | 4,1 |
| Gj. Snittleg listelengde legar (korrigert for kommunaletimar) | 970 | 1 238 | 1 214 | 891 | 1 257 | 1 326 | 1 146 |
| **Pleie- og omsorg** | | | | | | | |
| Plasser i institusjon i % av innb. over 80 år | 26,4 | 18,2 | 18,2 | 21,7 | 17,1 | 18,8 | 20,5 |
| Utg. pr døgn i institusjon | 2 907 | 2 906 | 3 138 | 2 413 | 2 990 | 3 216 | 3 100 |
| Brukarar av heimeteneste pr 1000 innb over 80 år | 289 | 345 | 329 | 349 | 325 | 288 | 386 |
| Andel innb. over 80 år som bur på institusjon | 19,3 | 14 | 13,1 | 18,6 | 13,9 | 14,1 | 11,1 |
| Andel i heimetenesta over 80 år med omfattande hjelpebehov | 18,3 | 14,6 | 12,8 | 13,9 | 9,7 | 8,8 | 10,5 |
| Andel på institusjon med omfattande hjelpebehov | 85,7 | 85,3 | 83,3 | 91,0 | 91,7 | 87,7 | 86,3 |
| Andel plasser for personar med demens | 16,2 | 19,5 | 26,1 | 31,2 | 16,3 | 16,5 | 18,3 |
| Andel pl. m/ brukartilpassa einerom og bad/WC | 48,5 | 84,7 | 84,2 | 100 | 87,8 | 79 | 92,7 |
| Legetime pr uke pr bebuar sjukeheim | 0,41 | 0,46 | 0,54 | 0,35 | 0,42 | 0,38 | 0,75 |
| Fysioterapitimar pr uke pr. bebuar i sjukeheim | 0,05 | 0,32 | 0,41 | 0,35 | 0,24 | 0,49 | 0,13 |

- Utgiftene til kommunehelsetenesta er om lag som gjennomsnitt i landet, sosialtenesta litt under.
- Vi har god dekning med legar, men noko dårlegare med fysioterapeutar.
- For pleie- og omsorg er det vanskelegare å samanlikne KOSTRA tal med andre då vi har unormalt stor sektor grunna ansvarsreforma .
  Men vi kan sjå at vi har forholdsvis høg institusjonsdekning. Kvaliteten er truleg ikkje like god, det er nemleg liten andel med einerom m/bad og WC samanlikna med andre kommunar.
- Ein forholdsvis stor andel av eldre over 80 år bur på institusjon, det gjer at færre enn snittet av eldre over 80 år i vår kommune bruker heimetenestene.

## 8.7 Økonomisk resultat 2015

| Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimetenestene | 35 473 | 39 880 | 3 658 | 36 222 | 35 379 | 843 | 2,4 |
| Sjukeheim | 36 114 | 44 931 | 10 430 | 34 501 | 35 535 | -1 034 | -2,9 |
| Trygdeheim | 15 610 | 19 546 | 4 408 | 15 138 | 15 802 | -664 | -4,2 |
| Sentralkjøkken | -480 | 10 107 | 10 623 | -516 | -152 | -364 | |
| Hellandtunet | 24 466 | 29 831 | 5 477 | 24 354 | 25 721 | -1 367 | -5,3 |
| Fellesutgifter PO | 11 757 | 3 050 | 1 430 | 1 620 | 2 663 | -1 043 | -39,2 |
| NAV-kommune | 7 508 | 8 939 | 1 775 | 7 164 | 7 320 | -156 | -2,1 |
| Helse- og legetenester | 9 211 | 13 268 | 4 033 | 9 235 | 9 667 | -432 | -4,5 |
| Sum | 139 659 | 169 552 | 41 834 | 127 718 | 131 935 | -4 217 | -3,2 |

- Sektoren har ei innsparing på 4,2 mill. kr. Dette er svært positivt.
- Det er fleire årsaker til innsparinga. I tillegg til gjennomførte sparetiltak kan vi nemne at det på Ivartun (Hellandtunet) ikkje var fullt belegg heile året. På fellesutgifter er det tilbakeført for mykje utbetalt til samhandlingsreforma tidlegare år og bruk av fond. Inntekter som ikkje var budsjettert.
- Fellesutgiftene er redusert med vel 10,0 mill. kr frå 2014. Hovudårsak er at vi frå 2015 ikkje lenger refunderer til helseføretaket for pasientar som får behandling på sjukehus – samhandlingsreforma. Denne ordninga vart innført i 2012 og varte berre i 3 år. I 2014 betalte vi 7,7 mill. kr til dette.
- I 2015 betalte vi kr 62.000,- for utskrivingsklare pasientar. Det tilsvarer 15 døgn og er svært lite, kommunen greier å ta tilbake pasientane ettterkvart som dei er ferdigbehandla.
- Netto utgifter er redusert med 12,0 mill. kr frå 2014, korrigert for samhandlingsreforma er det likevel ein reduksjon på 4,3 mill. kr. Det har m.a. samanheng med sparetiltak som vart gjennomført i 2015, og sjølvsagt lågare arbeidsgjevaravgift.

## Utvikling 2010 - 2015

| Alle tal i 10000 kr Driftseining | Netto driftsutgifter 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring 10 - 15 sum | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimetenestene | 28 871 | 29 848 | 35 773 | 36 971 | 35 473 | 36 222 | 7 351 | 25,5 |
| Sjukeheim/sentralkj. | 27 450 | 28 279 | 29 613 | 31 962 | 35 634 | 34 501 | 7 051 | 25,7 |
| Trygdeheim | 12 706 | 12 843 | 14 306 | 15 143 | 15 610 | 15 138 | 2 432 | 19,1 |
| Hellandtunet | 22 113 | 22 971 | 25 936 | 25 321 | 24 466 | 24 354 | 2 241 | 10,1 |
| Fellesutgifter PO | 910 | 3 313 | 10 131 | 10 609 | 11 757 | 1 620 | 710 | 78,0 |
| NAV - kommune | 4 132 | 5 210 | 6 014 | 7 803 | 7 508 | 7 164 | 3 032 | 73,4 |
| Helse og legetenester | 7 610 | 8 309 | 8 986 | 8 918 | 9 211 | 9 235 | 1 625 | 21,4 |
| | 105 538 | 103 792 | 110 773 | 130 759 | 136 727 | 139 659 | 34 121 | 32,3 |

- Medfinansiering av pasientar som får behandling på sjukehus (samhandlingsreforma) starta i 2012 og siste år var 2014. Det er årsak til til den store auken i fellesutgiftene i desse åra.

# Opphaldsdøgn, utnyttelsegrad og kostnad pr. døgn

| | Tal inst. plassar | Opphalds-døgn | Utnyttings-grad | Kostnad pr. brukt plass |
|---|---|---|---|---|
| Vestnes sjukeheim | 43 | 15 376 | 98,0 | 818 995 |
| Tresfjord trygdeheim | 26 | 9 244 | 97,4 | 597 725 |
| Oppigarden | 8 | 2 874 | 98,4 | 988 827 |
| Mariebo | 8 | 2 588 | 88,6 | 1 074 409 |
| Ivartun | 12 | 3 954 | 90,3 | 826 281 |

* Vi er usikre på om ant. opphaldsdøgn på Mariebo er rett.  Truleg er det ein del kortidsopphald som ikkje har vorte registrert i systemet.

# KAP 9 BU- OG HABILITERINGSTENESTENE

## 9.1 Oversikt over sektoren

Vestnes kommune er ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2015 var det i Vestnes 51 vertskommunebebuarar, i alderen 50 til 91 år. 9 av desse fekk tenester frå Ivartun. Vidare var det i 2015 meldt inn til Helsedirektoratet 26 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklinghemming med Vestnes som heimkommune. 1 av desse fekk tenester frå Ivartun.

Bu- og habiliteringstenestene yter tenester til personar over 18 år. I 2015 vart det ytt tenester til 70 vaksne personar med psykisk utviklingshemming og til ein under 18 år. I tillegg får 5 personar utan diagnosen psykisk utviklingshemming tenester frå eininga. Samla tenesteyting til 76 personar frå Bu- og habiliteringstenestene. Ivartun med 12 plassar, er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet.

Populasjonen er i endring. Ein fekk tilmeldt to nye, vaksne tenestemottakarar med diagnose psykisk utviklingshemming. Vertskommuneinnbyggarane vert i større grad ei aldringspregа gruppe. I 2015 fall 4 personar frå, medan fleire unge med diagnosen fylte 18 år. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til kompetanse og samarbeid med samfunnet elles.

**Bueiningane:**
12 samlokaliserte bustader. Staben har koordinerande ansvar for bueinigane. I tillegg har kvar bueining ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad ”frikjøpt” tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta

| **Bueiningane** | Årsverk 2014 | Årsverk 2015 | Evt merknader | Tal på bebuarar | Pers med vedtak om tvang |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vestneshaugen** | **5,8** | **5,8** | | **6** | |
| **Brugata** | **9,5** | **5,0** | Nedlagt 01.07.2015 | **7** | |
| **Plassen** | **7,2** | **6,9** | | **4** | **1** |
| **Myrateigen** | **8,1** | **8,2** | | **4** | **1** |
| **Skogheim** | **11,4** | **11,4** | | **8** | **1** |
| **Skogvegen** | **9,2** | **9,0** | | **5** | |
| **Solstua** | **8,9** | **9,0** | | **6** | **3** |
| **Skogly** | **7,1** | **6,7** | | **4** | **1** |
| **Liaråket** | **10,7** | **10,6** | | **6** | **2** |
| **Bakketun** | **16,6** | **18,0** | 2 overflytta frå Brugata | **10** | **3** |
| **Kariplassen A og B** | **37,9** | **41,0** | Fleire ressurskrevjande tenestemottakarar | **10** | **8** |
| **Furulia** | **7,2** | **7,0** | | **4** | |
| **Avlastning** | | **1,3** | Overført Bu-og hab.tenesta i 2015 | **2** | |
| **BPA/omsorgsløn/st.kont** | **4,0** | **4,0** | | **1/2/11** | |
| **Dagsenter Strandbo** | **12,7** | **12** | | | |
| **Adm og leiing** | **5** | **5** | *økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, samt felles oppgåver og saksbehandling for heile tenesteområdet.* | | |

## 9.2 Resultatmål 2015

| Målområde | Styringsindikatorar | MÅL 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/IKT** | Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - CosDoc<br><br>Opplæring av "superbrukarar" i CosDoc<br><br>Kurs i grunnleggjande databehandling | | | Alle tilsette må kunne:<br>- opprette/avslutte PRB<br>-registrere tiltak etter kap.9<br>-avviksregistrering<br><br>Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2016.<br><br>Gjennomføre 2 kurs i 2016 |
| **Brukarar - "opplevd kvalitet"** | Brukarundersøking<br><br><u>Indikatorar:</u><br><br>• Selvbestemmelse<br>• Trivsel<br>• Trygghet<br>• Brukermedvirkning<br>• Respektfull behandl<br>• Informasjon<br>• Helhetsvurdering<br><br>Snitt totalt<br><br>Satsingsområde koordinator / Individuell Plan | Gjennomføre brukarundersøking hausten 2015<br><br>Landsgj.snitt | Gjennomført nov./des.<br><br>Vestnes/land<br><br>4,3 / 4,1<br>4,8 / 4,5<br>5,5 / 5,2<br>4,4 / 4,1<br>5,1 / 4,8<br>5,1 / 4,5<br>5,0 / 4,5<br><br>**4,5 / 4,2** | Sørgje for at alle tenestemottakarar har koordinator og utarbeidd IP |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | **A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen**<br><br>**Andel saker der vedtak om bruk av tvang (HOL kap. 9) vert fornya** | Alle gjennomførte tiltak vert sendt fylkesmannen<br><br>Halde fristen for fornying | <br><br>Fristane vart halde. | Auka gjenkjennings-kompetanse skal vere eit gåande tiltak retta mot både ny tilsette og heile gruppa. Fast tema på saklista i møta.<br><br>Arbeidet går kontinuerleg. Evaluering, nye vedtak og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | overprøving |
| | **Refleksjonskort kap.9** | | Alle bueiningane har innført refleksjons-kort | Vidareføre bruken av refleksjonskorta i alle bueiningane |
| | **Lukke avvik etter tilsyn frå Fylkesmannen i 2011** | | | Lukke avviket innan april 2016 |
| | **Oppdatere/fatte nye tenestevedtak til alle tenestemottakarar** | | Gjennomført | Oppdatere/endre ved behov |
| | **Ajourføre alle vedtak etter kap.9** | I løpet av 2015 | Gjennomført | Kontinuerleg arbeid med å fornye vedtak, samt redusere tvangsbruk |
| | **Alle helga stillingar/vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og rettstryggleik** | I løpet av 2015 | 55 gjennomførte kurs/ opplæring i 2015 | Gjennomføre nye kurs vår/haust 2016 |
| | **Ny tilsette og tilsette skal gjennomføre SOR kurs, samt lese kap.2 og 3 i nytt rundskriv IS-10/2015** | 50 personar gjennomfører kurs/ opplæring i 2015 | | Implementere rutinar i kvar bueining. |
| | **Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9** | 70 % av dei tilsette innan des. 2015 | Gjennomført | Alle ny tilsette miljøterapeutar gjennomgår saksbehandlings-kurs |
| | **Svømming for bebuarane** Aktiviserings- opplæring i vatn. | Alle som hadde behov fekk nytte tilbodet | 6 bueiningar nyttar tilbodet | 5 bueinigar opprettheld tilbodet (Brugata nedlagt) |
| | **Spenningskurset** | Vidareføring av tilbodet | Tenestemott-karar frå 8 bueiningar deltok | Vidareføre tilbodet |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Organisasjon** | Andel dagsverk med sjukefråvær:<br>• Eigenmeldt<br>• Legemeldt | 0,8 %<br>10 % | 1,2<br>12,8 | 0,8<br>10 % |
| | Prosjekt i samarbeid med BHT: Sjukefråvær/-nærvær | Red. sjukefråværet I prosjektbustad med 5 % innan sommaren 2016 | Ikkje gjennomført | Ein planlegg anna prosjekt opp i mot sjukefråvær |
| | Fagbrev (helsefagarbeidar) | 5 tek fagbrev i 2015<br>6 tek fagbrev i 2016<br>10 tek fagbrev i 2017/2018 | 3 har fullført<br>6 har starta<br>10 har starta | |
| | Kompetanseheving | Tilsette 2 miljøterapeutar innan 2015 | Har tilsett 5 miljø-terapeutar i 2015 | Tilsette 7 miljøterapeutar |
| | Etisk refleksjon | Innføring av refleksjonskort | Gjennomført | Vidareføre bruken av refleksjonskort |
| | Grunnkurs i legemiddelhandtering for assistentar | | | 50 assistentar skal ha gjennomført opplæringa |
| | Oppfriskingskurs i legemiddelhandtering til helsefagarbeidarar/ 3-årig høgskuleutdanna helsepersonell | | | 10 tilsette med høgskule kompetanse<br>30 tilsette med helsefagarbeidar-utdanning |
| | Brannrutine | Alle brannrutinar oppdaterte innan april 2015 | Gjennomført | |
| | Felles praktisk brannøving | | | Alle faste tilsette skal ha gjennomførte praktisk brannøving innan nov 2016 |
| | Ergonomikurs | | | Tilsette i aktuelle bueiningar får tilbod om kurs innan november 2016 |
| **Økonomi** | Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)<br>• Totalt | 2000 | 1952 | 1500 |
| | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) | 100 | 100 | 100 |

## 9.3 Sektoren sine utfordringar

I 2014 fekk Bu-og habiliteringstenestene melding om nasjonalt tilsyn frå arbeidstilsynet med fokusområdet pleie og omsorg. Tilsynet vart gjennomført same året og i 2015 vart Bu- og habiliteringstenestene plukka ut for eit oppfølgingstilsyn. I løpet av tilsyna som vart gjennomført fekk ein avdekka nokre avvik. Desse vart lukka i 2014/2015. Tillitsvalde og verneombod har vore aktive aktørar i arbeidet.

Fylkesmannen gjennomførte i november 2011 tilsyn ved Bu- og habiliteringstenestene der det vert avdekt alvorleg svikt i internkontroll og styringssystemet til kommunen. Tilsynet konkluderte med følgjande tre avvik:

Avvik 1: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med sosialtenestelova § 4-3, jf.§ 4-2 a-d

Avvik 2: Vestnes kommune har sett i verk tiltak som inneheld bruk av ulovleg bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming

Avvik 3: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenesteyterane får tilstrekkeleg opplæring i sosialtenestelova kap. 4

I arbeidet med å lukke avvika har Bu- og habiliteringstenestene i 2015 gjennomført fleire samarbeidsmøte med Fylkesmannen. Møta har tatt utgangspunkt i internkontroll, organisering og styringssystem. Ein har arbeidd særleg med fokusområdet kap. 9, rettstryggleik ved bruk av tvang og makt ovanfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming, kompetanseheving, ansvarslinje, ajourføre vedtak om tenester og vedtak etter kap.9. Ein har arbeidd med å rekruttere personar med 3-årig høgskule utdanning for å fylle krava om kompetanse. Fokus har vore systematisk og målretta arbeidd for å lukke avvik frå 2011 og ein forventar å få lukka avvika i løpet våren 2016.

I forhold til avviklinga av Brugata nådde ein målet om utflytting innan 01.06.2015, og alle tenestemottakarane er no busett i nye leilegheiter. Ein del tilsette måtte gå i ledige vikariat inntil det vart ledig faste stillingar. All honnør til dei pårørande, verje, tilsette og tenestemottakarane for ein vellykka prosess.

I august 2015 vart det oppretta eit nytt tiltak i bueininga på Liaråket i Tomrefjord. Prosessen måtte gjennomførast relativt umiddelbart. Både behovet for tenestestyrar og kompetanse vart auka. Før desember 2015 hadde ein tilsett to miljøterapeutar, to helsefagarbeidarar og ein del helgastillingar. Ein måtte samstundes opprette to aktiv/passive nattevaktstillingar. Dei tilsette har teke stor del i endringsprosessane og faglig kompetanseheving har stått i særleg fokus. Dei tilsette har vist stor innsats, engasjement og interesse for å få til ein vellykka prosess. Tillitsvalde deltok aktivt i begge dei ovannemnte prosessane.

Ein vil vise til at fleire bustader i 2015 har vore involvert i endringsprosessar som har vore utfordrande. Ein erkjenner at tenesta er i stadig større endring med omfattande og samansette problemstillingar utover den tradisjonelle tenesteytinga.

**Faglege utfordringar**:
Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis for høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Men det er svært gledeleg at 18 tilsette sidan januar 2014 har starta på helsefagutdanning.

Det står som like vanskeleg å rekruttere medarbeidarar med 3 årig helse- sosial eller pedagogisk utdanning til tenestene. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på slik

kompetanse også på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Somme av bu-einingane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange ufaglærte. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet som ligg i Helse- og omsorgstenestelova kap.9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen. Samstundes ser ein positivt på å ha tilsett 5 personar med 3-årig høgskuleutdanning i 2015.



**Miljøterapeut på saksbehandlarkurs**

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetanse, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistentar måtte gjennomføre SOR sitt eit e-læringsprogram "arbeid i andres hjem". Kurset dannar grunnlag i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemming. Ein får innsikt i kva utviklingshemming er, lover og rettigheter, konflikt handtering, historiske og etiske perspektiv.

I 2015 vart det bestemt at alle tilsette måtte gjennomføre e-læringsprogrammet " utfordrande adferd" med hovudvekt på tvang og makt. Kurset tek for seg forhold som har betydning for om menneske med utviklingshemming utviklar åtferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åtferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang minimaliserast. Vi har fått kompetansemidlar som dekkjer lønsutgifter i samband med gjennomføringa av desse e-læringsprogramma. Vi ser ei positiv utvikling hos dei tilsette som har gjennomført fleire av e-læringskursa.

For 20 brukarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang, ein auke på 6 vedtak etter kap.9 det siste året. Vi arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang ved å bruke andre løysingar. Det er ei fagleg og organisatorisk utfordring at ein ikkje har nok medarbeidarar med helse-, sosial-, og pedagogiske fag på høgskulenivå. Vi ser derimot gode resultat med omsyn til mengde/frekvens for gjennomføring av dei aktuelle tiltaka der ein har god dekning med faglærte personell.

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar. Utfordringane er store når det gjeld å kunne skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/ slitasje og opprinnelege vanskar /redusert nivå i forståing og prestasjonar. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpte har i utgpkt. liten tilgang på personalressurs, og ein

ser utfordringar med tanke på bemanningssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov.

Det er behov for mange små stillingar for å fylle opp turnus på helg. Det er stadig vanskeleg å få tilsett fast personell i desse stillingane.

Eit av resultatmåla for 2014/2015 var at dei tilsette skulle gjennomføre kurs i Helse- og omsorgtenestelova kap 9 (bruk av tvang og makt). Hausten 2014 planla ein dette kompetansehevande tiltaket saman med vaksenhabiliteringstenesta. Opplegget vart endra til at ein valde ut 2-3 ressurspersonar frå kvar bustad, som så skal ha ansvar for å formidle og vidareføre kunnskapen til resten av personalgruppa. Ein gjennomførte 5 samarbeids-/rettleiingsdagar våren 2015, med evaluering hausten 2015. Evalueringa konkluderte med at ein må leggje til rette for meir individuell rettleiing på individnivå i kvar enkelt bueining.

**Dagtilbod/tilrettelagt arbeid:**
Tenesta har eit dagsenter med 51 brukarar og ulike former for arbeid og sysselsetting: kafeteria/kantine og vev-/og tekstilavdeling. I tillegg disponerer vi 6 plassar på gartneri/park/vev produksjon og 14 personar har arbeidsplass ved TreMek AS.

Vev og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer som vert seld i butikken og på ulike messer. Kantina har i tillegg til kantinedrifta, mat til kommunale møte. Eit populært tilbod er heimelaga middag 2 dagar i veka. Ulike grupper frå nabokommunar kjem fast innom kantina når dei er på tur.

Dagsenteret har matutkøyring til institusjonar og heimebuande i kommunen. 3 bilar køyrer alle kvardagar ulike ruter frå sentralkjøkkenet. Det å vere med på matutkøyring er eit populært og godt tilbod til tenestemottakarane våre.

Gruppa som tek imot tenester ved dagsenteret er i endring. Dei eldste fell bort, og yngre krefter kjem inn i tilbodet. Det kjem arbeidstakarar frå andre delar av sysselsettingstilboda med redusert produksjonskapasitet, og ein del av brukarane har fått redusert tilbodet sitt på grunn av alder. Talet på brukarar er 51. Det siste året har 3 personar slutta og 3 har kome til. Dagsenteret blir brukt av utdanningsinstitusjonar og NAV for tilvenning til yrkesliv/ dag aktivitet.

Det blir kontinuerleg arbeidd med at tilbodet skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistrar ein tradisjonell arbeidskvardag.

## 9.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

- Fornya alle tenestevedtak
- Ajourført vedtaka etter Helse- og omsorgslova kap.9 (tvang og makt)
- Gjennomført brukarundersøking
- Dagleg fagleg ansvarlege har gjennomført grunnleggjande og vidaregåande kurs i saksbehandling i Helse -og omsorgstenestelova kap.9
- Innført refleksjonskort opp i mot Hol. kap.9
- Vikarar/tilkallingsvikarar og helgevikarar har gjennomført internt kurs som gjeld grunnleggande kunnskap rundt psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppa ein yter tenester til.
- 2-3 ressurspersonar gjennomførte eit kompetansehevande tiltak opp i mot Hol. kap 9 tvang og makt ovanfor personar med psykisk utviklingshemming. Dette med eit førebyggjande perspektiv. Kompetansehevingstiltaket har vore eit samarbeid mellom Bu- og habiliteringstenestene og seksjon for vaksenhabilitering.

- Alle tenesteytarar har gjennomført e-læringskurs i SOR “arbeid i andres hjem” og/eller “utfordrande atferd”.
- Arbeid med vidare implementering av det elektronikse pasientjournalsystemet CosDoc
- I 2015 tok Bu-og habiliteringstenestene kontakt med Høgskulen i Molde for å etablere eit samarbeid om informasjonsmøte vedrørande desentralisert vernepleieutdanning. Formålet vart å rekruttere aktuelle tilsette til å ta ei slik utdanning.
- I 2015 gjennomført ein informasjonsmøte om helsefagarbeidarutdanning i samarbeid med Romsdal vidaregåande avd. Nesjestranda. Ein prøvde då å rekruttere aktuelle tilsette i tenesta til å starte opp med ei slik utdanning. 9 tilsette starta opp med helsefagarbeidarutdanning.
- Gjennomført medarbeidarsamtalar i 5 bueiningar
- Arbeidd målretta i forhold til interne rutinar når det gjeld oppfølging av sjukmeldte
- 1 tilsett starta fulltids vernepleiestudie.
- Tilsett ass.driftsleiar
- Arrangert julefest
- Arrangert julemesse



**Tilsette på Myrateigen er ivrige brukarar av refleksjonskort.**

## 9.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds-  aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod.

Tenestemottakarane har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivitetsdag, julefest, møte, gudstenester, sittedans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt» m.m

For dei tilsette fokuserer ein på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Framhevar «blåturen» som nokre bueiningar gjennomfører. Dei tilsette gjev tilbakemeldingar på at denne aktiviteten har stor betyding for trivselen og samarbeidet i personalgruppene. Sjølv om ein prøver å ha ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsatt i kvardagen av kollegane og leiinga. Leiinga har fokus på at det skal vere lav terskel for å ta kontakt, samt at dei tilsette vert godt mottekne. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

Vi arbeider systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte og legg særleg vekt på dei tilsette si medverknadsplikt til å redusere, samt førebyggje sjukefråvær. Vi har intern rutine om oppfølging og førebygging som fast tema på alle personalmøte. Bu- og habiliteringstenestene har 175 årsverk fordelt på ca.290 tilsette. Leiinga består av ein driftsleiar, tre koordinatorar og ein saksbehandlar utan personalansvar. Ein ser ei klar utfordring i forhold til den massive delen av tilsette fordelt på fire personar med personalansvar i dette arbeidet. Ein koordinator har gjennomsnittleg ansvar for ca. 90 tilsette. Totalt ligg sjukefråværsprosenten på 14,1 %, men ein har bueiningar med sjukefråværsprosent på 1,4 %.

## 9.6 Økonomiske resultat 2015

| | Rekneskap | Rekneskap 2015 | | | Budsjett | Avvik 2015 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftseining | 2014 | Utgifter | Inntekter | Netto | 2015 | i kroner | og i % |
| **Avlastning PU >18 år** | 1 189 | 2562 | 692 | **1 870** | **1 804** | **66** | **3,7** |
| **Vestneshaugen** | 4 211 | 4965 | 725 | **4 240** | **4 123** | **117** | **2,8** |
| **Brugata** | 6 333 | 2553 | 189 | **2 364** | **2 613** | **-249** | **-9,5** |
| **Dagtilbud PU** | 6 999 | 8988 | 1873 | **7 115** | **7 237** | **-122** | **-1,7** |
| **Plassen** | 4 812 | 4893 | 62 | **4 831** | **4 798** | **33** | **0,7** |
| **Myrateigen** | 5 578 | 6252 | 482 | **5 770** | **5 684** | **86** | **1,5** |
| **Kråkvika** | -43 | -4 | 0 | **-4** | **0** | **-4** | |
| **Skogheim** | 7 955 | 8534 | 336 | **8 198** | **8 106** | **92** | **1,1** |
| **Skogvegen** | 5 470 | 6173 | 418 | **5 755** | **6 156** | **-401** | **-6,5** |
| **Solstua** | 6 024 | 7180 | 479 | **6 701** | **6 686** | **15** | **0,2** |
| **Skogly** | 4 405 | 4944 | 576 | **4 368** | **4 650** | **-282** | **-6,1** |
| **Liaråket** | 7 354 | 8339 | 260 | **8 079** | **7 676** | **403** | **5,3** |
| **Bakketun** | 11 604 | 13841 | 442 | **13 399** | **12 909** | **490** | **3,8** |
| **Kariplassen** | 28 388 | 30671 | 2172 | **28 499** | **29 616** | **-1 117** | **-3,8** |
| **Furulia** | 5 112 | 5461 | 369 | **5 092** | **5 140** | **-48** | **-0,9** |
| **Administrasjon** | 3 353 | 3816 | 147 | **3 669** | **3 748** | **-79** | **-2,1** |
| **Sum Bu- og hab. Teneste** | **108 744** | **119 168** | **9 222** | **109 946** | **110 946** | **-1 000** | **-0,9** |

- Bu- og habiliteringtenestene hadde eit mindreforbruk på 1,0 mill. kr, positivt.
- Netto utgifter auka med 1,2 mill. kr, eller 1,1 % frå 2014. Korrigert for endra arbeidsgjevaravgift er det nok likevel ein liten reell reduksjon i utgiftene.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i sektoren mykje. Det er i utgangspunktet desse lønsutgiftene ein kan redusere lettast/raskast ved sparetiltak. Ein har arbeidd med å få ned utgiftene, og som ein ser av tabellen nedanfor har ein greidd det. Utgiftene er redusert kvart år.

| Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 | Endring 2012 - 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Avtalefesta tillegg | 13 709 | 15 883 | 15 296 | 15 383 | 12,2 |
| Sjukevikarar | 6 343 | 6 242 | 6 050 | 6 070 | -4,3 |
| Ferievikarar | 3 590 | 3 815 | 3 630 | 3 527 | -1,8 |
| Ekstrahjelp | 2 286 | 2 101 | 1 717 | 1 524 | -33,3 |
| Overtid | 1 920 | 2 674 | 1 952 | 1 937 | 0,9 |
| Sum | 27 848 | 30 715 | 28 645 | 28 441 | 2,1 |

# KAP 10 TEKNISKE TENESTER

## 10.1 Oversikt over sektoren

**Driftseininga har ansvar for desse tenestene:**

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar.
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gatelys.
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging.
- Kyrkjegardsgraving.
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde.
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering.
- Ansvarleg for kommuneplan og reguleringsplaner.
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen.
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, ferge.
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker.
- Motorferdsel i utmark og forureining.
- Vilt- og fiskeforvaltning.
- Rettleiing av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.).
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar.
- Feiing og bustadtilsyn.
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 4 stasjonar)
- Anna bistand ved krisesituasjonar (for eksempel ekstremvèr)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd.
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne).

| **Tenester** | Tal Årsverk 2014 | Tal Årsverk 2015 | Ev. merknader |
|---|---|---|---|
| **1201 - 1215 Plan/byggesak Landbruk/miljø** | **5,0** | **5,0** | |
| **6000 - 6017 Drift og anlegg Oppmåling** | **11,8** | **12,61** | **Manglar fortsatt 1 person på kart/GIS** |
| **6011- 6012 Brann, redning og feiing** | **2,7** | **2,7** | **0,1 er tilsett på Eigedomsdrift** |

## 10.2 Resultatmål 2016 – Tekniske tenester

| Målområde | Styringsindikatorar | MÅL 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi/ IKT** | Drift og anlegg:<br>Innføre FDV-system for VA-området og veg-området.<br>Oppmåling, kart/GIS:<br>Implementere rutine for dokumentasjon av måledata (Matrikkellova).<br>Brann, redning og feiing:<br>Ta i bruk Komtek-programvare for § 13-tilsyn og for rapportgenerering-feietenester<br>Plan/byggesak:<br>Kurs i samfunnsplanleging<br>Landbruk/miljø:<br>Digtalisere jaktvalda i kommunen | Innført des 15<br><br>Innført des 15<br><br>Innført des 15<br><br>1 tilsett<br><br>Alle | Innført for VA<br><br>Oppfylt<br><br>Innført<br><br>Oppfylt<br><br>Ikkje oppnådd | Innføre for veg<br><br><br><br><br><br><br><br>Fullføre |
| **"opplevd kvalitet"** | Brukarundersøking byggesak :<br>• Resultat for brukarane<br>• Respektfull behandling<br>• Påliteleg åtferd<br>• Tilgjenge<br>• Informasjon<br>• Heilskapsvurdering | Oppnå ein tilfredst. svar-%. Oppnå minst landsgj. snitttet | Landssnitt i parantes<br>5,2 (4,2)<br>5,7 (4,9)<br>5,4 (4,5)<br>5,1 (4,4)<br>5,0 (4,2)<br>5,6 (4,4)<br><br>Totalt:<br>**5,3 (4,4)**<br><br>**Svar-Prosent 21** | Neste undersøk 2017:<br>Like godt resultat som 2015<br><br>MÅL:<br>Svar Prosent 50 |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | Drift og anlegg:<br>• Antal km grøfterensk langs kommunal veg<br>• Registrere kommunalt OV-system langs veg<br><br>Oppmåling, kart/GIS:<br>• Andel oppmålingsforretningar utført innan 16 —vekers frist<br>• Ferdigstille adressering for Fiksdal, Rekdal, Skorgen, Tresfjord, Daugstad og Vikebukt. Saksbehandling av vegnamn og skrivemåte har teke lenger tid enn forventa<br>• Oppdatering av leidningskartverket<br><br>Brann, redning og feiing:<br>• Oppfylle forskriftskrava m.h.t. frekvens feiing og bustadtilsyn.<br>• Implementere NY Forskrift om *brannforebygging*<br>• *Behalde og rekruttere nok deltidsm*annsk<br>• Gjennomføre kursing/opplæring i høve til "Plan for brannvernet 2016"<br>• Sette i drift ny tankbil<br><br>Plan/byggesak:<br>• Andel byggesaker med behandlingstid innan fristane , jfr. Pbl., byggesak | 1 km<br>25 %<br><br>100 %<br><br>Des 15<br><br>Starte 1. halvår<br><br>Des. 15<br><br>100 %<br><br>Des 15<br><br>Juni 15<br><br>100 % | 0,8 km<br>Ikkje oppnådd<br><br>90 %<br><br>Ikkje oppnådd<br><br>I gang<br><br>Oppfylt<br><br>Minus 2 stk<br><br>Gj.ført<br>Ikkje oppnådd<br><br>90 % | 1 km<br>25 %<br><br>100 %<br><br>I løpet av 2016<br><br>50 %<br><br>Des. 16<br>100 %<br><br>Des. 16<br><br>Juni 16<br><br>100 % |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | • Andel mangelfulle saker – kommunen må be om tilleggs-opplysningar.<br>• Ferdigstilt arealplan (k-plan)<br>• Andel arealsaker behandla innan pbl sine fristar<br><br><u>Landbruk/miljø:</u><br>• Andel bønder som søkjer produksjonstilskot og RMP (regionalt miljøprogram) elektronisk<br>• Andel kartlagte friluftsområde i kommunen<br>. | 10 %<br><br>Haust15<br>100 %<br><br>100 %<br><br>100 % | 30 %<br><br>Oppnådd<br>90 %<br><br>Ca 95 %<br><br>Ikkje oppnådd | 10 %<br><br><br>100 %<br><br>100 %<br><br>100 % |
| **Organisasjon** | **Andel dagsverk med sjukefråver** | **4%** | **2,5 %** | **2,5%** |
| **Økonomi** | **Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)** | **100** | **Mindre-forbruk 0,8 mill.** | **100** |

## 10.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Framleis har vi totalt sett større etterspørsel etter tenester enn kva vi har kapasitet til. Vi har enno ikkje fått erstatta GIS/kartansvarleg, så her vil vi framleis slite med å tilfredstille etterspørselen. I tillegg ser vi at alle fagområda stadig krev kompetanseutvikling for å møte endra og nye behov.

Den andre viktige faktoren som er avgjerande for resultatet, i tillegg til mannskapsressursar, er tilgangen på budsjettmidlar. Eit eksempel som alle kan sjå, er det store udekte utbetrings- og vedlikehaldsbehovet vi har på kommunale vegar. Utan betydeleg auke her vil vi aldri komme opp på eit ønska nivå.

Brannvesenet manglar for tida 1 stk befal til i vaktordninga, og må difor få utdanna og tilsett ny snarast.

Innafor fleire av fagfelta våre vil vi framleis ha behov for konsulenttenester. Dette gjeld m.a. konsulentinnleige på oppmålingssaker for å få avslutta adresseprosjektet, prosjektering/ planlegging av nye avløps - og utbyggingsprosjekt, areal – og sentrumsplanlegging m.m.

## 10.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

**Generelt:**
Vi har framleis stor etterspørsel etter tenester og mange søknader innan dei ulike ansvarsområda. På tross av dette har vi i stor grad innfridd på saksbehandlingstid, og har greidd å halde drifta i gang. All honnør til dei tilsette for arbeidet som er utført.

**Landbruk/miljø:**
På tross av noko redusert kapasitet har ein i stor grad kunna innfri på saksbehandlingstid. Har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre kartlegginga av friluftsområda i kommunen som planlagt, men har komme i gang. Det er framleis miljø-/forureiningssaker som ikkje er tilfredsstillande løyst, og må jobbast vidare med i 2016.

**Plan/bygg:**
Har behandla saker i forhold til fristane. Ny kommuneplanens arealdel vart vedteken 01.10.2015. Fortsatt arbeidd med reguleringsplan for Helland sentrum saman med utbyggingsplan for Sjøgata/Kataholmen. Det vart gjort vedtak på 7 detaljreguleringsplaner i 2015. Litt større gebyrinntekter enn budsjettert.

**Brann/redning/feiing:**
Har gjennomført planlagt opplæring så langt som kapasiteten på NBSK. Har gjennomført planlagte tilsyn og øvingar.

**Park/grønt:**
Har fortsett med jobben å ta att det forsømte vedlikehaldet. Elles utført planlagt arbeid, og gjeve eit godt tilbod til personar med hjelpebehov.

**Drift og anlegg - VA/veg:**
Investeringsprosjekta er gjennomført som planlagt med unntak av:
- Minilastar til grøn avdeling: budsjettert beløp vart for lite
- Tiltak i forb. med Tresfjordbrua: ferdigstilling først i 2016
- Regpl. Helland sentrum: ferdigstilling først i 2016

Innanfor avløpområdet har dei største investeringane vore fornying av avløpsnett (og veg) i Nybøfeltet, pumpestasjon v/silanlegget ved Bårdsnesosen, utvida avløpsnett på Industriområde på Gjermundnes, starta fornying av avløpsnettet i Fonna (Tomrefjord), fornying av avløpsnett Fiksdal og utbygging av avløpsnett i forb. med vegprosjektet på Vikebukt (Tresfjordbrua).




Utbygging av avløpsnett på Vikebukt

Elles har det vore planlagt og prosjektert nye prosjekt for 2016. Utvidingsprosjektet på Trohaugen industriområde er i gang, og vil bli sluttført i 2016.

Vegvedlikehald: Asfaltert der behovet har vore størst – så langt midlane rakk. Etablert fortau langs ein del av Sjøgata. Grøfterenska om lag 800 m. Vanleg snøbrøyting/strøing, gatefeiing og kantslått.
Elles vanleg drift med kyrkjegardsgraving og mykje anna.

**Oppmåling/GIS:**
91 nye oppmålingssaker rekvirert og inntektsmålet vart nådd – ved hjelp av innleige.
Fortsatt arbeidet med kvalitetsheving av Matrikkelen. Saksbehandla bortimot alle konsesjonsfritak "på dagen".
Adressering har teke noko lengre tid enn planlagt, mellom anna på grunn av at saksbehandling kring val av vegnamn og skrivemåte tek lang tid. Sluttføring av prosjektet vert i løpet av 2016.
Delteke i geovekst-prosjekta som gjeld vår kommune. Ny kartportal (web) – saman med andre Romsdalskommunar.
Oppdatering av ledningskartverket har vi fått starta på i 2015 – og vil halde fram i 2016.

## 10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.

## 10.6 KOSTRA-tal på området

| KOSTRA tal - teknisk | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb | 1 031 | 1 031 | 933 | 1 611 | 934 | 955 | 1 094 |
| Nto. utgifter pr. km kommunal veg | 85 225 | 93 205 | 111 469 | 93 574 | 75 395 | 135 862 | 75 907 |
| Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar | 809 | 840 | 708 | 992 | 563 | 795 | 708 |
| Andel kommune vegar utan fast dekke | 8,8 | 28,2 | 33,6 | 29,5 | -4,4 | 10,6 | 100 |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn | 360 | 423 | 440 | 530 | 295 | 396 | 370 |
| Årsgebyr avløp | 3 041 | 3 088 | 3 743 | 3 315 | 4 025 | 1 950 | 2 929 |
| Årsgebyr slamtømming | 1 168 | 1 115 | 1 492 | 1 058 | 983 | 1 221 | 1 128 |
| Årsgebyr avfall | 2 240 | 2 732 | 2 551 | 2 942 | 2 790 | 3 040 | 3 504 |

- Vi ligg under landsgjennomsnittet på gebyr.

## 10.7 Økonomisk resultat 2015

| Teknisk sektor<br>Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik 2015 i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 189 | 831 | 129 | 702 | 756 | -54 | -7,1 |
| Oppmåling | 281 | 1 035 | 1 106 | -71 | 9 | -80 | -888,9 |
| Plan- og bygning | 722 | 2 502 | 2 015 | 487 | 823 | -336 | -40,8 |
| Landbruk | 1 066 | 1 387 | 270 | 1 117 | 1 387 | -270 | -19,5 |
| Renovasjon, kloakk,feiing | 73 | 19 004 | 18 570 | 434 | 63 | 371 | 588,9 |
| Brannvern | 5 134 | 5 975 | 831 | 5 144 | 5 416 | -272 | -5,0 |
| Hamnevesen | 29 | 122 | 122 | 0 | 0 | 0 | |
| Parkvesen | 801 | 1 670 | 760 | 910 | 1 007 | -97 | -9,6 |
| Kommunale vegar | 4 259 | 7 801 | 3 331 | 4 470 | 3 949 | 521 | 13,2 |
| Sum teknisk sektor | 12 554 | 40 327 | 27 134 | 13 193 | 13 410 | -217 | -1,6 |

- Tekniske tenester har eit mindreforbruk på vel 0,2 mill. kr. Det er spesielt gebyrinntekter som er større enn budsjettert, men innsparinga gjeld også vakanse i stillingar.
- Utgiftene til vegvedlikehald har meirforbruk på vel 0,5 mill. kr

## Utvikling 2010 - 2015

| Driftseining | Netto driftsutgifter 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring 10 - 15 sum | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Oppmåling | 176 | 237 | 339 | 437 | 281 | -71 | -247 | -140,3 |
| Brannvern | 3 967 | 4 455 | 4 968 | 4 931 | 5 134 | 5 144 | 1 177 | 29,7 |
| Parkvesen | 501 | 617 | 941 | 692 | 801 | 910 | 409 | 81,6 |
| Kommunale vegar | 4 184 | 4 050 | 2 995 | 3 722 | 4 259 | 4 470 | 286 | 6,8 |

# KAP 11 EINING FOR EIGEDOMSDRIFT

## 11.1 Oversikt over sektoren

Det første heile året der eigedomsdrift er eiga eining, er 2015.

Driftseininga har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 72 000 m2. Dei kommunale bygga er kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett.

Ansvaret for sal av kommunale bustad- og næringstomter ligg til denne eininga. Det vert gjennomført kjøp av strategisk tomteareal som f.eks. sikring av areal til friluftsformål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av denne eininga. Desse oppgåvene omfattar om lag 0,3 årsverk.

Kommunen har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininga administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet. Om lag 0,25 årsverk vert brukt til desse oppgåvene.

Eininga har og ansvar for dei kommunale forsikringane, herunder tilsette, barn i skule/barnehage/barnevern, bygningar og anlegg, køyrety, og kommuneansvar. Vestnes kommune nyttar Veno Forsikringsmegling AS som agentledd.

**Forvalting av bustader:**
Pr. 31.12.2015 hadde kommunen ansvar for forvaltninga av i alt 158 bueiningar fordelt slik:

| Type bustad | Tal bueiningar | Eventuelle merknader |
|---|---|---|
| Omsorgsbustader | 38 | Senior Plaza og Aktivitetssentreret |
| Bustader innan Bu- og habiliteringstenestene | 67 | |
| Bustader for vankelegstilte | 53 | Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse. |

Saman med kommunen sin flyktningteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av om lag 20 bueiningar frå private huseigarar til busetjing av flyktningar.

**Tilsette i eininga:**

| Ansvar | Tal Årsverk 2014 | Tal Årsverk 2015 | Ev. merknader |
|---|---|---|---|
| **5000 – 5550 Eigedomsdrift** | **14,9** | **15,32** | **Med leiar har avdelinga 16 tilsette.<br><br>I alt 3,81 av desse årsverka blir brukt i andre einingar. (Prosjekt, reinhald, bistand med alarmar vaktmeister heimeteneste, utleige til Vestnes Bioenergi AS, branntilsyn, offentlege anskaffingar)** |

## 11.2 Resultatmål 2015 – Eigedomsdrift

| Målområde | Styringsindikatorar | MÅL 2015 | Resultat 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Teknologi IKT** | Eigedomsdrift:<br>Tal på meldte avvik og andre aktivitar i elektronisk system (FamacWeb). | 1200 | 1641 | 3000 |
| **"opplevd kvalitet"** | Ingen brukarundersøking på området førebels | | | |
| **Teneste**<br><br>**"objektiv kvalitet"** | 1. Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svart på innan 3 veker.<br>2. Talet på klagesaker i samband med offentlege anskaffelsar.<br>3. Andel vaktmeisterbestillingar som blir behandla innan 2 veker. | 90 %<br><br>0<br><br>100 % | 91 %<br><br>0 | 95 %<br><br>0<br><br>100 % |
| **Organisasjon** | Andel dagsverk med sjukefråvær | **2,2 %** | **1,9 %** | **1,9 %** |
| **Økonomi** | Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) | **100 %** | **97 %** | **100 %** |

## 11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Fleire av dei kommunale bygga har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Arbeidet blir ofte meir omfattande og kostar meir enn først antatt.
- Fleire formålsbygg treng større oppgradering og rehabilitering. Vi har fått midlar til ein god del. Gjennomføring av tiltaka krev ofte at vi må leige inn firma med nødvendig kompetanse og kapasitet. Vi må følgje lov og forskrift om offentlege anskaffingar.
- Lage tilstandsanalyser og vedlikehaldsplanar for kommunale bygg. Kommunen treng og eit system for å sikre eigne bygg og eigedomar mot brann, innbrot, vassinntrenging m.m.
- Ein del kommunale bustader har stor slitasje, og har difor eit auka behov for både vedlikehald og oppgradering. Dette gjeld bustader som leigast ut "vanskelegstilte", og bustader innanfor Bu- og habiliteringstenestene.
- Energiforbruk og – kostnader i kommunale bygg. Det kan t.d. vere at det oppstår eit unødvendig stort energiforbruk grunna trekkfulle vindauge, utdatert teknisk anlegg, lite fokus på ENØK. Fleire av bygga mellom anna på Myraområdet har ikkje eigen straummålar og fjernvarmemålar. Dette er noko ein vil jobbe vidare med i 2016, mellom anna vil Vestnes Bioenergi AS inn med målarsystem for fjernvarme på alle bygg som mottek dette.
- Uteområde skule/barnehage. Fleire leikeapparat i t.d. barnehagane er utslitt og må skiftast ut. I samband med utskifting av apparat må det etablerast nytt fallunderlag.
- Kartlegge kommunalt eigde friområde/leikeplassområde. Kva er tilstand på evt. leikeapparat?
- Vedlikehald av kommunalt uteareal elles.
- Oppfølging av serviceavtalar og kostnader ved desse.
- Restansar husleige – må være "tett på" når leigetakar ikkje betaler leiga i tide.

- Rapportering frå administrasjonssjefen til kommunestyret om den kommunale eigedomsforvaltninga. Frå 1.1.2016 har vi tatt i bruk ei nytt FDV-system som er meir brukarvennleg for den som skal melde inn behov, oppfølging av bygg og rapportering.
- Parkeringstilhøva rundt dei kommunale formålsbygga bør regulerast og betrast. Dette arbeidet vil starte opp våren 2016.
- Bustader til vanskelegstilte. Behov for å gjere noko med bustadsamansetning, tilgang m.m.
- Offentlege anskaffingar – anbod og rammeavtalar. Vi har eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei innkjøpsavtalene Vestnes er part i. Vi ser at tida som går med til eigne anskaffingar har auka dei siste åra. Eksempel på større konkurransar som nyleg er avslutta eller er til gjennomføring er mellom anna: reinhald av kommunale bygg, leasing av bilar, rammeavtaler for kjøp av tekniske fag, kjøp av leikeplassutstyr til skular/barnehagar, bedriftshelsetenester, ny brannbil og mannskapsbil, ulike byggeprosjekt ved kommunale bygg, div. konsulenttenester, bygging av turveg, skogrydding mv.

## 11.4 Kva har vi oppnådd i 2015?

- Gode rutinar for oppfølging av leigeavtalar og misleghald av husleige.
- Ved utflytting av kommunale bustader, har vi fått innført betre rutine for å sjekke om bustaden treng vedlikehald/oppussing før neste leigetakar kjem inn.
- Rutine for regelmessig kontroll av uteområda/leikeplassar – skular og barnehagar.
- Utarbeidd tilstandsrapport svømmebasseng – Tomrefjord idrettsbygg.
- Tresfjord barnehage – flytta inn i nye lokalar 1. januar 2015.
- Nytt leikeplassutstyr ved Helland skule.
- I samarbeid med NAV, gjennomførast samtalar med dei fleste som søkjer om kommunal bustad (for vanskelegstilte).
- Frigjort fleire kommunale utdaterte bygningar for riving eller sal (Raud- og brunhuset på Myra, Kirkebøen i Fiksdal, tidl. Tresfjord kommunehus).
- Installert nytt pasientvarslingssystem ved Tresfjord Trygdeheim.

## 11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Vedlikehald og utbetring av uteområde på skular og barnehagar.
- Nytt leikeplassutstyr ved Helland skule.
- Gjennomført anbodskonkurranse og inngått nye avtalar/rammeavtalar for mellom anna kjøp av bedriftshelsetenester, service på heiser i kommunale bygg, belysning av turvegløype, skogrydding av nytt bustadfelt, kjøp av sportsutstyr til frivilligsentralen

## 11.6 KOSTRA-tal på området

| KOSTRA tal<br>- eigedomsdrift | Vestnes | Møre og Romsdal | Landet eks. Oslo | Rauma | Haram | Molde | Fræna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nto. utg. Komm. Eigedomsforv. pr innb. | 2 695 | 4 081 | 4 645 | 4 505 | 3 314 | 4 630 | 3 501 |
| Areal i m2 pr. innbyggjar | 6 | 5,2 | 4,9 | 5,9 | 4,9 | 5,3 | 4,3 |
| Netto driftsutgift pr. innbyggjar | | | | | | | |
| - administrasjonslokale | 62 | 279 | 330 | 239 | 198 | 436 | 420 |
| - barnehagar | 397 | 361 | 487 | 309 | 292 | 369 | 239 |
| - grunnskule | 1 180 | 1 964 | 2 079 | 2 150 | 1 809 | 1 955 | 1 971 |
| - institusjonslokalar | 478 | 839 | 859 | 883 | 696 | 795 | 582 |
| - idrettsbygg | 344 | 324 | 440 | 364 | 113 | 556 | 132 |
| - kulturbygg | 197 | 211 | 237 | 321 | 120 | 308 | |
| Komm disp. bustadar pr 1000 innb. | 29 | 22 | 21 | 14 | 15 | 22 | 14 |
| Beløp pr innb. til startlån | 634 | 753 | 1100 | 1164 | 990 | 744 | 503 |
| Komm. energikostnader pr. innb. (kr) | 1003 | 782 | 727 | 1093 | 1061 | 731 | 697 |
| Energibruk pr. m2 (kwh) | 149 | 151 | | 166 | 145 | 148 | 115 |
| Energikostnad pr. m2 (kroner) | 171 | 95 | 94 | 141 | 112 | 97 | 103 |

- Vi bruker mindre på eigedomsdrift enn fylkes- og landsgjennomsnitt, også mindre enn nabokommunane.
- Vi har fleire kommunale bustadar enn gjennomsnitt, det har nok samanheng med at vi har mange utleigebustadar som vart bygt i samband med ansvarsreforma.
- Vi har også mindre bruk av startlån enn gjennomsnitt.
- Energikostnaden pr. m2 i kommunale bygg er høg.

## 11.7 Økonomisk resultat 2015

| Eigedomsdrift<br>Driftseining | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015<br>Utgifter | Inntekter | Netto | Budsjett 2015 | Avvik<br>i kroner | og i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrativ leiing | 5 | 840 | | 840 | 808 | 32 | |
| Kommunale bygningar | 17 994 | 37 584 | 19 429 | 18 155 | 17 331 | 824 | 4,8 |
| Kommunale utleigebygg | 240 | 3 051 | 2 463 | 588 | 585 | 3 | 0,5 |
| Kommunale utlegebygg PU | -82 | 6 463 | 6 093 | 370 | -67 | 437 | -652,2 |
| Kommunale omsorgsbustadar | 1 223 | 4 641 | 3 709 | 932 | 1 279 | -347 | -27,1 |
| Drift Myra området | 4 433 | 10 657 | 6 454 | 4 203 | 4 331 | -128 | -3,0 |
| Felleskostnadar vaktmester m.m. | 727 | 6 382 | 5 197 | 1 185 | 1 780 | -595 | -33,4 |
| Bustad og industriområder | 1 065 | 1 180 | 324 | 856 | 1 054 | -198 | -18,8 |
| Sum eigedomsdrift | 25 605 | 70 798 | 43 669 | 27 129 | 27 101 | 28 | 0,1 |

- Av utgiftene er ca. 26,0 mill. kr kapitalkostnadar (renter og avdrag) som vert belasta drifta.
- Eigedomsdrift har stor omsetning, men det meste (eks. kapitalkostnadar) vert dekka av husleigeinntekter, både eksterne og interne.

# Kap 12 ØKONOMI OG REKNESKAP

## 12.1 Innleiing

Rekneskapen for 2015 er ferdig avslutta og vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning i eiga sak.  Viser til denne for utfyllande informasjon, den saka har også vedlagt mange detaljerte oversikter.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2015 og vise utviklinga på ein del område siste åra. Det vert også knytta ein del kommentarar til område der det er større avvik mellom budsjett og endeleg resultat.

## 12.2 Resultat 2015

**Netto driftsresultat**
Dette er resultat før bruk/avsetning til fond.  Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

**Netto driftsresultat 2015 vart:**

**- Kr 4.891.405,31**

**Det er ikkje bra med er negativ netto driftsresultat, det utgjer 0,8 % av driftsinntektene. Resultatet er likevel bedre enn budsjettert negativt driftsresultat på 6,8 mill. kr.**
**I 2014 var det eit positivt resultat på kr 6.631.376,88,-.**

**Resultat samanlikna mot budsjett**
Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast bilete av drifta i 2015 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.

- **Rekneskapen viser eit overskott på**

  **Kr 564.530,81**

- **Det er svært positivt at vi til slutt greidde å få balanse i drifta. Spesielt med tanke på at vi tidlegare i året låg an til stort meirforbruk.**
- **Det vart sett i verk sparetiltak som gav god effekt.**
- **Vi går inn i 2016 utan å ha med oss underskott frå 2015.**

Dei største avvika mellom rekneskap og budsjett er:

| Inntekter | |
|---|---|
| - Skatt- og inntektsutjamning | 578 000 |
| - Avkastning kapitalfond | -8 447 000 |
| - Tilskott til ressurskr. Brukarar | -1 383 000 |
| - Ekstra skjønsmidlar | 2 450 000 |
| - Integreringstilskott | 3 256 000 |
| - Utbytte VEAS | 800 000 |
| - Ymse inntekter | |
| Mindre inntekt | -2 746 000 |
| **Utgifter** | |
| - Driftsutgifter | -4 472 000 |
| - Renter og avdrag | 1 161 000 |
| Mindre forbruk | -3 311 000 |
| | |
| "Overskott " | 565 000 |

- **Inntektene svikta i 2015, spesielt avkastning på kapitalfond der det var budsjettert med 8,0 mill. kr i inntekt. Resultatet vart tap på kr 477.000,-.**
- **Integreringstilskott og ekstra skjønsmidlar gav ei meirinntekt på 5,7 mill.kr. Det medverka til at inntektstapet "berre" vart vel 2,7. mill. kr.**
- **Renteutgiftene vart knapt 1,2 mill. kr høgre enn budsjettert.**
- **Sjølve drifta fekk ei innsparing på knapt 4,5 mill. kr. Dette er svært positivt og her må alle tilsette få ros for lojal og god oppfølging av sparetiltak som kommunestyre og administrasjon sette i verk.**
- **Utan innsparing på drifta ville vi ikkje greidd å unngå underskott.**
- **Vi kan konkludere med at vi hadde kontroll på drifta og at det i hovudsak er utanforståande årsaker (spesielt avkastning kapitalfond) som er årsak til at vi ikkje greidde betre resultat.**

## 12.3 Gjennomførte økonomiske sparetiltak i 2015

**Trekk i rammeoverføring grunna redusert arbeidsgjevaravgift**
Rammene for budsjett 2015 var i utgangspunkt realistisk oppsett og det var planlagt å legge inn ein del nye tiltak. Dette grunna at vi rekna med å få noko "romslegare" budsjettsituasjon når vi vart plassert i lågare arbeidsgjevaravgiftssone.

Så kom regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett hausten 2014. Då vart dei kommunane som hadde fått redusert arbeidsgjevaravgift frå 01.07.14 trekt tilsvarande i rammeoverføringa som det kommunen sparte på redusert avgiftssone.

Det var kun det private næringslivet som skulle nyte godt av dette. Men dei kommunane som hadde redusert arbeidsgjevaravgiftssone frå før skulle fortsatt få beholde innsparinga utan trekk i rammeoverføringa.

- **Ramma vart redusert med 13,3 mill. kr.**

- **Budsjettsituasjonen vart etter dette svært krevjande for administrasjonen som skulle legge fram eit budsjettframlegg i balanse og for politikarane som skulle vedta sparetiltak.**

**<u>Sparetiltak vedteke i driftsbudsjett 2015</u>**
Då vi fekk vite at kommunen vart trekt i rammeoverføringa for det vi sparer ved lågare arbeidsgjevaravgift måtte vi innarbeide fleire og nye sparetiltak i budsjettet for 2015. Tiltak som ikkje var med i økonomiplanen. Dette var både å auke inntektene og redusere i drifta.

Av tiltak som vart vedteke nemner ein m.a.:

| | Tiltak | Sparetiltak 2015 |
|---|---|---|
| 1 | Vestnes sjukeheim, redusert løyving | 2 000 000 |
| 2 | Tresfjord trygdeheim, stenge dagsenter | 100 000 |
| 3 | Heimetenestene, redusere heimevaktmester | 175 000 |
| 4 | Heimetenestene, red. fysioterapi | 125 000 |
| 5 | Hellandtunet, red.1,1 årsverk Mariebo/Oppig. | 330 000 |
| 6 | Hellandtunet, red. 0,3 årsverk Ivartun | 90 000 |
| 7 | But, reduksjon overtid, juridisk bistand, vakansar | 850 000 |
| 8 | Bu- og hab- reduksjon i tilsette/vikarinntak | 1 000 000 |
| 11 | Barnehage, nedlegging av 1 avdeling | 625 000 |
| 12 | Sentraladm., vakanse | 250 000 |
| 13 | Sentraladm. folkehelsekoordinator stilling | 100 000 |
| 14 | Vestnes næringsforum, redusert tilskott | 100 000 |
| 15 | 20 % reduksjon i løyving til inventar og utstyr | 600 000 |
| | Berekna innsparing | 6 345 000 |

I tillegg til dette var det allereie føreslått at Bu- og habiliteringstenestene skulle legge ned bueining Brugata innan 01.07.15, spareeffekt ca. 3,0 mill. kr i 2015.

**<u>Andre sparetiltak</u>**
I tillegg til dei tiltaka som var innarbeidd i budsjettet vurderte administrasjonssjefen heile tida om det var behov for andre tiltak.

Administrasjonssjefen sende tidleg på året skriv til driftsleiarane med signal om at året ville bli svært krevjande og ba m.a. om følgjande:

- Overtid skal reduserast så langt det let seg gjere.
- Vikarinntaket skal haldast på eit forsvarleg minstenivå.
- Innkjøp av inventar og utstyr over kr 5000,- skal godkjennast av kommunalsjef for økonomi.
- Alle vakante stillingar skulle vurderast av administrasjonssjefen (v/leiargruppa) før dei evt. vert utlyst.

**Brev til alle tilsette i Vestnes kommune – økonomiske sparetiltak**
I byrjinga av oktober vart vi kjent med at avkastninga av kraftfondet vart langt mindre enn budsjettert og at vi ville får ekstra pensjonsutgifter (det siste vart ikkje tilfelle likevel).

Administrasjonssjefen sendte 12.10.15 difor eit brev til alle tilsette i Vestnes kommune der ho ba om at det vart iverksatt økonomiske strakstiltak. Dette for å begrense meirforbruket, men også for å førebu budsjettarbeidet for 2016. Det vart oppmoda til felles dugnad.

Av tiltak som skulle iverksettast nemner ein tilsettingsstopp, stopp i overtid, ikkje inntak av vikar første og andre fråværsdag dersom forsvarleg, innkjøpsstopp på forbruksmateriell og inventar utan at det er nødvendig for drifta.

**Takk for innsatsen**
Dei fleste sparetiltaka som var vedtekne i budsjettet vart gjennomført. Ikkje alle fekk full økonomisk effekt, men likevel må vi seie oss godt nøgde med gjennomføring av tiltaka.

Når vi i slutten av januar 2016 såg at det truleg ikkje ville bli underskott sende administrasjonssjefen brev til alle tilsette og takka for innsatsen. Utan den innsatsen dei tilsette gjorde ville vi ikkje greidd å komme ut med balanse i 2015.

**Effekt av sparetiltak**

**Løn**
Dei fleste sparetiltaka gjekk naturlegvis på reduksjon av lønsutgifter då dette er den klart største utgiftsdelen.

Lønsutbetalingane fordelte seg slik gjennom året:

| | 2014 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| 1. kvartal | 87 755 | 89 603 | 1 848 |
| 2. kvartal | 62 045 | 67 297 | 5 252 |
| 3. kvartal | 92 394 | 94 680 | 2 286 |
| 4. kvartal | 92 072 | 91 802 | -270 |
| Sum | 334 266 | 343 382 | 9 116 |

- Lønsutgiftene auka med 2,7 % i 2015, noko under lønsauken. Såleis ein reell reduksjon.
- Ekstra positivt med liten auke i 2. halvår, og spesielt merkar vi oss 4. kvartal. Det er helt tydeleg at oppmodinga om sparing har hatt effekt.

**Vikarposter**
Overtid og ein del andre vikarposter auka mykje i 2012/2013. Driftsleiarane vart i 2014 og 2015 spesielt bedt om å sette i verk tiltak for å redusere desse utgiftene. Det er og vikarpostane det er enklast å ta reduksjonar på, i alle fall der det raskast kan gje effekt.

Dette har hatt god effekt både i 2014 og 2015. Ein reduksjon frå 2012 til 2015 på 3,4 mill. kr, eller over 20 %.

Dette er ei svært positiv utvikling. Utfordringa vert å halde det på det nivået vi er kome ned på i kommande år.

**Utviklinga siste åra har vore som følgjer:**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Ekstrahjelp | 5 330 | 7 840 | 6 844 | 5 137 | 4 442 |
| Ekstra assistenthjelp | 3 947 | 3 342 | 3 335 | 4 070 | 3 765 |
| Overtid | 3 193 | 5 397 | 6 494 | 5 272 | 4 956 |
| Sum | 12 470 | 16 579 | 16 673 | 14 479 | 13 163 |

**Inventar og utstyr**
Innkjøpsstopp på inventar og utstyr som ikkje var strengt nødvendig, var eitt av tiltaka som administrasjonssjefen sette i verk hausten 2015.

Innkjøpa var som følgjer:

| | 2014 | 2015 |
|---|---|---|
| 1. kvartal | 1 110 | 755 |
| 2. kvartal | 940 | 998 |
| 3. kvartal | 977 | 580 |
| 4. kvartal | 1 323 | 316 |
| Sum | 4 350 | 2 649 |

Når det gjeld reduksjon i kjøp av inventar og utstyr så er dette tiltak som ikkje kan gjennomførast kvart år. Vi må fornye og skifte inventar og utstyr regelmessig. På ein måte utsett vi kjøpa, og dermed utgiftene, til seinare år.

## 12.4 Netto driftsresultat siste åra

| År | Netto driftsresultat |
|---|---|
| 2005 | 6 400 000 |
| 2006 | 13 800 000 |
| 2007 | -4 617 000 |
| 2008 | -51 758 000 |
| 2009 | 11 450 000 |
| 2010 | 16 430 000 |
| 2011 | -8 320 000 |
| 2012 | 32 406 000 |
| 2013 | -870 000 |
| 2014 | 6 631 000 |
| 2015 | -4 891 000 |

Årsak til det "gode" resultatet i 2012 var at i samband med inndekking av tidlegare års underskott kjøpte Vestnes kommune aksjar for 32,0 mill. kr i VEAS.  Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarande sum i ekstraordinært utbytte. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.




Figur nr 1: Netto driftsresultat 2004 – 2015 (korrigert resultat 2012)

- **Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Årsak til dette kan m.a. være:**
  - **Vestnes hadde i mange år midlar plassert i aksjefond og då hadde utviklinga på børsen innverknad.**
  - **Kor godt vi klarer å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene og klarer å holde drifta innanfor vedtatt budsjett er sjølvsagt viktig**
  - **Politiske prioriteringar frå sentralt hald har også stor innverknad då størstedelen av inntektene vert bestemt av Stortinget.**

- **I 2008 var det eit negativt driftsresultat på 51,8 mill. kr.
Det vert ofte vist til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten nær 24,0 mill. kr gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.**

## 12.5 Inntekter

| | | Resultat 2015 | | |
|---|---|---|---|---|
| alle tal i 1000 kr | 2 014 | Rekneskap | Budsjett | Avvik |
| **Statlege overføringar** | | | | |
| Skatt og rammeoverføring | 314 683 | 310 477 | 309 900 | 577 |
| Ekstra skjønnsmidlar | 3 305 | 2 450 | 0 | 2 450 |
| Vertskommunetilskott | 100 787 | 102 000 | 101 800 | 200 |
| Tilskott ressurskr. brukarar | 24 633 | 22 617 | 24 000 | -1 383 |
| Asyl og integreringstilskott | 7 114 | 10 256 | 7 000 | 3 256 |
| Komp. Eldreutb./skule/kyrkje m.m. | 3 034 | 2 892 | 3 200 | -308 |
| Statlege overføringar | 453 556 | 450 692 | 445 900 | 4 792 |
| **Andre eksterne inntekter** | | | | |
| Avkastning kraftfondet | 5 829 | -447 | 8 000 | -8 447 |
| Utbytte VEAS | 7 300 | 4 800 | 4 000 | 800 |
| Eigedomsskatt | 8 989 | 9 112 | 9 000 | 112 |
| Laksekonsesjonsmidlar | 3 568 | | | 0 |
| Sum andre inntekter | 25 686 | 13 465 | 21 000 | -7 535 |

| Sum eksterne inntekter | 479 242 | 464 157 | 466 900 | -2 743 |
|---|---|---|---|---|

**Ekstra skjønsmidlar**
I slutten av oktober 2015 fekk vi melding om at vi fekk 2,45 mill. kr i ekstra skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. I 2014 fekk vi 3,3 mill. kr. I hovudsak grunna at vi har mange ressurskrevjande brukarar sett i høve til snittet for kommunane.

**Skatt- og inntektsutjamning**
Skatteinntektene var budsjettert som oppgitt i statsbudsjettet, føresett auke på 8,1 mill kr eller vel 5 %.Første del av året , fram til juni, var det svak auke i skatteinngangen og lågare enn det som var føresett i statsbudsjettet.

Frå juni auka skatteinngangen og det vart til slutt ein auke på 10,1 mill. kr frå 2014.

| | Totalt | 1. kvartal | 2. kvartal | 3. kvartal | 4. kvartal | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Budsjett 2015 | 166 000 | 49 270 | 34 565 | 51 262 | 32 891 | 167 988 |
| Rekneskap 2014 | 157 873 | 47 266 | 32 897 | 47 492 | 30 218 | 157 873 |
| Diff. | 8 127 | 2 004 | 1 668 | 3 770 | 2 673 | 10 115 |
| Auke i % | 5,1 | 4,2 | 5,1 | 7,9 | 8,8 | 6,4 |

**Skatteinntekter**

- **Skatteinntektene utgjer kr 23.369- pr. innbyggar.
  Det utgjer 88,4 % av landsgjennomsnittet som er kr 26.443,-.
  Tilsvarande tal for 2011 86,15%, 2012 83,5% , 2013 83,5% og 2014 88,8%.**

- **Grunna at vi har lågare skatteinngang enn landsgjennomsnittet får vi kompensert delar av dette tapet gjennom inntektsutjamningstilskott (lagt inn i rammeoverføringane).
  Vi fekk vel 11,2 mill. kr i slik inntektsutjamning. Skatt og inntektsutj. utgjer då tilsaman kr 25.042,- pr. innbyggar som tilsvarer 94,7 % av landsgjennomsnittet.**

- **Hadde skatt- og inntektsutjamning i Vestnes vore lik landsgjennomsnitt ville vi hatt ca. 9,3 mill. kr meir i inntekt. Tilsvarande 19,5 mill. meir dersom vi hadde hatt like god skatteinngang som Ulstein kommune som toppar i Møre og Romsdal**.

**Tilskott resurskrevjande brukarar**

Inntekta er 1,4 mill. kr mindre enn budsjettert. Det skuldast m.a. feil i vårt eige utrekningsgrunnlag (enkeltvedtak) slik at det var budsjettert for høg inntekt.

Arbeidsgjevaravgiftssatsen for Vestnes vart redusert frå 14,1 % til 10.6 % frå 01.07.14.

- I 2014 fekk vi ikkje trekk i rammeoverføringa for redusert arbeidsgjevaravgift. Då sendte vi krav for ressurskrevjande brukarar med arbeidsgjevarsats på 12,3 %. Det tilsvarer snitt arbeidsgjevaravgift i 2014. Dette vart godkjent.

- I 2015 fekk vi trekk i rammeoverføring frå staten tilsvarande det vi sparte i arbeidsgjevaravgift. Argumentet frå departementet var at kommunen ikkje skulle nyte godt av redusert arbeidsgjevaravgift, det var berre privat næringsliv som skulle.

  **Med bakgrunn i dette meiner vi at vi har rett på å krevje 14,1% arbeidsgjevaravgift, elles vert vi i praksis trekt 2 gonger.**

- Vi tok dette opp med helsedirektoratet. Dei konfererte med Kommunaldepartementet og gav tilbakemelding om at dette godtok dei ikkje.

- **I samråd med politisk leiing har vi inntektsført kravet med 14,1 %. Formannskapet har behandla dette og rår kommunestyret til å sende klage til Kommunaldepartementet.**
- **For 2015 utgjer dette 1,2 mill. kr,**
- **Det vil også ha betydning for overføringane i åra 2016 – 2019.**
- **Dersom vi ikkje får medhald i vår klage, må vi tilbakeføre 1,2 mill. kr i 2016**

## Innløysing av kraftfond

Vi har hatt ca 145,0 mill. kr frå sal av Tafjord Kraft AS aksjar plassert i fond. Tidlegare var delar av dette (opp til 40 %) plassert i aksjefond. I august 2012 avslutta vi slik plassering, og det vart plassert med mindre risiko.

- **Då kommunestyret vedtok driftsbudsjett 2015 vart det vedteke at midlane som var plassert i "kraftfondet", skulle innløysast og brukast til å nedbetale kassekreditt og andre lån kommunen har.**

Bakgrunnen for dette var at avkastning av fondsplasseringa var svært låg/tap. Alternativet var å plassere i aksjar att eller å nedbetale lån og spare renter og avdrag.

Det meste av fondet vart innløyst i slutten av desember 2015, resten i januar 2016.

## Utbytte VEAS og avkastning kraftfond

- **Vi fekk 4,8 mill. kr i utbytte frå VEAS i 2015. Dette er 0,8 mill. kr meir enn det som var budsjettert.**

- **Avkastning frå frå kraftfondet var negativ med eit tap på vel kr 400.000,-. det var budsjettert med ei inntekt på 8,0 mill. kr.**
- **Dette var også det største avvik mellom budsjett og rekneskap i 2015.**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vestnes energi utbytte | 3 100 | 2 000 | 5 500 | 6 900 | 5 935 | 7 300 | 4 500 | 0 | 2 000 | 7 300 | 4 800 |
| Rente kraftfond | 9 382 | 7 747 | 7 256 | -17 000 | 19 749 | 13 474 | -3 452 | 10 401 | 6 057 | 5 829 | -477 |
| Sum | 12 482 | 9 747 | 12 756 | -10 100 | 25 684 | 20 774 | 1 048 | 10 401 | 8 057 | 13 129 | 4 323 |

- **Det vart ikkje utbetalt ordinært utbytte frå VEAS i 2012. Det vart imidlertid teke ut 32,0 mill. kr frå selskapet sine frie midlar for å dekke kommunens tidlegare års underskott. Nemnde sum fekk VEAS tilbake ved at kommunen auka aksjekapitalen med tilsvarande sum.**



Figur. nr 2: Utbytte frå kraftfond og VEAS

## Asyl og integreringstilskott
Statleg tilskott vi får som grunntilskott for dei plassane som er ved Vestnes mottak og tilskott til dei flyktningane som vart busett i Vestnes kommune i 2013,  2014 og no i 2015.

Tilskottet skal dekke dei utgiftene kommunen har. Vi har enno ikkje så lang erfaring med kostnadane for flyktningane som vert busett i kommunen, men vi har grunn til å rekne med at kostnaden i alle fall ikkje er høgre enn tilskotta.

Asyl- og integreringstilskott vart 3,3 mill. kr høgre enn budsjettert. Det skuldast at det vart busett fleire flyktningar enn det som var føresett når budsjettet vart utarbeidd.

## Eigedomsskatt
2015 er fjerde året med eigedomsskatt. Det er slik skatt både på næringseigedommar, bustadar og fritidseigedommar.  Skattesats er 2 promille, og har vore lik i alle åra.

Det er utskrive følgjande eigedomsskatt:
- Næringseigedommar kr 1.882.000,-
- Bustader og fritidseigedommar kr 7.230.000,-

Sum eigedomsskatt kr 9.112.000,-

Eigedomsskatten auka med vel kr 120.000,- frå 2014.

## Eigeninntekter
Nedanfor er lista opp nokre av dei største inntektene:

| Alle tal i mill. kr Tal i mill. kr | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Trygderefusjon ved sjukefråvær | 16,4 | 15,8 | 13,9 | 18 | 16,2 | 19,7 |
| Refusjon fødselspenger | 1,7 | 1,3 | 2,4 | 2,9 | 1,9 | 4,2 |
| Leigeinntekter bustadar | 9,8 | 9,6 | 9,6 | 9,6 | 10,3 | 10,6 |
| Betaling pasienter på institusjon | 11,0 | 11,0 | 12,2 | 12,5 | 12,3 | 13,8 |
| Årsavgift kloakk | 5,9 | 6,1 | 6,3 | 6,5 | 6,7 | 7,4 |
| Renovasjonsavgift | 5,5 | 5,9 | 6,7 | 6,9 | 6,9 | 6,4 |
| Betaling frå foreldre (barnehage, SFO) | 9,2 | 9,0 | 9,4 | 10 | 10,7 | 11,2 |
| Eigedomsskatt | | | 8,6 | 8,6 | 9 | 9,1 |

## 12.6 Renter og avdrag

| Alle tal i 1000 kr | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto renteutg. | 8 044 | 13 301 | 23 539 | 12 308 | 11 521 | 12 839 | 13 738 | 14 386 | 18 260 | 17 910 |
| Avdrag * | 11 415 | 11 500 | 12 944 | 13 875 | 15 708 | 15 662 | 15 566 | 15 803 | 16 886 | 17 867 |
| Sum | 19 459 | 24 801 | 36 483 | 26 183 | 27 229 | 28 501 | 29 304 | 30 189 | 35 146 | 35 777 |




Figur nr 3: Renter og avdrag 2005 - 2015

- **Åra 2004 – 2006 gjekk renter og avdrag ned. Hovudårsak grunna lågare rentenivå.**
- **I 2007 auka renta kraftig og fortsette med det i 1. halvår 2008, etter den tid gjekk renta ned att når finanskrisa kom.**
- **I 2014 auka renteutgiftene grunna høgre fastrente og mykje bruk av kassekredittlån.**

## Rente

- Vi har fastrente på 250,0 mill. kr av låna. Rente 3,5 % fast til april 2014, og 4,7 % dei 2 neste åra. Flytande rente på resten, pr. i dag (2015) ca. 1,7 %.
- Om lag 65,0 mill. kr av låna våre gjeld investeringar i omsorgsbustader/vedlikehald av skule/kyrkjer som staten dekker rentene på. Rentekompensasjonen her følgjer marknadsrente.I tillegg gjeld ein om lag same sum låneopptak til kloakkutbygging, utleigehus m.m der gebyr/husleigeinntekter dekker rentene.

## Avdrag

- Ordinære avdrag 17,9 mill. kr
  - Betalte avdrag var kr 1.146.643,37 meir enn minste lovlege avdrag.
- I tillegg vart det nedbetalt vel 112,2 mill. kr i ekstra avdrag i desember då vi avslutta fondsplassering av kapitalfondet våre.
- Låneopptak 31,5 mill. kr, av dette startlån 2,0 mill. kr.
- Netto reduksjon av lånegjelda med 98,6 mill. kr.

## Utvikling i lånegjeld

| Tal i mill. kr | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opptak av lån | 23,3 | 50,9 | 1 | 21 | 16,8 | 26 | 26 | 31,5 |
| Avdrag | 12,4 | 13,9 | 18,4 | 15,7 | 16,9 | 15,8 | 16,9 | 130,1 |
| Endring | 10,9 | 37 | 17,4 | 5,3 | -0,1 | 10,2 | 9,1 | 98,6 |
| Lånegjeld | 373,6 | 410,6 | 393,2 | 398,5 | 398,4 | 408,6 | 417,7 | 319,1 |

- I tillegg brukte vi ved årsskiftet 69,4 mill. kr av kassekredittlån. Ved utgangen av 2014 var tilsvarande tal 84,7 mill. kr.
- Unytta låneopptak ved årsskiftet er 5,2 mill. kr.




Figur nr 4: Lånegjeld 2004 - 2015

- **Lånegjelda 31.12.15 var 319,1 mill. kr, det er ein reduksjon på 98,6 mill. kr frå året før. Ekstra nedbetaling når vi avvikla fondsplassering er årsak.**

- **Netto lånegjeld pr. innbyggjar (Kostra tal) er kr 45.796,- Fylkesgjennomsnitt er kr 76.062,- og landsgjennomsnitt kr 61.391,-.**

- **Grunna ekstra nedbetaling av lån i 2015 vart lånegjeld pr. innbyggjar redusert frå kr 56.544,- i 2014.**

# 12.7 Resultat på driftseiningsnivå

| | Rekneskap | . 2015 | | Avvik 2015 | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | Rekeskap | Budsjett | i kroner | og i % |
| Politisk styring | **5 297** | **6 279** | **5 429** | **850** | **15,7** |
| Sentraladministrasjonen | 10 343 | 10 041 | 9 940 | **101** | **1,0** |
| Servicekontor | 3 133 | **2 977** | **3 270** | **-293** | **-9,0** |
| Fellesutgifter | 10 500 | 4 368 | 10 545 | **-6 177** | **-58,6** |
| **Sum sentraladm. m.m.** | **23 976** | **17 386** | **23 755** | **-6 369** | **-26,8** |
| Fiksdal skule | 5 678 | 5 827 | 5 816 | **11** | **0,2** |
| Tomrefjord skule | 22 264 | 23 787 | 21 995 | **1 792** | **8,1** |
| Helland skule | 31 175 | 32 025 | 32 432 | **-407** | **-1,3** |
| Tresfjord skule | 5 816 | 5 541 | 5 397 | **144** | **2,7** |
| Fellesutg undervisning | 6 150 | 7 031 | 6 510 | **521** | **8,0** |
| **Sum grunnskule** | **71 083** | **74 211** | **72 150** | **2 061** | **2,9** |
| Tomrefjord barnehage | 3 164 | 3 594 | 3 175 | **419** | **13,2** |
| Tresfjord barnehage | 2 259 | 2 717 | 2 520 | **197** | **7,8** |
| Helland barnehage | 11 782 | 12 134 | 12 164 | **-30** | **-0,2** |
| Fiksdal barnehage | 2 762 | 2 567 | 2 706 | **-139** | |
| Gardstunet barnehage | 3 966 | 3 997 | 3 939 | **58** | **1,5** |
| Skorgen barnehage | 3 157 | 2 955 | 3 195 | **-240** | **-7,5** |
| Fellesutgifter barnehagar | 3 064 | 3 648 | 1 764 | **1 884** | **106,8** |
| Private barnehagar | 7 958 | 8 342 | 8 100 | **242** | **3,0** |
| **Sum barnehagar** | **38 112** | **39 954** | **37 563** | **2 391** | **6,4** |
| Vestnes kulturskule | 4 671 | 4 672 | 4 547 | **125** | **2,7** |
| Kultur | 1 950 | 1 960 | 2 691 | **-731** | **-27,2** |
| Bibliotek | 1 292 | 1 277 | 1 279 | **-2** | **-0,2** |
| Frivilligheitssentral | 480 | 420 | 515 | **-95** | **-18,4** |
| Kyrkjelege formål | 3 617 | 4 290 | 4 350 | **-60** | **-1,4** |
| **Sum Kultur** | **12 010** | **12 619** | **13 382** | **-763** | |
| Barne- og ungdomst. | 27 396 | 29 368 | 26 629 | **2 739** | **10,3** |
| Heimetenestene | 35 473 | 36 222 | 35 379 | **843** | **2,4** |
| Vestnes sjukeheim | 51 244 | 49 123 | 51 185 | **-2 062** | **-4,0** |
| Hellandtunet | 24 465 | 24 354 | 25 721 | **-1 367** | **-5,3** |
| Fellesutg. Plei- og omsorg | 11 757 | 1 620 | 2 663 | **-1 043** | **-39,2** |
| Helsevern | 9 212 | 9 234 | 9 667 | **-433** | **-4,5** |
| NAV - sosial kommune | 7 508 | 7 164 | 7 320 | **-156** | **-2,1** |
| **Sum helse, omsorg, velferd** | **139 659** | **127 717** | **131 935** | **-4 218** | **-3,2** |
| Bu- og habiliteringstenesta | 108 754 | 109 949 | 110 947 | **-998** | **-0,9** |
| Eigedomsdrift | 25 606 | 27 129 | 27 101 | **28** | **0,1** |
| Tekniske tenester | 12 552 | 13 194 | 13 409 | **-215** | **-1,6** |
| **Sum tekniske tenester** | **38 158** | **40 323** | **40 510** | **-187** | **-0,5** |
| Kjøp tenester Tremek | 2 713 | 2 720 | 2 700 | **20** | **0,7** |
| | | | | | |
| **Sum netto driftsutgifter** | **467 158** | **460 526** | **465 000** | **-4 474** | **-1,0** |

**Sentraladm./fellesutgifter**
Her er eit mindreforbruk på 6,4 mill. kr. Av dette gjeld 6,1 mill. kr tilbakeføring av for mykje belasta pensjonsutgifter på alle driftseiningar gjennom 2015. Korrigert for dette var det berre eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr.

**Grunnskule**
Her var eit meirforbruk på vel 2,0 mill. kr. Det meste av meirforbruket er på Tomrefjord skule. På fellesutgifter er det kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar som har meirforbruk.

**Barnehage**
Samla auka barnehageutgiftene i 2015 med 1,8 mill. kr eller 4,8 %. Dette er noko meir enn løns- og prisauke. Barnehagesektoren hadde eit meirforbruk på 2,4 mill. kr eller 6,4 %. Dette er mykje.Det er fellesutgiftene som har meirforbruk. Spesielt utgifter til ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng meir tilsyn og spesial pedagogisk hjelp som er høgre enn budsjettert. Desse utgiftene har auka mykje siste åra, truleg var nok dette underbudsjettert.

**Barne- og ungdomstenestene**
Driftseininga hadde eit meirforbruk på 2,9 mill. kr, eller 13,7 %. Dette er svært mykje. Auken i utgifter frå 2014 til 2015 er imidlertid berre knapt kr 600.000,-, eller 2,5 %.

Det er barnevern som har meirforbruk, heile 20 %. Budsjettet var imidlertid 1,8 mill. kr under tilsvarande forbruket i 2014. Budsjettet var nok i utgangspunktet urealistisk. Det var gitt signal i rekneskapsrapportar gjennom året at eininga ikkje ville klare å holde budsjettet.

**Vaksenopplæring og flyktninge-tenesta** som også høyrer også inn under barne- og ungdomstenesten hadde eit mindndreforbruk på kr 171.000,-.

**Bu- og habiliteringstenestene**
Hadde eit mindreforbruk på 1,0 mill. kr. Netto utgifter auka med 1,2 mill. kr, eller 1,1 % frå 2014. Korrigert for endra arbeidsgjevaravgift er det nok likevel ein liten reell reduksjon i utgiftene.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i sektoren mykje. Det vart sett i verk tiltak for å redusere desse utgiftene og det har ein greidd.

**Helse, omsorg og velferd**
Sektoren har ei innsparing på 4,2 mill. kr. Dette er svært positivt. Det er fleire årsaker til innsparinga. I tillegg til gjennomførte sparetiltak kan vi nemne at på Hellandtunet (Ivartun) var det ikkje fullt belegg heile året.

Fellesutgiftene er redusert med vel 10,0 mill. kr frå 2014. Hovudårsak er at vi frå 2015 ikkje lenger refunderer til Helseforetaket for pasientar som får behandling på sjukehus – samhandlingsreforma. I 2014 betalte vi 7,7 mill. kr til dette.

Netto utgifter er redusert med 12,0 mill. kr frå 2014, korrigert for samhandlingsreforma er det likevel ein reduksjon på 4,3 mill. kr. Det har m.a. samanheng med sparetiltak som vart gjennomført i 2015, og sjølvsagt lågare arbeidsgjevaravgift.

## 12.8 Kvar brukar vi pengane

| Rammeområde — Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2015 | i % av totalforbruket |
|---|---|---|
| Politisk verksemd | 6 279 | 1,4 |
| Sentraladm/servicektr/fellesutg | 17 386 | 3,8 |
| Grunnskule | 74 211 | 16,2 |
| Barnehage | 39 954 | 8,7 |
| Kulturskulen, almen kultur og fritid | 12 619 | 2,8 |
| Barne- og ungdomstenestene | 29 368 | 6,4 |
| Helse, omsorg og velferd | 127 717 | 27,9 |
| Bu- og habiliteringstenestene | 109 949 | 24,0 |
| Teknisk sektor | 13 194 | 2,9 |
| Eigedomsdrift | 27 129 | 5,9 |
| Sum driftsutgifter | 457 806 | 100,0 |




Figur nr 5: Her brukar vi pengane

- **Pleie- og omsorg (helse, omsorg og velferd og Bu- og habiliteringstenestene) er dei klart største sektorane i kommunen med over 52 % av kommunen sitt netto forbruk.**
- **Grunnskule og barnehage er dei andre store sektorane med over 25 % av forbruket.**
- **Samla bruker dei sektorane som er nemnt ovanfor 77 % av netto driftsutgifter.**

## Utvikling siste åra

| Rammeområder /tal i 1000 kr | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 | Endring i % 2012 - 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Politisk verksemd | 5 207 | 5 057 | 5 297 | 6 279 | 20,6 |
| Sentraladm/servicektr/fellesutg | 22 125 | 23 060 | 23 976 | 17 386 | -21,4 |
| Grunnskule | 71 154 | 72 162 | 71 083 | 74 211 | 4,3 |
| Barnehage | 36 560 | 36 560 | 38 112 | 39 954 | 9,3 |
| Kulturskulen, almen kultur og fritid | 12 154 | 11 386 | 12 010 | 12 619 | 3,8 |
| Barne- og ungdomstenestene | 20 566 | 21 815 | 27 396 | 29 368 | 42,8 |
| Helse, omsorg og velferd | 130 747 | 136 726 | 139 659 | 127 717 | -2,3 |
| Bu- og habiliteringstenestene | 106 170 | 111 516 | 108 754 | 109 949 | 3,6 |
| Teknisk sektor | 9 720 | 10 000 | 12 552 | 13 194 | 35,7 |
| Sum driftsutgifter | 414 403 | 428 282 | 438 839 | 430 677 | 3,9 |

**Eigedomsdrift er ikkje teke med i denne oversikten då det har vore stor omlegging i rekneskapsføringa i 2013 og det vil bli misvisande informasjon.**




Figur nr 6: Utvikling i kostnadane siste åra

- **BUT aukar mest i %, mykje av årsaka til dette er at dei har fått ansvar for kommunen si asyl- og flyktningteneste. Korrigert for dette er auken 11 %.**
- **Tekniske tenester har overteke ein del ansvarsområde frå sentraladministrasjonen, det er medverande årsak til auken her, og reduksjon på sentraladministrasjonen.**

## 12.9 Kva bruker vi pengane til

- **Lønsutgifter og sosiale kostnader er den klart største utgiftsposten til kommunen og utgjer over 75 % av samla driftsutgifter.**

- **For mange sektorar utgjer løn og sosiale utgifter langt høgre del av utgiftene, nemner barnehage med 90 %, skule 88 % og Bu- og habiliteringstenestene 95 %.**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Endring i % 2010 - 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn faste stillingar | 178,9 | 184,6 | 193,8 | 208,0 | 216,5 | 227,3 | 27,1 |
| Arbeidsgjevaravgift | 40,5 | 41,8 | 46,4 | 49,2 | 43,2 | 38,6 | -4,7 |
| Pensjonspremie | 31,5 | 32,5 | 34,8 | 40,0 | 43,7 | 45,1 | 43,2 |
| Avtalefesta tillegg | 26,5 | 26,6 | 29,7 | 33,4 | 33,0 | 32,3 | 21,9 |
| Sjukevikarar | 17,3 | 19,1 | 20,3 | 20,4 | 18,0 | 17,7 | 2,3 |
| Ferievikarar | 7,9 | 7,8 | 8,4 | 8,4 | 8,3 | 8,1 | 2,5 |
| Overtid | 2,0 | 3,2 | 5,4 | 6,5 | 5,3 | 5,0 | 150,0 |
| Løn/godtgjersle fosterheimar | 3,7 | 4,0 | 3,7 | 3,9 | 5,2 | 6,8 | 83,8 |
| Brensel/ elektrisk energi | 9,8 | 9,2 | 7,8 | 10,1 | 9,6 | 10,6 | 8,2 |
| Matvarer | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,6 | 4,8 | 4,8 | 17,1 |
| Inventar og utstyr | 1,9 | 2,9 | 4,3 | 3,5 | 3,9 | 2,6 | 36,8 |
| Private barnehagar | 3,4 | 9,4 | 11,2 | 10,3 | 8,3 | 8,6 | 152,9 |
| Kjøp reinhaldstenester | 2,8 | 3,0 | 2,7 | 3,4 | 3,3 | 3,5 | 25,0 |
| Skuleskyss | 1,8 | 2,2 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 44,4 |

- Pensjonsutgiftene har auka mykje i perioden.

- Arbeidsgjevaravgifta er redusert, og det har sjølvsagt samanheng med at vi fekk redusert arbeidsgjevaravgiftsone frå 01.07.14. Likevel betalte vi i 2015 tilbake 38,6 mill. kr til staten.
- Overtidsbruken auka kraftig i mange år. Vi har siste åra sett sterk fokus på at den skal reduserast og ser effekt av dette arbeidet i 2014 og 2015.

- Sjukevikarutgiftene har auka lite siste åra. Korrigert for lønsauken i perioden så er det nok ein reell reduksjon. Det har nok også samanheng med bevisst sparetiltak. Trygderefusjonane har derimot ikkje gått ned siste åra. Det tyder på at det, truleg grunna sparetiltak, vert tatt inn mindre vikarar ved sjukdom.

- Utgiftene til løn/godtgjersle fosterheimar har auka mykje. Det har samanheng med at vi har mange barn plassert i fosterheim.

- Auken i tilskott til private barnehagar har samanheng med at frå 2011 skulle kommunane betale heile alt tilskott til private barnehagar. Tidlegare vart tilskott overført frå staten. Kommunane fekk auka rammeoverføring for å dekke dette.

# KAP 13 OVERSIKT PROSJEKT

Staten v/fylkesmannen, departement og direktorat har dei siste åra hatt stort fokus på å utvikle kommunesektoren ved å prøve ut nye tiltak. Det er difor løyvd til dels mykje pengar som kommunane kan søkje om å få tilgang på. Det positive i dette er at ein kan få midlar til utprøving av nye arbeidsmåtar utan å måtte få løyvingar over kommunen sitt driftsbudsjett. I prosjektstillingar kan vi få verdifull kompetanse inn i organisasjonen vår.

Det som er krevjande i dette er at prosjektmidlane tek slutt. Dermed blir det ei vanskeleg avgjerd kva tiltak som må avviklast, eller kva tiltak som det skal satsast vidare på.
Dette blir spesielt vanskeleg når ein står overfor kuttprosessar.

| **Namn prosjekt** | **Innhald** | **Ansvarleg** | **Deltakarar** | **Prosjekt-periode** |
|---|---|---|---|---|
| Førebyggande folkehelseprosjekt | Midlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Å skape gode vanar i barnehagen. Rettleiing, kurs, friluftsliv, fysisk aktivitet og sundt kosthald. | Vestnes kommune | Skorgen barnehage og Vestnes helsestasjon | barnehageåret 2015/2016 |
| Kompetanseløftet 2015 | Midlar frå Helsedirektoratet fordelt via Fylkesmannen | Vestnes kommune | Tilsette innan helse-og omsorg | 2011-2015 Midlar tildelt desse åra |
| Førebyggjande sjukefråværsarbeid IA-tiltak | Midlar frå NAV arbeidslivssenter | Vestnes kommune | Leiarar, tillitsvalde og verneombod | 2015 |
| Prosjekt "3 trinnsmodellen " Utprøving av tenestemodellar frå Bustadsosial handlingsplan | Fylkesmannen | Vestnes kommune / NAV med samarbeid på tvers i kommunen | Kommunalt | 2015 - 2017 |
| 2015 - 2017 | Korleis bruke resursar ein har på best mogleg effektiv måte | Logistikkavdeling ved Høgskulen i Molde | Vestnes, Rauma, Fræna | 2016 - 2019 |
| Samarbeid om ny behandlingsmodell innen psykisk helsevern ( ACT –team ) | Midlar frå Helsedirektoratet + midlar frå HFet og kommunar. Aktiv oppsøkande behandlingsteam for personar med psykiske lidingar/rus | HNR Samarbeids-avtale mellom HF og kommunar | HNR Molde, Vestnes, Eide, Fræna, Rauma, Midsund, Nesset, Aukra | 3-5 år I gang frå januar 2012 |
| Interkomm.. samarb.- plan for Romsdalsfjorden | Midlar frå Fylkeskommunen til utarbeiding av plan | Sentraladministra sjonen | Romsdalkommunar | Midlar over to år |
| Spenningsfeltet mellom den ordinære opplæringa og spesialped.tilbodet | Prosjektmidlar frå fylkesmannen | Vestnes og Rauma | Vestnes og Rauma. Prosjektgruppe med deltakarar frå skule, barnehage og PPT i begge kommunane | 2012 - 2015 |
| Sammen for lindring | Statstilskot / Helsedirektoratet | Interkomm. samarb.prosjekt Kompetanse-heving, «plan for | ROR kommunane<br><br>Sjukhuset i Molde | 2014 - 2016 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | lindring», samarbeid om palliasjon | | |
| Barnefattigdom-prosjekt | Fylkesmannen | Vestnes kommune / NAV | kommunalt | 2014 - 2015 |
| Læringsnettverk i<br><br>velferdsteknologi | Fylkesmannen<br><br>Det midtnorske velferdsteknologinettverket og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetenester | Innovasjon / arb.prosess<br><br>Bruk av velferds-teknologi | Interkommunalt | 2014- 2016 |
| DU-kurs (Depresjons-meistringskurs for ungdom) | Midlar frå Fylkesmannen | Frisklivssentral/ skulehelse-tenesta | Interkommunalt tiltak | 2014 - 2015 |
| Oppfølging av personar med diabetes type 2, samt forebyggande tiltak til barn og unge med overvekt og deira foreldre | Midlar frå Helsedirektoratet | Folkehelse-koordinatorar Vestnes/Rauma | Menneske med diabetes type 2<br>Foreldre og barn i 3. klasse der barnet har overvekt | 2014 - 2015 |